



SYKKYLVEN KOMMUNE

**ÅRSRAPPORT FOR EININGANE
2021**

Innhald

Kommunedirektøren har ordet	3
ÅRSRAPPORT FOR EININGANE	5
1. Sykkylven kommune – Organisering	5
1.1 Politisk organisering	5
1.2 Administrativ organisering	6
1.3 Organisasjon og medarbeidrarar	6
2. Fellestenestene	14
2.1 Kort samanfatning av tenesteområdet	14
2.2 Utfordring i 2021 og videre framover	16
2.3 Kommentar til status økonomi.....	16
2.4 Kvalitet og internkontroll	17
3. Oppvekst og kultur	18
3.1 Kort samanfatning av tenesteområdet	18
3.2 Felles for barnehagane	18
3.3 Private barnehagar	22
3.4 Blakstad Naturbarnehage.....	22
3.5 Tandstad barnehage.....	23
3.6 Ullavik barnehage.....	24
3.7 Vikedalen barnehage.....	25
3.8 Felles for skulane	26
3.9 Aure skule og SFO	30
3.10 Sørestrandha skule og SFO	30
3.11 Ullavik skule/SFO	32
3.12 Vik skule/SFO.....	33
3.13 Sykkylven ungdomsskule og opplæringssenter.....	34
3.14 Kultureininga	37
4. Helse, omsorg og velferd.....	40
4.1 Tenestekontoret/koordinerande eining.....	41
4.2 Legetenestene	44
4.3 Barne- og familietenestene	48
4.4 Bu- og rehabiliteringstenesta	55
4.5 Bu- og aktivitetssenteret (Buas).....	58
4.6 Heimetenestene	62
4.7 NAV Sykkylven og Stranda.....	71

5.	Tekniske tenester	74
5.1	Kort samanfatning av tenesteområdet	74
5.2	Plan; arealdelen (ansvar 60200):.....	74
5.3	Plan; samfunnssdelen (ansvar 60200):.....	74
5.3	Byggesak (ansvar 60201):.....	74
5.4.	Geodata / oppmåling (ansvar 60202):.....	76
5.5	Miljø (ansvar 60210):.....	76
5.6	Landbruk (ansvar 60212):.....	76
5.7	Brann og redning (ansvar 60230 / 60231 / 60232)	78
5.8	Byggvedlikehald / bygg og eideom (ansvar 60240 / 60241)	79
5.9	Kommunale vegar og parkar (ansvar 60260 / 60270).....	81
5.10	Status målsettingar.....	82
5.11	Kvalitet og internkontroll	82
6.	Omstillingsprogram og SNU	84
6.1	Omstillingsprogrammet.....	84
6.2	Sykylven Næringsutvikling - SNU	84

Kommunedirektøren har ordet

«Kommunedirektøren si årsmelding» er knytt til rekneskapen vår og heimla i kommunelova. Den skal gjere greie for siste rekneskapsåret, og trekke fram viktige forhold som har betydning for den økonomiske situasjonen gjennom året.

I tillegg har vi utarbeidd dette dokumentet som vi har kalla «Årsrapport for einingane». Gjennom dette dokumentet vil vi prøve å gi eit godt oversiktsbilete over tenesteproduksjonen og aktiviteten i heile kommunen.

Sykylven kommune sitt rekneskap for 2021 viser eit netto driftsresultat på 8,1 millionar kroner. I høve til budsjettet blei rekneskapen ca. 4,0 millionar kroner betre enn forventa. Dette er vi godt fornøgd med. Utgiftsbehovet er likevel aukande og kommunen si gjeld er betydeleg - og aukande. Når fullstendig låneneopptak på sentrumsskulen er gjennomført, vil kommunen sin andel av lånegjeld i høve til forventa driftsinntekter ligge på ca. 130%. Vedteke måltal er maksimalt på 100% i 2030.

God økonomistyring er og vil fortsatt vere svært viktig. Ein vesentleg auke i skatteinngangen, koronamidlar som også har finansiert drift gjennom året, og lågare pensjonskostnadene enn forventa har mellom anna medverka til det gode resultatet for 2021. Dette har også gjort det mogeleg å tilføre ca. 5 millionar kroner til kommunen sitt disposisjonsfond i 2021, og dette fondet er no på ca. 23,4 millionar kroner.

2021 har vore eit svært spesielt år, ikkje berre for Sykylven kommune og Norge, men også for heile verda. System og samfunnsstrukturar slik vi tradisjonelt kjenner dei, har blitt sett på store prøver av pandemien. Innbyggjarane i Sykylven har også dette året opplevd endringar i det kommunale tenestetilbodet på grunn av pandemien. Vi har i periodar hatt redusert drift i barnehagar og skular, besøksrestriksjonar på sjukeheimen, redusert aktivitet innan kultursektoren og merkbart redusert aktivitet i mange område av kommunen sine tenestetilbod. Dette har naturleg nok gått ut over innbyggjarane, men også tilsette i kommunen har opplevd ein veldig annleis og belastande kvardag på andre året. Ikkje minst er det grunn til å rose dei som har stått i bresjen for smittesporing, testing og vaksinering! Mange oppgåver har også blitt løyst på ein annan måte, og tilsette har strekt seg svært langt, vore fleksible og kreative og funne gode løysingar slik at pandemien i minst mogeleg grad har gått ut over brukarane og innbyggjarane våre.

Sykylven kommune har som mange andre kommunar i Norge, utfordringar når det gjeld folketalsutvikling og demografiutvikling. Vi vil i framtida bli fleire eldre og færre yngre. Dette skaper utfordringar med tanke på berekrafta i dei tenestene kommunen skal tilby innbyggjarane sine. Folketalet i Sykylven kommune har samla sett blitt redusert med 100 personar siste 4 åra. Vi ser også ein markant nedgang i talet på fødde. Her snakkar vi om bortimot ei halvering på dei siste 20 åra. I samband med kommunen si revidering av overordna planverk, vil det vere nødvendig å ta omsyn til dette slik at kommunen kan legge til rette for ei berekraftig utvikling også for dei generasjonane som kjem etter oss. Strukturendringar i barnehagertilbodet og bygging av ny sentrumsskule er viktige grep i den samanhengen.

Demografisk endring, omstilling og digitalisering er sentrale omgrep som har blitt og vil bli stadig viktigare i kommunal planlegging og tenesteproduksjon. Vi må i åra som kjem måtte løyse mange nye velferdsutfordringar, samtidig som kommunen sine økonomiske rammefaktorar blir strammare. Dette vil krevje nyttenking, endringar og innovasjon. Stort fokus på forebyggande arbeid og tidleg innsats er, og vil vere, heilt avgjerande for å sikre optimal utnytting av ressursane og auke kvaliteten i

tenestene. Sykkylven kommune er godt i gang med tilrettelegging for auka bruk av velferdsteknologi i Helse- og omsorgssektoren, og oppvekstsektoren er også aktive bidragsytarar i å auke kommunen sin samla digitale kompetanse.

Det er utfordrande å få til ei god drift av kommunen og samtidig vidareutvikle tenestene med dei stramme økonomiske rammene vi har. For kvart år som går, blir det enno meir nødvendig å tenkje radikalt nytt for å få til ein mest mogeleg effektiv organisering av verksemda vår slik at vi kan fortsette å levere gode tenester. Kriser kan også føre til utvikling, det har vi sett under pandemisituasjonen; digitalisering og bruk av digitale verktøy har verkeleg skote fart og medverka til ein merkbar effektiviseringsgevinst.

Mange tilsette i Sykkylven kommune har ein krevjande arbeidssituasjon med stort arbeidspress. Fleire fagfelt er svært sårbare med relativt få tilsette som utfører arbeidsoppgåvene, og innanfor enkelte sektorar har vi store utfordringar knytt til å skaffe oss kompetanearbeidskraft.

Sjukefråværet har dessverre halde seg høgt også i 2021 og enda på 9,5%. I 2020 var dette på 8,8%. Ein del av sjukefråværet kan naturleg nok skuldast korona-situasjonen, men det er likevel nødvendig at vi har eit sterkt fokus på å redusere dette fråværet i 2022 og kommande år. Vi skal følgje utviklinga i sjukefråværet svært nøyne i 2022 og ha eit sterkt fokus på god og tett fråværsoppfølging i einingane.

Kommunedirektøren vil takke både politikarar, tilsette og tillitsvalde for eit godt samarbeid i 2021. Sist, men ikkje minst, vil kommunedirektøren også få takke kommunen sine innbyggjarar for den innsats og det tolmod dei har vist i samband med pandemien vi alle har stått oppe i det siste året.

Sykkylven 18.05.22

Bjørnar Midtbust
Konst. kommunedirektør

ÅRSRAPPORT FOR EININGANE

1. Sykkylven kommune – Organisering

1.1 Politisk organisering

Kommunestyret består av 29 medlemmar, fordelt slik:

Senterpartiet	8 medl.	inkl. ordførar (1 medl. formannskap)
Framstegspartiet	6 medl.	(2 medl. formannskap)
Høgre	5 medl.	(2 medl. formannskap)
Arbeidarpartiet	1 medl.	(2 medl. formannskap)
Venstre	2 medl.	(1 medl. formannskap)
Kristeleg Folkeparti	2 medl.	(1 medl. formannskap)
Sosialistisk Venstreparti	1 medl.	

1.1.1 Kontrollutvalet

Består av 5 medlemmar, og er kommunestyret sitt eige reiskap for å sikre at den kommunale verksemda skjer i tråd med gjeldande lover og reglar, kommunale planar og vedtak. Dette er viktig for å oppnå tillit hos innbyggjarane. Sunnmøre Kontrollutval sekretariat utøver sekretariatsfunksjonen for Sykkylven kommune.

1.1.2 Ungdomsrådet

Frå 01.01.20 var ungdomsråd lovpålagt og føremålet er at ungdomsrådet skal vere eit talerør for ungdommen i Sykkylven kommune. Ungdomsrådet skal også vere eit høyningsorgan, bidra til gode oppvekstvilkår og ha moglegheit til å påverke i saker som vedkjem ungdom. Dei skal også vere med å auke engasjementet i ungdomsgruppa.

1.1.3 Eldrerådet

Alle kommunar og fylkeskommunar i i følgje kommunelova frå 2019 pliktig å ha eit eldreråd. Medlemmene av eldrerådet blir rekna som folkevalde, på line med andre som sit i folkevalde organ. I Sykkylven består eldrerådet av 5 personar. Eldrerådet er rådgivande organ om eldrepolitikk og alle saker som gjeld eldre skal leggast fram for rådet. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ. Dette skal sikre ei brei, open og tilgjengeleg medverking i alle viktige saker som gjeld eldre sjølv.

1.1.4 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Rådet for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgivande organ for kommunen. Rådet skal behandle alle saker som gjeld levekår for personar med funksjonsnedsetting. I Sykkylven består rådet av 5 personar. Rådet for personar med funksjonsnedsetting kan sjølv ta opp saker som vedkjem funksjonshemma i kommunen.


1.1.5 Barn og unge sin medverknad – Barnekonvensjonen

Kommunen har etablert ei ordning med barnerepresentant for å ivareta born og unge sine interesser i planlegginga etter plan – og bygningslova § 3-3. Barnerepresentanten si oppgåve er til dømes å sikre eit oppvekstmiljø som gir born og unge tryggleik mot fysisk og psykisk skadeverknad og vurdere saker som er i konflikt med born og unge sine interesser. Barnerepresentanten skal sjå til at barn får sagt si meining i saker som vedkjem dei jf. Barnekonvensjonen.

Barnrepresentanten har eit nært samarbeid med planleggjar på teknisk eining og har uttalt seg i fleire saker. Barnrepresentanten møter i Næringsutvalet, og nyttar seg av protokolltilførsel der ein meiner at politikarane ikkje tek omsyn til barn og unge. Representanten møter også i Ungdomsrådet og er med til skular i samband med rullering av eksisterande planar og nye planar som røyver ved barn og unge sine interesser.

1.2 Administrativ organisering

Den administrative organiseringa såg slik ut i 2021



1.3 Organisasjon og medarbeidarar

Årsverkstabellar Sykkylven kommune, pr. 01.10.2021

Oppvekst	Årsverk menn	Årsverk kvinnar	Årsverk alle	Tal menn	Tal kvinner	Tal alle
Barnehage spes.ped.		7,2	7,2		7,0	7,0
Tandstad barnehage		4,7	4,7		5,0	5,0
Blakstad barnehage		7,5	7,5		9,0	9,0
Ullavik barnehage		12,0	12,0		15,0	15,0
Vikedalen barnehage	2,0	13,0	15,0	2,0	15,0	17,0
Aure skule/sfo	5,4	19,7	25,1	6,0	22,0	28,0
Sørestranda skule/sfo	1,0	21,9	22,9	1,0	26,0	27,0
Ullavik skule/sfo	5,2	19,7	24,9	6,0	25,0	31,0
Vik skule/sfo	8,0	10,4	18,4	8,0	11,0	19,0

Ungdomsskule	16,6	29,4	46,0	17,0	31,0	48,0
Opplæringssenter	1,2	7,2	8,4	1,0	9,0	10,0
Sum oppvekst	39,4	152,7	192,1	41,0	175,0	216,0

Helse og omsorg	Årsverk menn	Årsverk kvinnne	Årsverk alle	Tal menn	Tal kvinner	Tal alle
Buas adm		2,9	2,9		4,0	4,0
Buas kjøkken	2,0	3,9	5,9	2,0	5,0	7,0
Buas institusjon	1,1	20,6	21,7	2,0	35,0	37,0
Sone 1	0,1	18,2	18,3	1,0	31,0	32,0
Sone 2	1,0	21,3	22,3	1,0	39,0	40,0
Heimetenestene	2,0	21,9	23,9	4,0	28,0	32,0
Dagsenter for eldre		2,1	2,1		2,0	2,0
Kortids- og Rehab.avd		13,0	13,0		21,0	21,0
Felles natt	1,0	13,0	14,0	1,0	21,0	22,0
Adm barne og fam		2,4	2,4		3,0	3,0
PPT	2,0	3,5	5,5	2,0	4,0	6,0
Flyktningkontoret	1,0	1,8	2,8	1,0	2,0	3,0
Etabl flyktn/Introordn	1,4		1,4	2,0		2,0
Helsestasjon		8,6	8,6		10,0	10,0
Fysioterapi		2,6	2,6		3,0	3,0
Frivilligsentralen	1,0		1,0	1,0		1,0
Barnevern	1,0	6,9	7,9	1,0	8,0	9,0
NAV		3,5	3,5		4,0	4,0
Bu- og rehab		2,0	2,0		2,0	2,0
Ura	8,6	15,7	24,3	11,0	21,0	32,0
Klokkerhaugen		17,0	17,0		26,0	26,0
Avlastingsbustad		1,3	1,3		2,0	2,0
Knutep. Dagsenter	0,3	1,0	1,3	1,0	1,0	2,0
Psykisk helseteam	1,0	5,2	6,2	1,0	6,0	7,0
Tenestekontor		3,4	3,4		4,0	4,0
Legesenter	2,0	11,1	13,1	2,0	13,0	15,0
Kommuneoverlege	1,0		1,0	1,0		1,0
Legevakt	1,0	2,9	3,9	1,0	3,0	4,0
Sum Helse/pleie/sosial/NAV	27,5	205,7	233,2	35,0	298,0	333,0

Kultur	Årsverk menn	Årsverk kvinnne	Årsverk alle	Tal menn	Tal kvinner	Tal alle
Kulturadministrasjon	1,0		1,0	1,0		1,0
Musikkleiar	0,5		0,5	1,0		1,0
Sykk.- Velled. symjehall	0,2	0,1	0,3	1,0	1,0	2,0
Storhallen	1,0	0,1	1,1	1,0	1,0	2,0

Idrett og friluftsliv	1,0		1,0	1,0		1,0
Barne- og ungdomstilt		0,1	0,1		1,0	1,0
Kino	0,5		0,5	2,0		2,0
Bibliotek	1,0	1,0	2,0	1,0	1,0	2,0
Kulturskulen	2,0	1,5	3,5	6,0	5,0	11,0
Sum Kultur	7,2	2,8	10,0	14,0	9,0	23,0

Teknisk	Årsverk menn	Årsverk kvinner	Årsverk alle	Tal menn	Tal kvinner	Tal alle
Fellesadm teknisk	4,0		4,0	4,0		4,0
Bygg	1,0		1,0	1,0		1,0
Oppmåling	1,0		1,0	1,0		1,0
Miljøvern/landbruk	0,9	1,0	1,9	1,0	1,0	2,0
Brann- og redning, Feiing	2,6		2,6	26,0		26,0
Bygning	4,0	12,0	16,0	4,0	15,0	19,0
Kommunale vegar	3,0		3,0	3,0		3,0
Sum Teknisk	16,5	13,0	29,5	40,0	16,0	56,0

Sentraladministrasjon	Årsverk menn	Årsverk kvinner	Årsverk alle	Tal menn	Tal kvinner	Tal alle
Kommuneleininga	3,0	1,0	4,0	3,0	1,0	4,0
Rådgjevarar	1,0	3,0	4,0	1,0	3,0	4,0
Økonomi	1,0	2,5	3,5	1,0	3,0	4,0
Lønn og personal		5,8	5,8		6,0	6,0
Omrstellingsprogram		1,0	1,0		1,0	1,0
Fellestenestene	3,0	7,0	10,0	3,0	7,0	10,0
Andre fellesutgifter		2,0	2,0		4,0	4,0
Sum sentraladm	8,0	22,3	30,3	8,0	25,0	33,0
Sum alle	98,5	396,5	495,0	138,0	523,0	661,0

Sjukefråvær

Tabell 1 - 2021 Samla sjukefråvær i % for Sykkylven kommune

Periode	Total prosent			Korttids		Langtids		Eigenmeldt		Legemeldt		
	2019	2020	2021	21-korona	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Jan	9,2	10,1	9,2	0,5	3,5	2	6,5	7,2	2,1	1,3	8	7,9
Feb	10,5	11	8,4	0,3	3,2	2	7,7	6,4	1,8	1,3	9,2	7,1
Mars	10,2	4,9	9,7	0,7	1,2	2,6	3,7	7,1	1,2	1,5	3,7	8,2
<i>1. kvartal</i>	<i>10,7</i>	<i>11,2</i>	<i>9,3</i>		<i>3</i>	<i>2,2</i>	<i>8,2</i>	<i>7,1</i>	<i>2</i>	<i>1,5</i>	<i>9,2</i>	<i>7,8</i>
Apr	8,6	9	10,5	0,8	1,6	2	7,4	8,5	0,7	1,2	8,3	9,3
Mai	8,7	8,6	9,9	0,4	1,5	2,3	7,1	7,6	0,9	1,2	7,8	8,8
Juni	7,8	8,4	7,7	0,1	1,6	1,4	6,8	6,4	0,8	0,7	7,6	7
<i>2. kvartal</i>	<i>8,3</i>	<i>8,8</i>	<i>9,4</i>		<i>1,4</i>	<i>1,8</i>	<i>7,4</i>	<i>7,6</i>	<i>0,9</i>	<i>1,1</i>	<i>8</i>	<i>8,3</i>
<i>1. halvår</i>	<i>9,1</i>	<i>10,1</i>	<i>9,5</i>	<i>0,5</i>	<i>2,2</i>	<i>2</i>	<i>7,9</i>	<i>7,5</i>	<i>1,5</i>	<i>1,4</i>	<i>8,6</i>	<i>8,1</i>
Juli	6,3	5,4	5,6	0	0,4	0,5	5	5,1	0,3	0,3	5,1	5,4
Aug	6,3	5,5	6,7	0,3	1,8	1,7	3,6	5	1,1	0,6	4,4	6,4
Sept	8,3	7,4	9,6	0,9	3	3,0	4,4	6,6	1,9	1,8	5,4	7,8
<i>3. kvartal</i>	<i>6,8</i>	<i>6,3</i>	<i>7,4</i>		<i>1,8</i>	<i>1,7</i>	<i>4,5</i>	<i>5,7</i>	<i>1,2</i>	<i>0,9</i>	<i>5,1</i>	<i>6,5</i>
Okt	7,9	7,7	10,4	0,2	2,3	2,7	5,3	7,8	1,3	1,6	6,3	8,9
Nov	9,0	9,1	11,1	0,4	3,2	3,4	5,9	7,7	2,3	2,1	6,9	9
Des	9,0	9,1	10,9	0,4	2,3	2,8	6,9	8	1	1,9	8,1	8,9
<i>4. kvartal</i>	<i>8,7</i>	<i>8,8</i>	<i>11</i>		<i>2,5</i>	<i>2,8</i>	<i>6,3</i>	<i>8,2</i>	<i>1,7</i>	<i>2,1</i>	<i>7,1</i>	<i>8,9</i>
<i>2. halvår</i>	<i>7,8</i>	<i>7,6</i>	<i>9,4</i>	<i>0,4</i>	<i>2,1</i>	<i>2,2</i>	<i>5,4</i>	<i>7,2</i>	<i>1,4</i>	<i>1,6</i>	<i>6,1</i>	<i>7,8</i>
Total for året	8,4	8,8	9,5	0,5	2,1	2,1	6,6	7,3	1,5	1,5	7,3	8
Total for året:		Korona:										
År 2021		9,5	0,5									
År 2020		8,8	0,5									
År 2019		8,4										
År 2018		8,1										
År 2017		7,7										
År 2016		7,5										
År 2015		6,4										
År 2014		8,3										

Tabell 2 - Sjukefråvær 2021 pr. eining i prosent i forhold til dagsverk

Einingar:	År -16	År -17	År -18	År -19	År -20	År -21	Jan	Feb	Mars	Apr	Mai	Juni	1.halvår	Jul	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	2.halvår		
Vik bhg	6,4	11,4	19,8	33,3	22,2		3,9	12,5	1,3	0	11,4	12,9	7,3	20,0	43,5							
Tandstad bhg	6,8	10,7	8,4	4,8	3,1	4,9	10,6	17,6	11,5	8,9	0,0	0,0	9,4	0,0	0,0	0,0	0,0	2,0	3,3	1,8	1,6	
Blakstad naturbhg	3,9	5,5	9,5	10,9	9,3	6,8	11,7	14,2	13,5	2	1,9	5,2	8,5	3,5	5,1	2,2	9,1	6,7	4,7	4,5		
Ullavik bhg	6,3	8,1	12,2	9,0	13,0	20,6	15,3	14,0	8,4	19,9	26,7	27,9	18,4	19,8	23,9	21,6	31,1	24,3	22,1	25,3		
Vikedalen bhg	5,8	14,4	18,3	15,3	16,9	14,4	11,5	7,4	13,9	6,5	6,6	1,5	8,7	0,4	11,2	23,2	28,7	22,2	23,6	18,6		
Aure skule/SFO	8,3	7,5	9	9,7	9,8	14,5	10,7	16,1	15,8	13,2	8,4	7,3	14,8	2,4	9,4	14,0	13,9	17,7	13,6	13,7		
Sørestrandha skule/SFO	2,0	7,4	5,2	4,0	9,2	7,1	10,9	11,3	10,8	14	12,5	10,3	11,8	7,2	11,2	13,6	13,7	17,4	12,0	6,7		
Ullavik skule/SFO	10,4	5,1	6,2	6,4	9,3	7,2	11,7	9,9	3,4	4,8	7,8	4,6	7,5	0,0	4,6	9,2	7,7	6,4	6,2	6,6		
Vik skule/SFO	5,4	7,9	4,7	12,1	5,9	5,9	6,4	3,9	5,5	12	6,6	4,9	6,7	0,0	1,7	8,9	8,1	4,7	3,2	4,8		
Ungdomsskulen og VO	4,1	4,9	6,9	8,4	8,5	11,3	7,8	7,8	12,7	14,7	12,1	9,6	11,1	6,6	6,9	11,9	11,8	14,2	12,9	11,2		
BUAS	7,4	7,0	10,5	9,0	9,4	11,7	10,7	9,1	13,1	12,4	14,4	13,0	12,3	9,6	7,5	9,2	10,1	14,0	13,9	11,2		
Heimetenestene	12,9	11,8	7,6	8,3	11,3	9,3	8,7	8,1	9,4	12,6	10,6	8,6	9,8	8,0	6,4	8,7	9,6	7,2	8,5	8,4		
Bu- og rehabiliterestene	8,4	8,6	6,1	9,0	10,1	9,7	13,3	11,0	12,6	12,1	9,7	5,9	11,1	3,7	7,4	6,4	9,4	10,5	11,3	8,2		
Barne- og familiestene	7,7	7,6	5,4	8,1	6,1	9,3	9,5	7,6	11,4	10,9	10,3	6,7	9,5	8,8	5,8	9,1	6,9	6,1	4,4	7,9		
Tenestekontoret						1,1	1,5	0,3	1,7	0,0	0,0	0,0	0,3	0,0								
Helse - Tenestek, Legesenter/vakt, komm. lege									12,6							3,2	8,5	9,5	22,2	28,5	14,1	
Kultureininga	3,1	4,1	5,8	1,5	1,9	2	1,0	0,0	0,0	10,0	8,6	0,0	3,3	0,0	0,9	0,0	0,0	0,5	0,0	0,9		
Tekniske tenester	7,0	4,5	6,3	7,4	5,3	5,8	3,6	1,4	4,1	4,8	4,5	3,4	3,7	4,0	6,0	9,3	8,9	6,5	10,1	8,4		
Kommunaleiing/rådgj./sk./løn og pers	7,5	0,7	1,5	1,7	1,0	2,3	2,7	0,9	0,7	0,0	0,6	0,0	0,8	0,0	0,5	7,1	6,4	4,2	3,5	4,1		
Fellestenestene	15,6	14,1	6,4	7,8	6,8	9,3	13,8	12,5	12,2	10,5	10,0	11,4	11,7	11,1	10,9	10,0	9,0	0,0	0,5	7,8		

Obs! Tall for BUAS og Heimetenestene er ikke direkte sammenliknbare for foregående år fordi der har vært ein omstilling i 2020.

Korttids-/ReHab (f.o.m.april) og BUAS Natt (f.o.m. september) har gått over til Heimetenestene.

Samla sjukefråvær i Sykkylven kommune utgjorde i 2021 totalt 9,5 %. Fråværet fordeler seg med eit langtidsfråvær (over 16 dagar) på 7,3 % og korttidsfråvær (under 16 dagar) på 2,1 %. Figuren over

viser variasjonen mellom sektorane med fordeling mellom korttidsfråvær og langtidsfråvær i åra 2016-2021. Som vi ser så er variasjonen stor mellom einingane og avdelingane. Arbeidet med oppfølging av sjukefråveret er ein hovudprioritet i leiarutviklingsarbeidet

Rekruttering

Arbeidsstokken i kommunen under 50 år er likt som i 2018 – 56 %. Samla i kommunen er 17 % over 60 år mot 18 % i 2018.

16 % av dei tilsette ved barneskulane er over 60 år, ein nedgang frå 23 % i 2018. På ungdomsskulen gjekk snittalderen ned frå 2017 til 2018.

Ved BUAS er 20 % av dei tilsette over 60 år, ved Heimetenestene 14 % og ved Bu- og rehabiliteringstenestene

20 %. I alt utgjer dette 49 personar som skal erstattast dei nærmaste åra. Kommunen har utfordring med å rekrutttere fagkompetanse og dette vil verte ei enda større utfordring med åra. Ein ser at talet på kvalifiserte søkerar til ledige stillingar går ned og dette er ein tendens som har vore i nokre år allereie.

Praksisordningar og lærlingar

Kommunen er open for å ta i mot studentar i praksisordningar både i skule, barnehage og helse og omsorg. Det gir også positiv effekt for våre eigne tilsette som i mange tilfelle får fagleg oppdatering og utfordring, og er eit verkemiddel med tanke på rekruttering.

Det ligg føre eit politisk vedtak på at Sykkylven kommune til ei kvar tid skal ha minst 7 lærlingplassar til disposisjon (K-sak 57/06). Kommunen hadde pr. 31.12.2021 åtte lærlingar; to i barne- og ungdomsarbeidararfaget, fem i helsearbeidararfaget og ein lærling i IKT servicefag.

Medarbeidarundersøking

Det vart gjennomført medarbeidarundersøking i 2021. Handlingsplanane frå undersøkninga frå 2021 skal leverast til kommunalsjefane og desse skal igjen ha avsluttande samtalar med einingane. Neste undersøking er i 2023. Det vert same undersøking som i 2021 - 10Faktor frå KS. Ei forskingsbasert undersøking, som også legg opp til stor grad av deltaking frå dei tilsette også i etterarbeidet; ein planlagt prosess fram mot konkrete handlingsplanar for den enkelte eining, og som inneber ansvar for alle, medarbeidar, leiar og organisasjon.

Inkluderande arbeidsliv - IA-utvalet og IA-arbeid

IA-utvalet er eit underutval til Arbeidsmiljøutvalet. Utvalet har hatt 5 møte i 2021. I utvalet møter ein representant frå NAV arbeidslivssenter (NAV lokalt får innkalling og kan møte), ein frå BHT, ein representant for dei tilsette, hovudverneombodet og ein frå kommunen/kommunedirektøren. Representantar frå personalavdelinga møter også.

I motsetning til tidligare IA-avtaler gjeld avtalen 2019-2022 for heile det norske arbeidslivet og har to nasjonale målsettingar:

1. Sjukefråværet skal reduserast med 10 prosent samanliknet med årgjennomsnittet for 2018.
2. Fråfallet frå arbeidslivet skal reduserast.

For å nå desse måla skal ein mellom anna arbeide med:

- Førebyggjande arbeidsmiljøarbeid med fokus på planlegging, organisering og gjennomføring av arbeidet.

- Fokus på langvarige og gjentakande sjukefråvær.

IA-avtalen har denne gangen et bransjefokus og innsatsen skal målrettes mot bransjer og sektorer som har potensial for redusert sykefravær. For kommunal sektor gjeld dette barnehagar og sjukeheim sidan det der er størst potensiale for reduksjon av sjukefravær.

Det er ikkje laga ein oppdatert handlingsplan for IA-arbeidet enno, men arbeidet kan oppsummerast med utgangspunkt i den gjeldande handlingsplanen for IA-arbeidet:

- Kartlegging/evaluering: Ulike rapportar frå einingane, mini-AMU er ein viktig arena, medarbeidarsamtaler
- Informasjon/forum for drøfting og erfaringsdeling: Trepartsmøte, IA- og HMS-tema på fleire leiarforum, årleg temadag om pensjon og forsikring, IA-tema på verneombodsmøta
- Arbeidsmiljø/trivsel: Medarbeidarundersøking annakvart år og arbeid med denne, etter pause i koronaperioden ønsker vi igjen å få til eit årleg begeistringsarrangement for dei tilsette
- Førebygging: Frisktreningsgrupper, tilbod om gratis influensavaksine, ergonomigrupper, arbeidsplassvurderinger, fleksitidsordning. Ulike målingar; hørsel- og støy, lys, luft, inneklima osv. Det auka bevisste fokuset på vald og truslar om vald, viser seg att i auke i antal avvik på dette området.
- Ved nedsett funksjonsevne: Rutine for omplassering og utprøving, mellombelse tilretteleggingstiltak.

Bedriftshelsenesta BHT er ein ressurs som vert brukt i dette arbeidet.

HMS og kvalitet

Det vert utarbeidd eiga årsmelding om internkontroll HMS til Arbeidsmiljøutvalet.

Kommunen har eit felles kvalitetssystem som skal innehalde all kvalitetsdokumentasjon, rutinar og retningsliner, eller vise til kvar dei er å finne. Oppbygginga av HMS-delen i kvalitetssystemet er med utgangspunkt i internkontrollforskrifta.

Ein viktig del av kvalitetssystemet er avvikssystemet. Avvik er ein sentral del av utviklings- og forbetningsarbeidet, både når det gjeld helse, miljø og sikkerheit, informasjonsikkerheit og kvalitet på tenestene vi leverer. Eit mål for god tenestekvalitet er rett teneste til rett person, gitt av medarbeidar med rett fullmakt og kompetanse. Kommunen har etablert eigne rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova. I avvikssystemet vert avvik meldt og behandla. Meldar, behandlar og overordna leiing kan via systemet følgje med handteringen. Det er muligheter for mange typar rapporter til bruk for utviklingsarbeidet.

Andre HMS-aktivitetar: Vernerundar, trepartsmøte innan IA (leiing, tilsettrepresentantar og NAV Arbeidslivssenter), ulike informasjonstiltak via personalmøte, intranett og også gjennom fleire faste møte mellom kommuneleiinga og hovudtillitsvalde. Einigane har også eit godt samarbeid med bedriftshelsenesta med mellom anna rådføring, bistand til kartleggingar og risikovurderingar, ulike målingar (støy, lys og hørsel), ergonomiske arbeidsplassvurderinger, brei bistand innan ergonomi, bedriftslegekonsultasjonar og deltaking i sjukefråværsoppfølging. Medarbeidarsamtale og tett oppfølging av sjukmelde er også ein del HMS-arbeidet. Medarbeidarsamtalen skal vere med å bidra til avklaringar av arbeidsforhold og resultat, vidare fremje kommunikasjon og samarbeid i det daglege, legge til rette for fagleg utvikling og skape motivasjon og oppleving av mestring. Det er viktig

for arbeidstakaren å bli sett, få tilbakemeldingar, rolleavklaring er viktig og leiar sitt ansvar og det må leggast til rette for at arbeidstakaren er i stand til å gjere oppgåvene sine.

Det er etablert mini-AMU på alle arbeidsplassar for gjensidig informasjon og drøftingar.

Alle fast tilsette er innmeldt i bedriftshelsetenesta.

Vernetenesta

Hovudverneombodet har faste møte med alle verneombod gjennom året. Dei fleste verneområde har gått vernerunde i 2021. Det manglar vernerunde for to område ved eining Kultur, storhallen og symjehallane. Vi har fått inn to nye verneområder. Eit felles for brannstasjon, kommunegarasja og vedlikehald/reinhold, samt legesenteret.

Verneområde/einingar sender inn årsrapport for internkontroll på fastsett skjema. Det vert innhenta opplysningar om gjennomførte forbetingstiltak gjennom året, om vernerunde, medarbeidarsamtalar, om avvik/ kvalitetsarbeid, om kjennskap til ulike rutinar og reglement mm.

Samla internkontrollrapport vert lagt fram for AMU. I tillegg til informasjon om ulike registreringar og statistikk frå aktivitetar gjennom året, inneholder rapporten utdrag/oppsummering frå einingane sine rapportar.

Registrerte ulykker:

År	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Tal ulykker	13	14	19	5	7	7	9	8	14

Medverknad og medbestemming

Dei tilsette sin rett til medverknad vert ivaretatt gjennom faste møte med tillitsvalde og verneombod. Einigane har årleg vernerunde i samarbeid med BHT, samt personalmøte der ulike problemstillingar kan takast opp.

Rådsorgan, organisasjonar og tillitsvalde

I Sykkylven kommune var det registrert følgjande arbeidstakarorganisasjonar i 2021:
Utdanningsforbundet, Skolelederforbundet, Fagforbundet, Norsk Sjukepleiarforbund, Delta, NAFO (Naturforvaltar-forbundet), DNJ (Den norske jordmorforening), NITO, FO (Fellesorganisasjonen), Tekna, CREO, Bibliotekarforbundet, Samfunnsviterne, Juristforbundet, Norsk Fysioterapiforbund, Norsk Ergoterapiforbund, Psykologiforbundet og Den norske legeforening.

UHT – utval for hovudtillitsvalde

Det er faste møte mellom rådmann/kommuneleiing og utvalet for hovudtillitsvalde. Formålet er å ha god dialog og gi gjensidig informasjon til kvarandre. I 2021 hadde utvalet 4 UHT-møte, og UHT deltok på leiarforum.

Arbeidsmiljøutvalet

AMU hadde 10 medlemmar; 5 frå arbeidsgjevar og 5 frå arbeidstakarsida. Dagleg leiar (kommunedirektør) er medlem frå arbiedsgjevar, dei 4 andre er politikarar. Utvalet har hatt 4 møter i 2021 og handsama 22 saker (og i tillegg hatt 11 referatsaker).

Mini-AMU

Det skal vere mini-AMU alle einingar. Tilbakemeldingane er positive. Ordninga med slike faste møte gjer samarbeidet enklare og prosessane ryddige.

AKAN-utvalet

AKAN-utvalet består av representantar for dei tilsette, frå leiinga, frå AMU, frå BHT, dei tre AKAN-kontaktene og rådgjevar HMS. Ingen møter i 2021. Det ingen nye registrerte AKAN – saker i 2021.


Administrasjonsutvalet

Utvalet hadde eit møte i 2021 der reglement for bruk av mobiltelefonar for Sykkylven kommune vart vedtatt.

Hovudutfordringar og moglegheiter framover

I tillegg til økonomiske omstilingsbehov, er nedgang i folketalet dei største utfordringane framover. Ein får også ei stadige eldre befolkning i kommunen. Dimensjonering av tenestene og tenestestruktur må tilpassast disse utfordringane. Med denne utviklinga må større del av utgiftene dreiaast over frå oppvekstsektoren til pleie- og omsorgstenester.

Alder



Nedgang i folketal og tilgang på kompetanse, gjer at Sykkylven kommune må ha spesielt fokus på nærings- og samfunnsutvikling, samling av fagmiljø og vere offensive for å rekruttere og behalde kompetanse. Omstillingsprogrammet som kommunen fekk Fylkeskommunal støtte til frå 2021 og etableringa av Skaparlinken i Sparebankbygget er eit viktig bidrag i så måte.

Folketal

	2017	2018	2019	2020	2021
Kvinner	3829	3811	3795	3780	3764
Menn	3866	3884	3862	3845	3832
Totalt	7695	7695	7657	7625	7596

Folketalsutvikling og demografiendringar vil vere nokre av hovudutfordringane for Sykkylven kommune framover.

2. Fellestenestene

2.1 Kort samanfatning av tenesteområdet

Medio driftsåret 2020 endra vi organisering. Fagleiar personal vart personalsjef og fekk delegert ulike mynde knytt til personalhandtering. Frå mars 2021 endra vi samansettinga innan IKT. Vi fekk ei ny stilling i budsjettet basert på vedtak om eiga drift av kommunen sine IKT-system, samt vi flytta stilling innan IKT frå oppvekst til Fellestenestene.

«Orden i eige hus» og kvalitetsarbeid er eit stort fokusområde i offentleg sektor i 2021.

Kvalitetsrådgivar kom på plass og er eit viktig løft for organisasjonen vår. Covid 19 og mange endringar i tilsettingar har medført at vi ikkje har fått til framdrifta som vi ynskjer. Koronapandemien har i stor grad prega drifta ved Fellestenestene.

2021 er det første heile driftsåret med eigen drift av IKT-tenestene våre. Det er etablert samarbeid på tvers i Møre og Romsdal gjennom Digi MR. Kommunaleiinga er også med i kompetanseløftet for digitalisering og transformasjonsarbeid som er i regi av Digi MR. Lokalt har vi fått på plass ei IKT-avdeling med 3 tilsette og lærling.

IKT er involvert i mange prosesser i organisasjonen vår; planlegging, prosjekt, rettleiing og drift. I koronaåra har mykje arbeid gått til tilrettelegging for heimekontor, digitale møter og møterom. Ca. 270 personar i administrasjonen + ca. 140 personar i skule har hatt moglegheit for heimekontor

Oppgradering av kvalitetssystem, ny avviksmodul, modul for ROS-analyse og eigen modul for personvern er i startfasen.

Integrasjonar mot t.d. folkeregisteret, skatteetaten og andre offentlege register, som sikrar kvalitet på data er gjennomført i fleire system. Det har også vore investert i overføring av data mellom HR og sak/arkiv.

Etablering av kommunalt legekontor har vore krevjande driftsmessig også for våre tenester. Flytting av fagsystem, opprettig mot nasjonale komponentar, omlegging frå fasttelefon til mobil, ny sentralbordløysing og høg turnover på dei tilsette har vore tidkrevjande.

Informasjon

Informasjonsarbeidet tar meir og meir plass. Einingsleiar er fast medlem i kriseleiinga og har fått ansvar for informasjon. Nye system for heimeside, digitale skjema og sak/arkiv var innført i 2019/2020. Digital kommunikasjon med innbyggjar gjennom digital utsendingar, ny møteportal, sosiale medium, samt digitalisert sentralbord på mobilløysing, har vore avgjeraande for godt og effektivt arbeid i 2021. Alle nyttar no mobiltelefon som tenestetelefon og IT administrerer desse sentralt. Digitale og automatiserte arbeidsprosessar har gjort at vi har kunne sette fokus på fleire digitaliseringsprosessar og anna type arbeid i organisasjonen.

Brukarar

Sentralbordet:	I 2018 hadde i snitt 48 inngåande samtalar, i 2021: 56 samtalar.
Heimeside:	I snitt 2100 visningar pr dag. Totalt Tal ca. 800 000.
Facebook:	Frå 1700 følgjarar i 2018 til 2589 følgjarar i 2021
Instagram:	980 følgjarar
Kommune TV	5934 unike sjåarar direkte i møte, 889 sjåarar har sett på opptak (arkiv).
Vigsel:	Det har vore 5 vigslar i 2020 og 5 vigslar i 2021.
Skjenkeløyve:	9 stk. i 2020 og 8 stk. i 2021 (enkeltløyve)

Serveringsløyve:	1 stk. i 2020 (Promenaden) og 1 stk. i 2021 (Geiranger Bakeri).
------------------	---

Servicetorget bidrog i 2021 mykje til koronaarbeidet. Betjening av «koronatelefon», bidrag i vaksineorganiseringa, merkantil funksjon i høve testarbeidet og elles mykje informasjonsarbeid.

Tilflyttarkontakt vart etablert i 2019/2020. Det har ikkje vore mykje kontakt dei to siste åra, truleg pga. Covid-19.

Vi har tatt over ansvar i høve tilgangsstyring i Altinn. Altinn veks seg større for kvart år og rapportering krev fokus på tilgangsstyring

Politikk

Kommunale møte har blitt arrangert på ulike måtar. På Teams, i mindre grupperom, i storsal på kulturhus og på vestibyla på kulturhuset. Møta har fungert godt og alle har synt stor fleksibilitetsevne. Meir bruk av WebTV, invitasjon til presse på digitale møter, invitasjon til mindre grupperom for dei «ikkje digitale», osb. har gjort at vi har kunne gjennomføre møter utan dei store hindringane.

Her eit oversyn over tal behandla saker.

Politiske saker	2019	2020	2021
Kommunestyret	104 (5 møte)	100 (6 møte)	95 (8 møte)
Formannskapet	108 (7 møte)	123 (15 møte)	119 (16møte))
Levekårsutvalet	49 (7 møte)	59 (7 møte)	44 (7 møte)
Nærings- og utviklingsutvalet	73 (8 møte)	66 (7 møte)	88 (10 møte)

Oppdatert politisk reglement for alle rådsorgana og politiske utval er vedtatt i 2021. Det same gjeld for delegeringsreglement i høve ny kommunelov.

Stortingsvalet 2021 gjennomførte vi med utvida opningstid og ekstra lokasjon i «banklokalet» i sentrum. Dette var koronatiltak, men også ei suksesshistorie for god valdeltaking. 76,7 % av dei røysteføre stemde. Ein historisk høg del av desse var førehandsrøyster 60,8 %.

Post/Arkiv

Viktige saker her er:

- Overtaking av Sykkylven legesenter og med det ansvar for arkiv/pasientjournalar.
- Nedlegging av Vik barnehage – historisk arkiv motteke.
- Kartlegging av papirarkiv på rådhuset og kulturhuset. IKAMR (Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal) har gitt tilbod og estimat på kva dette vil koste for å få ordna og avlevert.
- Innføring av elektronisk signering av arbeidsavtalar frå HRM til websak er delvis gjennomført.

Dagleg arbeid ber meir preg av kontrollrutinar knytt til digital datafangst enn manuelle rutineoppgåver. Dette er positivt og gir auka fokus på digitaliseringa og gjenbruk av data. Fokus kan flyttast til utviklingsoppgåver for betre kvalitet og digitalisering til beste for innbyggjar.

Personvern og informasjonssikkerheit

Kriseleiinga gjennomførte den årlege øvinga frå Statsforvaltaren ved årsskifte. Øvinga sette fokus på Informasjonssikkerheit og trusselbilde rundt oss.

Det er gjennomført NANO-læring for alle tilsette, dvs. korte opplæring/fokus moduler på e-post som ein kvitterer ut å ha gjennomgått. Svarprosent ligg på om lag 35 %. Vi har ein veg å gå og fortset dette arbeidet i 2022.

Vi kjøper teneste som Personvernombod gjennom IKA Møre og Romsdal . Det er sendt eigen detaljert rapport om arbeidet. Diverre har ein ikkje fått gjort så mykje som ein ønskjer pga. Covid-19.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Hovudfokus i 2021 har vore koronapandemien. Kriseleiinga iverksette heimekontor, stengt rådhus og innførte digitale møte i januar og til dels februar. Etterkvart vart det letta opp på tiltaka nasjonalt, kriseleiinga handterte dette på overordna nivå og tenesteområda på sine område.

I beredskapsarbeidet ligg også mykje informasjonsarbeid, med vidareformidling av nasjonale råd, spørsmål frå publikum, informasjon på heimeside og Facebook. Her har det vore eit stort trykk gjennom heile pandemien, det har vore både ressurskrevjande og tidkrevjande.

Kriseleiinga hadde i alt 16 møte i 2021 - mot 30 i 2020. Det vart sendt i alt 32 situasjonsrapportar til Statsforvaltaren, i tillegg til rapporteringa til helsedirektoratet om smittesituasjon og vaksinering.

Det var ingen andre hendingar der det vart sett kriseleiing i 2021. Det var ein del varsel om fare for flaum og fare for jordskred. Desse vart meldt vidare i samsvar med planverket, men dei medførte ingen alvorlege konsekvensar for Sykkylven.

Omsorgsberedskapsgruppa var aktivert i to hendingar i 2021. Ei mindre hending i april og ved den tragiske ulukka på Fet i august.

2.2 Utfordring i 2021 og videre framover

Å sikre datafangst og ha fokus på personvern er avgjerande. Informasjonssikkerheit og kvalitetsfokus må kome endå tydelegare fram i kvardagen og i kontrollarbeidet til kommunedirektøren.

Informasjonsarbeidet vårt krev også ny fokus. Korleis kan vi vere proaktive, og ikkje minst forenkle bodskapen vi har i høve innbyggjarane våre?

2.3 Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 for drift Fellestenestene (71000) syner eit meirforbruk. Kr 952 639.

Årsak er flytting av stilling og div flytting av kostnader frå eit tenesteområde til eit anna utan at budsjettpost er flytta. Dette er det teke høgde for i 2022.

Investering: Det var sett av kr 781 250 og nytta kr 435 007 til ulike IKT prosjekt. Positivt resultat er søkt overført til 2022. Investeringane har gått til oppdatering av kvalitetssystem, integrasjonar for å få til e-signatur, og oppdatering innan helse og omsorg for å stette nye krav til noverande oppdateringar i fagprogram og framtidige leverandørkrav.

Ansvar drift Politikk (80000) går med eit overskot på kr 409 098. Det har vore mindre utgifter pga. færre fysiske møter.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Det er gjort ein del endring for budsjett 2022. Budsjettmidlar er omfordelt i sentraladministrasjonen og fleire fellesutgifter er flytta over til ansvar 71000. Også bemanningsmessig har vi gjort endring i type kompetanse det er behov for.

2.4 Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemanning	2019	2020	2021
Tal tilsette	14 + 1 lærling	14 + 1 lærling	10 + 1 lærling
Tal årsverk	14 + 1 lærling	14 + 1 lærling	10 + 1 lærling

Medarbeidarsamtalar er gjennomført med alle tilsette. Vi har også jobba godt med 10-faktor undersøkinga. Arbeidet har vore gjort i samarbeid med økonomi, rådgjevarar og personalavdelinga. Det er utarbeidd tiltak og handlingsplan. Pga. Covid-19 er ein del av tiltaka ikkje gjennomført enno.

Organisasjonsutvikling

Det har vore nært og godt samarbeid med TV og Verneombod i 10-faktor arbeidet. Vernerunde er gjennomført utan dei store sakene.

Rutine og kontroll

Det har vore lite fokus på avvikshandtering og risikovurdering på driftsnivå. Det har vore jobba med å få til overordna styringssystem, både på systemnivå og gjennom prosess. Framdrifta har ikkje vore særleg stor pga Covid-19. Fellestenestene har ikkje hatt tilsyn i 2021.

Sjukefråvær

2019	2020	2021
7,8 %	6,8 %	9,3 %



3. Oppvekst og kultur

3.1 Kort samanfatning av tenesteområdet

Omhandler følgjande tenesteområde:

- Fellesområde for barnehage, skule og kulturadministrasjon
- Barnehagane:
 - Blakstad naturbarnehage
 - Tandstad barnehage
 - Ullavik barnehage
 - Vikedalen barnehage
- Grunnskulane og SFO:
 - Aure skule/SFO
 - Sørestrand skule/SFO
 - Ullavik skule/SFO
 - Vik skule/SFO
 - Sykkylven ungdomsskule og opplæringssenter (vaksenopplæring)
- Kulturadministrasjon m/kulturleiar, musikkleiar, idrettskonsulent og folkehelsekoordinator
- Musikk- og kulturskule
- Biblioteket

3.2 Felles for barnehagane

Kort samanfatning av tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar administrasjon barnehage, minoritetsspråklege barn, barn med nedsett funksjonsevne og barn med rett til spesialpedagogisk hjelpe. Dette inkluderer også barn i private barnehagar. Tenesteområdet omfattar også ulike felles satsingsområde for barnehagane, til dømes kompetanseutvikling.

Utvikling og utfordringar

Før sommaren 2021 vart det presentert ei barnehagemelding for Sykkylven kommune. Målet med meldinga var å danne eit breiare grunnlag for drøftinga av det framtidige barnehagetilbodet i Sykkylven kommune.

Talet på barnehagebarn har gått kraftig ned dei siste åra. Som følgje av dette vert det stilt krav om økonomiske innsparinger på barnehageområdet. Hovudutfordringa har vore å tilpasse kapasiteten etter behovet. Vik barnehage vart nedlagt sommaren 2021, og på slutten av året vart det fatta

vedtak om å legge ned Tandstad barnehage frå sommaren 2022. Den siste tida er det varsle tilflytting av fleire småbarnsfamiliar til kommunen, og mykje tyder på at barnetalet vil halde seg oppe komande barnehageår. Det er positivt.

Dei siste åra har talet på minoritetsspråklege barn auka jamt, og i 2021 bikka det for første gong 25%. Dette er over landssnittet som ligg på om lag 18% (utan Oslo). Ved Ullavik barnehage utgjer dei minoritetsspråklege barna over 43%. Det er ei utfordring at mange barn ikkje har gode nok norskkunnskapar når dei byrjar på skule. Hausten 2021 var det difor arrangert eit felles tverretatleg møte der PPT, styrarar, spesialpedagogar, logopedar, helsestasjon, vaksenoplæring, flyktningkontor mfl. var samla for å drøfte moglege tiltak. Dette arbeidet blir no følgt opp av PPT og barnehagane, bl.a. med tiltak også for dei yngste barna, heving av kvalitet på språkgruppene og ikkje minst auka bevisstgjering blant personalet.

Sykylven ligg høgt på statistikken over spesialpedagogisk hjelp. Det kan sjølv sagt tyde på at vi har større utfordringar enn mange andre kommunar, men det kan også bety at dette er eit prioritert område i høve tidleg innsats. Den kostnadsmessige sida ved dette er vanskeleg å måle. Men all forsking tyder på at tidleg innsats gir innsparinger seinare i livsløpet. Likevel må vi heile tida ha fokus på korleis vi kan få best mogleg kvalitet og effekt ut av dei pengane vi faktisk brukar. Eit resultat av dette er at kommunen forsøker å vri den spesialpedagogiske hjelpa frå utstrakt bruk av assistenttimar (ofte ufaglærte) til meir konsentrert bruk av pedagogar/spesialpedagogar. I praksis betyr dette sterkare spesialpedagogisk fokus på dei barna som har store utfordringar eller spesifikke diagnosar, samtidig som barnehagane sjølvé får eit større ansvar for eiga tilrettelegging rundt barn med lettare utfordringar. Dette er også i tråd med nasjonale føringer og satsinga rundt Kompetanseløftet. PPT køyrrer no med faste trefftider ute i barnehagane der ein fokuserer på tilrettelegging og systemretta arbeid rundt barn med særskilte behov. Målet er å auke kompetansen blant personalet på dette området, slik at behovet for spesialpedagogisk hjelp går ned.

Hovudmålet i tida framover er at barnehagane maktar å gjennomføre ei god implementering av dei nasjonale satsingane rundt ReKomp (regional kompetanseutvikling basert på lokale behov) og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Likeins at kommunen klarer19 å få på plass betre samhandling på tvers av ulike etatar og einingar. Laget rundt barnet må koordinerast betre. Barnevernreforma/Oppvekstreforma krev tettare samarbeid mellom dei ulike sektorane, og kommunen får auka ansvar for å styrke førebyggande arbeid og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren.

Kommentar til status økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik rekneskap mot budsjett 2021
200 Felles barnehage	9 713 511	11 666 848	-1 953 337
20000 Adm barnehagar	1 057 972	2 953 240	-1 895 268
20001 Styrka tilbod funksjonshemma/minoritetsspråk.	280 091	379 385	-99 294
20002 Spesialpedagogikk barnehagar	8 375 448	8 334 223	41 225

Rekneskapsresultat for 2021 viser eit mindreforbruk på om lag 1,9 million kr for området Felles barnehage (ansvar 20000, 20001 og 20002). Av dette skuldast 1,1 million kr ei feilføring som skulle ha vore budsett under området Private barnehagar (sjå under). 2021 gav også auka inntekter i form av refusjonskrav på kr 650 000 for barn med barnehageplass i Sykylven som var folkeregistrert i andre kommunar (inkludert fosterheimsplasserte). Dessutan var det eit mindreforbruk på

søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid på om lag kr 200 000. Også sjukelønsrefusjonar bidrog til den positive balansen, då det ikkje var mogleg å skaffe kvalifiserte vikarar for spesialpedagogisk hjelp.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Bemannings	2019	2020	2021
Tal barnehagebarn (kommunale)	186	173	144
Tal barnehagebarn (alle)	360	360	327
Minoritetsspråklege barn	79 (21,9%)	88 (24,4%)	83 (25,4%)
Tal barn med spesialpedagogisk hjelp	26	23	17
Tal på årstimar med spesialped. hjelp	22 329	24 814	15 687
Kostnad redusert foreldrebetaling	Kr 1 152 000	Kr 1 323 000	Kr 1 174 000

Status målsettingar

Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Vidareføring av satsinga «Solid start» Samarbeid med ergo-/fysioterapeut og felles studiedag med oppfølging
Mål 2	Tverrfagleg språksamling, pedagogsamling og oppfølging av PPT/bhg.
Mål 3	Barnehagetilbod i fellesferien (2 veker) Planlegging. (Blir gjennomført frå 2022).

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemannings	2019	2020	2021
Tal tilsette spesialpedagogar	3	3	3
Tal årsverk spesialpedagogar	2,90	2,90	2,70
Tal assistenter – spes.ped/nedsett funksj.evne*	27	28	22
Tal årsverk – spes.ped/nedsett funksj.evne*	15,53	14,30	10,50
Tal assistenter – minoritetsspråklege barn*	5	6	7
Tal årsverk – minoritetsspråklege barn*	0,63	0,55	0,69

*Inkluderer tilsette i private barnehagar som kommunen har det økonomiske ansvaret for (spesialpedagogisk hjelp og barn med nedsett funksjonsevne). Tilsette og årsverk for assistentane er basert på barnehagane si BASIL-rapportering.

Personalansvar for spesialpedagogane ligg under fagleiar PPT, medan personalansvar for assistentane ligg under den enkelte styrar.

Blakstad naturbarnehage

Bemannings	2019	2020	2021
Tal tilsette	9 (10)	9	9 (11)
Tal årsverk	8,14	7,8	7,8

Tandstad barnehage

Bemannings	2019	2020	2021
Tal tilsette			5
Tal årsverk			4,7

Ullavik barnehage

Bemannning	2019	2020	2021
Tal tilsette	14	14	15
Tal årsverk	12	12	12

Vikedalen barnehage

Bemannning	2019	2020	2021
Tal tilsette	20 + lærling	19 + lærling	17 + lærling
Tal årsverk	14 + lærling	14 + lærling	14 + lærling

Organisasjonsutvikling

Medarbeidarsamtalar har vorte delvis eller heilt gjennomført på alle barnehagane, men det er gjennomført samtalar i høve personalplanlegging/omorganisering knytt til nedlegginga av Vik barnehage.

10-Faktor er også blitt arbeidd med i alle barnehagane, og det er utarbeidd handlingsplanar for vidare fokusområde.

På grunn av korona og høgt sjukefråvære i periodar, har felles kompetanseutvikling i barnehagane vorte litt redusert i omfang. Gjennom eit samarbeid med Sunnmøre Regionråd og Høgskulen i Volda er Rekomp eit satsingsområde. Barnehagane har også internt fokus på fagleg utvikling. Vikedalen barnehage har m.a. gjennomført personalsamling med tema Relasjonskompetanse og signaturstyrkar og Solid Start Sykkylven er framleis viktig.

Vikedalen barnehage har hatt lærling sidan 2005. Barnehage er også øvingsbarnehage i samarbeid med Høgskulen i Volda, og har elevar i praksis både frå Sykkylven vgs. Og Borgund vgs. NAV og Brisk er viktige samarbeidspartar og i 2021 hadde barnehagen 6 personar som var inne på ulike tiltak.

Rutine og kontroll

Barnehagemyndigheita gjennomførte ikkje tilsyn i barnehagane i 2021.

Avvik vert handtert i barnehagane, og ev. meldt inn i Risk Manager. Men fleire av dei tilsette vurderer dette som eit tungvint system. ROS-analyser i skriftleg form er i liten grad gjennomført på nokon av barnehagane. Men risikoanalysar blir gjort kontinuerleg og har også vore viktige i høve handtering av koronapandemien og dei tiltaka som vart pålagt der.

Vernerundar er gjennomført i alle barnehagane. Med bakgrunn i handlingsplan til teknisk, fekk Ullavik barnehage pussa opp bada på storbarnsavdelinga. Blakstad naturbarnehage har delt barnegrupper inn i mindre grupper for å redusere støy.

Brukarmedverknad

Kommunale og private barnehagar gjennomførte ei stor felles undersøking for å kartlegge foreldra sine behov i høve opningstider. Barnehagane i Sykkylven har generelt lange opningstider (10,25 t). Ein ønska med dette å finne ut om behovet gav rom for å redusere litt på opningstidene. Dette for å kunne auke vaksentettleiken og dermed heve kvaliteten på det tilbodet som vert gitt til barna. Konklusjonen etter behovundersøkinga var at opningstidene ikkje vert endra.

Dei kommunale barnehagane gjennomførte ikkje standard foreldreundersøking i 2021 (blir gjennomført annakvart år). Alle barnehagane har fokus på barns rett til medverknad i kvardagen, basert på alder og modning. Samarbeidet mellom lokal barnehagemyndighet og kommunale/private barnehagar fungerer godt, m.a. i form av månadlege møte.

I barnehagane er det godt samarbeid med FAU / SU. Mini-AMU har meir eller mindre faste møter i barnehagane, der både PTV for Fagforbundet, PTV for Utdanningsforbundet deltek i lag med styrar og verneombod.

Sjukefråvære

Koronapandemien har påverka sjukefråværet både for tilsette og barn i alle barnehagane, både i 2021, men mest i 2022. Langtidssjukmeldingar, som nokre av barnehagane har ein del av, kjem i tillegg. Det har vore utfordrande å finne vikarar.

3.3 Private barnehagar

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik rekneskap mot budsjett 2021
220 Private barnehagar	29 189 276	25 505 500	3 683 776
22000 Tryggheim barnehage	5 478 388	5 022 500	455 888
22001 Krikane barnehage	7 968 564	7 190 000	778 564
22002 Ikornnes barnehage	11 188 342	8 497 500	2 690 842
22003 Velledalen naturbarnehage	4 553 982	4 795 500	-241 518

Kommunalt tilskot til dei fire private barnehagane gav samla sett eit meirforbruk på over 3,6 million kr. Det reelle meirforbruket var om lag 2,5 million kr, ettersom 1,1 million kr var feilbudsjettet under Felles barnehage (sjå over). Det er generelt svært vanskeleg å lage treffsikre budsjett for tilskotet til private barnehagar. Eitt enkelt småbarn utgjer langt over 200 000 kr i driftstilskot på årsbasis.

Barnetalet for andre halvår er ukjent når budsjettet vert lagt, og små endringar gir store økonomiske utslag. For 2021 var estimatet over talet på barn i dei private barnehagane for lågt. I tillegg vedtok regjeringa å auke kapitaltilskotet per barn.

3.4 Blakstad Naturbarnehage

Kort samanfatning av tenesteområdet

VÅREN: 29 born , 12 under 3 år og 18 born over 3 år

HAUSTEN: 27 born, 12 under 3 år og 15 over 3 år

Tilsette i eininga:

11 kvinner, inkludert spes.ped.assistent/spes.ped.lærar. Av desse er det 3 ped.leiarar (inkl. styrar 40% på avdeling), og 4,20 fagarbeidarar/assistentar.

Utvikling og utfordringar

Trass i at vi har måtte kutte ut mange aktivitetar og turar med barnehageborna i 2021, grunna korona, så har vi også fått gjennomført mykje! Nemner ein del her:

- Symjing for 5-åringane
- Slettegjerde for 5-åringane

- Forskarklubb i barnehagen 2 gongar i månaden
- Planta og sådde i grønsakhagen vår
- Barnehagedagen, «jorda vår», der vi jobba med naturvern
- Solid Start Sykkylven
- Førskuleklubb
- FN-dag, der vi inviterte foreldre og besteforeldre til brennsnut og kunstutstilling
- Brannvernveke, med opplegget om brannbamsen Bjørnis, brannalarm og evakuering

Største utfordringa var nok covid19, og dei endringane vi heile tida måtte innrette oss etter. Det vart i denne samanheng også høgare sjukefråvær, og med lite vikarar tilgjengeleg så vart det til tider vanskeleg å få dagane til å gå opp personalmessig. Personalalet her er fleksible, slik at vi har klart å få det til – men det har i periodar vore stor slitasje på dei som arbeider her.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at Blakstad Naturbarnehage har eit lite meirforbruk på kr.

192 715,-

Årsak til meirforbruket er i hovudsak at det hausten slutta 5 born i barnehagen, då dei flytta til andre kommunar. I tillegg fekk eit barn utsett oppstart i barnehagen til mars 2022. Dette utgjer til saman kr. 170 492,-

Vi måtte leige inn ein ekstra vikar nokre veker på «gult nivå»/korona, for å halde opningstidene med nok personale på jobb.

Barnehagen har vore svært nøktern med innkjøp, og har mindreforbruk på mange postar i budsjettet for 2021.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Bemanning	2019	2020	2021
Tal plassar barnehage	27	28	27
Minoritetsspråklege	1	3	6
Tal på timer spes.undervisn.	0,34	1	32% spes.ped assistent våren 2021
Norskoplæring	0	0	126 minor. språktimar jan.-mars 2021

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar

Var nøktern med innkjøp, men sidan det slutta 5 born og i tillegg 1 born med utsett barnehagestart, så var det vanskeleg å skulle kome heilt i balanse, sidan budsjettpostane er såpass små at dei ikkje utgjer nok til å kunne dekke meirforbruket.

3.5 Tandstad barnehage

Kort samanfatning av tenesteområdet

Eininga omfatta i 2021 ein avdeling med 9 barn der 5 av barna er førskulebarn. Dei resterande ungane er 1 år, 2 år, 3 år og 4 år, så det har vere ein blanda barnegruppe. Fordelen med ei lita gruppe barn i 2021, er at alle har fått vere ilag, både barn og vaksne. Vi har ikkje hatt dei utfordringane som dei større barnehagane har hatt i desse koronatider med delte kohortar. Eininga blir lagt ned i 2022.

Utvikling og utfordringar

- Generell god trivsel og lågt sjukefråvær på arbeidsplassen.

- Vi er med i regionalt kompetanseutviklings prosjektet (Rekomp), som både utfordrar og utviklar.
- Godt samarbeid med foreldre der vi gjennomførte eit dognadsarbeid i 2021 og pynta opp på vårt leikeområde.
- Barnehagen har fått eit nytt inngangsparti med trapp som har vere etterlyst i mange år, og barnehagen har fått eit strøk med maling.
- Vi har ikkje hatt utfordringar i 2021 som er verdt å nemne

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at budsjettet gjekk i balanse på tross av meir forbruk på nokre postar

- Tandstad barnehage sitt budsjett viser eit totalt meirforbruk på kr. 66 358,- og kr. 129 602,- i fastløn. Årsak til meirforbruk totalt er post 14900 Reserverte løvingar på - kr 625 000,-. Denne posten har blitt liggande i vårt budsjett gjennom 2021, og ført til at vi har hatt ei noko lågare driftsramme enn vi hadde hatt dersom dette innsparingstiltaket hadde blitt reversert.
- Årsak til meirforbruk i fastløn er grunna økt stillingsprosent hos to ansatte som hadde krav på dette ifølge lovverk.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Tandstad barnehage har fått inn to nye barn i år 2022. Dette er småbarn som opptar 4 plasser. Totalt tal barn i 2022: 11 barn, 7 plassar 3-6 år, 8 plassar 1-3 år.

Status målsettingar

Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Kompetanseutvikling
	Rekomp 2021/2022

Oppsummering tiltak / kommentar til drifta frå einingsleiar

Vi har fokus på opplevelingar og ikkje materiell, og brukar dermed driftsmiddel med måte. Sjukefråværet er lågt og bemanninga er stabil, så vi har heller ikkje store utgifter til vikarar.

3.6 Ullavik barnehage

Kort samanfatning av tenesteområdet

Ullavik barnehage er ein barnehage med 3 avdelingar. To storbarnsavdelingar med barn i alderen 2-6 år, og ei småbarnsavdeling med barn i alderen 0-2 år. Barnehagen har 15 tilsette på tolv årsverk. I tillegg hadde vi to spesialpedagogiske assistenter. I alt 51 barn i 2021.

Utvikling og utfordringar

Vi har mange barn med minoritetsspråkleg bakgrunn i Sykkylven. I samarbeid med dei andre barnehagane og PPT har vi sett viktigheita av å setje fokus på godt språkarbeid i barnehagane, for å styrke norskkunnskapane til alle barn før skulestart. I Ullavik barnehage har tal minoritetsspråklege barn auka kraftig dei siste åra. Dette barnehageåret har 43 % av barna minoritetsspråkleg bakgrunn.

Gjennom året har det vore vanskeleg å samarbeide på tvers av avdelingane slik vi er vant med. Gult smittevernivå har gjort det vanskeleg å gå frå avdelingane for å gjennomføre møter.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at Ullavit barnehage har eit mindreforbruk. Årsak til mindreforbruket er blant anna skilnad mellom sjukelønsrefusjon og lønn for sjukefråver.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Bemannning	2019	2020	2021
Tal plassar barnehage	66	64	66
Tal småbarn	16	14	15
Tal storbarn	34	36	36
Tal på barn	50	50	51
Minoritetsspråklege barn	16	20	22
Spes.ped.timar årsverk	46%	58%	34%
Spes.ped. assistent årsverk	300%	280%	127%

Status målsettingar

2021 har vore prega av koronapandemien. Vi fekk mange nye barn då nytt barnehageår starta i haust. Store barn som kom frå andre barnehagar og småbarn som hadde sine første dagar utan foreldre i nærleiken. Hausten i barnehagen er alltid utfordrande, og vi har brukt tid på å bli kjent med kvarandre. Det viktigaste for oss har vore å skape ein trygg og god barnehagekvardag for alle barn og tilsette.

[3.7 Vikedalen barnehage](#)

Kort samanfatning av tenesteområdet

Vikedalen barnehage har fire avdelingar. Vi har ei eiga avdeling for eittåringane (9 plassar) der uteavdelinga var tidlegare. Den ordinære småbarnsavdelinga har vorte ei rein avdeling for 2 åringar (11 plassar) og så har vi halde fram med to ordinære storbarnsavdelingar med 19 plassar på kvar.

Utvikling og utfordringar

2021 var eit godt arbeidsår på mange måtar. Vi har halde fram fokuset på kvalitet, brukar i sentrum og at barnehagen skal vere ein god plass å vere for både barn, tilsette og foreldre. At det har vore eit godt arbeidsår, så må det sjølv sagt sjåast i lys av den spesielle situasjonen som vi alle har vore oppe i med koronapandemien. Det har vore utfordrande for personalet i den forstand at vi ikkje lenger har opplevd at vi kan vere ein barnehage. Avdelingane har jobba mykje kvar for seg, og personalet har i liten grad kunna samarbeidd på tvers slik vi veldig gjerne ønskjer.

Den største utfordringa, både for Vikedalen barnehage, men og for alle dei kommunale barnehagane har vore nedgangen i fødselstala. Konsekvensen vart som alle veit ei nedlegging av Vik barnehage og på tamten av året også eit nedleggingsvedtak for Tandstad barnehage. Isolert sett var ikkje vi involvert i desse nedleggingane, men omorganiseringa førte til at fire av dei tilsette vart flytta over til oss. Dette er flinke og dyktige medarbeidarar som vi er glade for å ha fått lov til å innlemme i vår organisasjon. Ulempa med ei slik omorganisering er at det vil påverke kulturen når det skal gjerast så store endringar på ein gong. Når ein skiftar ut mellom 20 og 25% av personalgruppa i løpet av ein sommar, og vi kanskje og må gjere det neste sommar så vert det utfordrande. Dette har ingen ting med dei tilsette som kjem, men meir ei utfordring som ein kjenner på med så stor utskifting på så kort tid.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at Vikedalen barnehage med eit mindreforbruk på om lag 147.000 kr.

Det at vi kjem ut med eit lite mindreforbruk er isolert sett ikkje noko vi har som eit mål, men ser vi på tala så er det nok ein konsekvens av eit relativt høgt sjukefråvær som gav meir i refusjon enn vi hadde i utgifter. Om vi ikkje hadde hatt desse midlane så ser vi at dei reine driftspostane, dvs. det vi kan bruke i kvardegen er for lave sjølv med ei nøktern drift. Her har vi eit lite meirforbruk, men samstundes har vi god kontroll økonomien.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Bemannning	2019	2020	2021
Tal plassar barnehage	78 plassar 64 barn	78 plassar 64 barn	78 plassar 58 barn
Minoritetsspråklege	6	9	11
Tal på timer spes.undervisn./veke	11,5	10	16
Tal på timer spes.ped.ass/veke	65	77,5	90



3.8 Felles for skulane

Kort samanfatning av tenesteområdet

Området er ikkje ei eiga eining, men ligg under kommunalsjef for oppvekst og kultur. Kommunestyret er formell skuleeigar for kommunale grunnskular. For perioden 2019-2023 gir "[Strategiplan for skuleeigar – Sykkylven kommune](#)" tydelege rammer for kvalitetsarbeidet i grunnskulen og ansvarsfordelinga for alle nivå i det kommunale systemet. Den har også ein tiltaksdel som legg føringar for korleis skuleeigar, skuleleiar og undervisningspersonalet skal følgje opp strategiar for å nå hovudmålet: *Sykkylvsskulen gir barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande, trygt miljø for alle.*

Omfattar 4 kommunale barneskular, ein ungdomsskule/voksenopplæring og kulturskule. Økonomisk ansvar for spes.ped. og kommunal skuleskyss på friskulane.

Oppgåver: Saksbehandling for politiske utval som vedkjem oppvekst og kultur, pedagogisk utviklingsarbeid, internkontroll i høve skulane si drift og dokumentasjon, enkeltvedtak i høve spesialundervisning på friskulane og skuleskyss v/ kommunale vedtak, administrasjon av felles digitale løysingar og kommunelisensar, rektormøter, tverrfagleg samarbeid, osb.

Dei kommunale skulane har totalt 860 elevar pr. 1. oktober 2021 (GSI). 545 i 1.-7. trinn, 315 i 8.-10. trinn. 102 elevar går på anten ved Velledalen Montessoriskule eller Hundeidvik privatskule.

Utvikling:

- Innføring av Visma Sikker Sak frå august 2021 har gitt lærarar og andre tilsette eit saksbehandlingssystem som sikrar at dokumentasjon vert arkivert, samtidig som systemet er trygt i høve personvernlovgiving.
- Innføring av Visma Min Skole – app – til kontakt heim/skule. Fråvere og meldingar legg seg inn i Visma Flyt Skole.
- Innføring av digitale læreverk i alle fag på alle trinn etter ny LK20, på nynorsk.

Utfordringar:

- Skulane ønsker både digitale og fysiske lærebøker. Tilskotet frå sentralt hald til innkjøp av nye læremiddel til fagfornyinga var i 2021 på 136 989 kroner, i tillegg til at vi fekk eit tilskot til innkjøp av digitale læremiddel på 60 586 kroner. Dette utgjer 229,74 kroner pr. elev, og dekker knapt ei lærebok.
- Pandemien og snarlege endringar til ulike nivå i høve trafikklysmodellen var krevjande også for skulesektoren.

Sykylven kommune sine 4 kommunale barneskular og ungdomsskulen syner samla sett ein nedgang i elevtalet, sjølv om nedgangen ikkje er veldig stor enno. Fagfornyinga, med innføring av ny læreplan frå hausten 2020 har vore sentralt i arbeidet ved skulane, sjølv om utfordringane knytt til Covid-19 i stor grad har sett sitt preg på skulekvardagen. Også ny rammeplan for SFO må implementerast for barneskulane. Vidareutdanning av lærarar skjer også i stort omfang, slik også i 2020, og leiarutdanninga i regi av Sunnmøre regionråd har også vore ei satsing ved alle skulane. Samarbeidet mellom skulane er godt, ein deler og lærer av kvarandre. Også på kvar skule og lokalt er det fokus på organisasjonsutvikling og erfaringsdeling.

Grunnskulepoeng dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule og er ein samla poengsum berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterar på vitnemålet. I Sykylven kommune er gjennomsnittleg grunnskulepoeng for 2020/2021 på 41,8. For landet er gjennomsnittleg grunnskulepoeng 43,3, medan det for Møre og Romsdal er 43,0. Jentene i Sykylven scorar høgare enn gutane; 46,4 mot 37,5.

Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Sykylven kommune er ein MOT-kommune, og det meste av dette arbeidet går føre seg på ungdomstrinnet. Barneskulane brukar Lions sitt skulemiljøopplegg "Det er mitt val". Den årlege elevundersøkinga på 7. og 10. trinn viser at det fleste elevane har det trygt og godt på skulen. I 7. trinn svarar totalt 89,9 % av elevane at dei trivast svært godt eller godt på skulen. For 10. trinn er det 81,2 % som svarar at dei trivst svært godt eller godt på skulen. Fleire resultat vil bli presentert i Tilstandsrapporten for grunnskulen. Tverrfagleg samarbeid er viktig, dette gjeld t.d. samarbeid med PPT, barnevernet og helsetenesta. Covid-19-situasjonen har

gjort dette samarbeidet utfordrande dette året, men fokuset har vore på at elevane skal ha det trygt og godt og at dei skal få best mogleg undervisning anten digitalt eller fysisk.

Skulane har innført ny kommunikasjonskanal mellom heim og skule (Visma Min Skole-app) som overfører t.d. fråvære og meldingar til fagsystemet Visma Flyt Skole. Visma Sikker Sak er også blitt teke i bruk for å sikre trygg saksbehandling og arkivering av dokumentasjon i høve dei strenge personvernreglane som gjeld. Lærarane har mangla ein stad å produsere, lagre og arkivere dokumentasjon, og sikre trygg heimsending av dokument. Dette har dei no fått i Sikker Sak, som alle tilsette på skulane har tilgang til ut i frå kva rolle dei har. Elevopplysningar er skjerma, og tilsette må leggast til i aktuelle saker eller dokument for å kunne få tilgang. Dette systemet skal takast i bruk i større grad i løpet av 2022.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at 320 Fellesområde skule har eit stort meirforbruk.

Meirforbruket er først og fremst knytt til området 32000 fellesutgifter skulane, og lisensutgifter til digitale løysingar innanfor skuleverket. Meirforbruket er på 1 357 755, men har også samanheng med ei feilbudsjettering frå året før, og at det vart budsjettet med sentrale tilskot som ikkje kom til felles skule.

Det er også meirforbruk på 159 885 kroner knytt til 32001 skuleskyss. Dette har samanheng med at ein skar ned for mykje i budsjettprosessen grunna at ein tok utgangspunkt i skyssutgifter i ein periode med heimeundervisning grunna korona i 2020.

Også 32003 Spesialundervisning andre skular har eit meirforbruk. Her ligg også logopedkostnadar inne, sjølv om elevane er tilhøyrande kommunale skular. Meirforbruket er på 604 205 kroner. Tendensen er aukande når det gjeld spes.ped. Færre elevar får rett til spesialundervisning totalt sett, men stadig fleire elevar har behov for ganske omfattande tilrettelegging både på skule og i SFO.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Bemanning	2019	2020	2021
Tal elevar	850	832	860
Tal på SFO	150	122	129
Tal plassar barnehage			
Minoritetsspråklege	29	35	35
Tal på timer spes.undervisn.	16 738	14 710	13 175
Norskoplæring	986	1 254	1 375

Status målsettingar

Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1 Få på plass saksbehandlingssystem for lærarar og andre tilsette for å sikre dokumentasjon, arkivering og sikker kommunikasjon heim/skule og andre instansar.	Visma Sikker Sak er under innføring. Skulane har utarbeidd IOP i systemet, og fleire har nytta andre malar som ligg der.
Mål 2 Fornying av lærermiddel i høve fagfornyinga	Skolestudio er innført for alle trinn og i alle fag. Er tatt i bruk. I tillegg er det kjøpt inn utvalde fysiske lærebøker.

Mål 3	Revisjon av kommunal kompetanseutviklingsplan for 2019-2021	Dette har ikkje blitt gjort grunna midlertidig omorganisering av stilling (rådgjevar).
--------------	---	--

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar

320 Fellesområde for skulane er på fleire område knytt til utgifter i høve lovpålagte rettar og plikter. Utgifter knytt til kommunale lisensar på ulike dataprogram må justerast med overføringer frå skulane i større grad enn det som vart gjort i 2021. Elles må sentrale tilskotsmidlar førast som inntekter på dei skulane tilskotet skal overførast til, og ikkje bli lagt inn som inntekt i budsjettet til 320.

Kvalitet og internkontroll

Personell

10-faktor vert gjennomført kvart 2. år i alle skulane. Oppfølging av dette arbeidet varierer litt på skulane. Handtering av smitteverntiltak knytt til handtering av korona-pandemien har hatt hovudfokus. Medarbeidarsamtalar vert gjennomført 1-2 gonger pr. år.

Kompetansehevande tiltak

Rådgjevar skule administrerer søknad og prioritering av Kompetanse for Kvalitet-ordninga til Udir, søknad om utdannings- og rekrutteringsstipend for PPU/PPU-Y og rektorutdanning og lærarspesialistutdanning og lærarspesialistfunksjon. Lærlingar mv – i skulane, dette vert administrert og avtalt av skulane sjølv. Aure skule har hatt lærlingar siste året.

Siste året har det vore fokus på digitale kurs knytt til Skolestudio og vidareutdanning innanfor KfK-ordninga. 8 lærarar har teke vidareutdanning; 3 i spesialpedagogikk, 4 i matematikk og ein i lærarspesialist (matematikk). Sørestranda skule har også gjennomført kursing av ei gruppe tilsette i PMTO-konsultasjon, og alle tilsette er kusa i handtering av vald og trugslar av SPSS. I tillegg har skulane gjennomført kompetansepakkar utarbeidd av Udir knytt til fagfornyinga. Ullavik skule har også gjennomført kompetanseheving for dei tilsette i høve innføring av ny rammeplan i SFO.

Organisasjonsutvikling

Vernerundar er gjennomført på alle skulane. På skulane som er vedtekne nedlagt er det minimalt med utbetringer som vert gjort no.

Samarbeid med tillitsvalde – i aktuelle saker som vedkjem personalet i skulane og generell organisasjonsutvikling. I skulekvardagen skjer det samarbeid mellom skuleleiinga og dei tilsette kontinuerleg, men det er også avtalt nokre faste møtepunkt. Skulane gjennomfører også mini-AMU, der både tillitsvalde og verneombod er med.

Rutine og kontroll

Avvikshandtering i Risk Manager, og avvik vert meldt i varierande grad frå skulane.

Det vart ikkje gjennomført sentrale tilsyn på skuleområdet i 2021 på nokon av skulane.

Whatif skal nyttast til ROS-analyser. Kortstokk for ROS-analyse knytt til skolemiljø er klare til bruk. ROS-analyser har fram til no vorte gjennomført utan skriftleg dokumentasjon.

Brukarmedverknad

Foreldreundersøkinga til Udir vart gjennomført på alle kommunale skular hausten 2021, i tillegg til Elevundersøkinga for alle trinna frå 5. trinn og oppover.

Spekterundersøkinga kartlegg også elevane sin trivsel i skulen. Resultat av dei ulike undersøkingane vert gjennomgått i fellesskap, men utarbeiding av tiltak der det vert vurdert som nødvendig. Skulane har elles FAU/SU, elevråd og drøftingar med tillitsvalde i Utdanningsforbundet og Fagforbundet (som er aktuelle).

Sjukefråvær

Blir rapportert for kvar skule. Sjukefråværet har generelt variert mykje dette året, både pga. Korona, men også anna sjukefråvær. Generelt har skulane hatt fokus på låg terskel for å sende elevar og tilsette heim ved symptom på forkjøling, osb.

3.9 Aure skule og SFO

Kort samanfatning av tenesteområdet

Undervisning og grunnskuleopplæring for 140 elevar i 1.-7. trinn, SFO har 21 elevar. Tilsette: 31 personar

Utvikling og utfordring

Kalenderåret 2021 har vi hatt fokus på omstilling og eit kontinuerleg arbeid for å kome i balanse med budsjettet. Oppnådd resultat: Mindreforbruk på 563.151 kr. Det er utfordrande å snu eit overforbruk frå førre kalenderår. Det har skulen klart gjennom eit kontinuerleg arbeid med fokus på kostnader og reduksjon av bruken av lønnsmiddel.

Kommentar til status økonomi

Rekneskapsresultatet for 2021 viser 563 151 kr i mindreforbruk. Sjå punktet over.

Bemanning	2019	2020	2021
Tal elevar	144	142	140
Tal på SFO	33	24	21
Tal på timer spes.undervisning	3470	2484	3340

Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1 Økonomisk balanse	Kontinuerleg arbeid med fokus på kostnadene og reduksjon av bruken av lønsmidlar.

Oppsummering tiltak / kommentar til drifta frå einingsleiar

2021 har bestått av kontinuerleg arbeid med fokus på kostnadene og reduksjon av bruken av lønnsmiddel.

3.10 Sørestranda skule og SFO

Kort samanfatning av tenesteområdet

Eininga omfattar følgjande tenester: 30200 Sørestranda skule for 1.-7. trinn og 30201 Sørestranda SFO. Skulen hadde 110 elevar, av desse gjekk 34 i SFO. Leiinga har vanlegvis ein rektor i 100 % stilling,

og inspektørressurs i 35 %, i tillegg til SFO-leiar i 30 % stilling. Undervisningsstillingar og assistentstillingar utgjorde til saman 17,29 årsverk.

Utvikling og utfordringar

- Til liks med alle skulane har fagfornyinga hatt stort fokus. Implementering av læreplan og innføring og bruk av digitalt læremiddel (Skolestudio) i alle fag og på alle trinn. Dette digitale læreverket er under utvikling, og er ikkje heilt ferdig enno.
- Skulen har no 1-1 dekning på Chromebøker for elevane og dei tilsette har etter kvart god kompetanse i bruken av desse i klasseromma. Vi har byrja på ei utsifting av gamle smarttavler til digitale smartskjermar (3 stk. i 2021).
- Det å innføre ny læreplan og nye læreverk er vanskeleg nok under vanlege omstende. Men både pandemien og ein del usikkerheit rundt leiarteamet og redusert leiarressurs på skulen, har ført til ekstra store utfordringar i 2021. Felles møtetid har anten måttå gått ut (m.a. grunna heimekontor), blitt gjennomført digitalt eller har måttå gått til informasjon og dagleg drift framfor pedagogisk utviklingsarbeid. Skulen har difor ikkje kome så langt i det pedagogiske utviklingsarbeidet knytt til fagfornyinga som ein skulle ønske.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at Sørestranda skule hadde eit meirforbruk på 203 423 kroner, medan SFO gjekk med eit lite mindreforbruk på -92 617 kroner. Meirforbruket har truleg samanheng med at skulen i løpet av 2021 har hatt fire ulike personar inne i rektorfunksjonen, noko som har bidrege til mindre oversikt og oppfølging i høve m.a. stillinger. Stor bruk av eksterne vikarar (assistentar og ufaglærte lærarar) spesielt i haustsemesteret.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

– Tal henta frå GSI pr. 1. oktober kvart år

	2018	2019	2020	2021
Tal elevar	141	124	113	110
Tal på SFO	39	39	31	34
Minoritetsspråklege	3	2	4	2
Årstimar spes.undervisn.	2480	2337	2878	1481
Årstimar norskopplæring	142	71	114	58

Status målsettingar

	Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Implementering av ny læreplan LK20	Vanlegvis er tiltaket felles pedagogisk utvikling i personalgruppa/teamet. Både grunna pandemien og heimekontor etter undervisning, og redusert leiarressurs, har dette ikkje vorte gjennomført i så stor grad som ønska
Mål 2	Ta i bruk digitalt læreverk Skolestudio	Felles kursing i personalgruppa gjennom digitale møter med Gyldendal. Utprøving og samarbeid på skulane. Det har i løpet av året vorte 1-1 i Chromebøker for elevane. Innkjøp av 3 nye interaktive skjermar som erstattar 3 därlege smartboard-tavler.
Mål 3	Trygt og godt skolemiljø for alle	Høgt fokus på dette i det daglege arbeidet. Innføring av Sikker Sak vil bidra til lettare oppretting av t.d. loggar, referat og aktivitetsplanar som vert trygt arkivert.

Oppsummering tiltak/ Kommentar til drifta frå einingsleiar

Rapporten er skiven av fungerande rektor i perioden 27. september 2021 – 14. februar 2022. Før dette var ein annan tilsett rektor frå 01.08.2021, som vart sjukmeld etter nokre veker. Våren 2021 fungerte inspektør i rektorrolla etter at rektoren vart sjukmeldt. Dette har slik sett vore eit krevjande skuleår for Sørestranda skule. Den totale administrasjonsressursen har vore redusert i lange periodar. Siste året har det vore mykje bruk av vikarar. Eitt tiltak må vere å nytte allereie eksisterande ressursar der det er mogleg. Sørestranda skule har god bemanning og kan i større grad nytte slik intern omorganisering og likevel gi elevane eit godt og trygt tilbod sjølv om ein tilsett er fråverande.

3.11 Ullavik skule/SFO

Kort samanfatning av tenesteområdet

Eininga omfatta i 2021 følgjande tenester: Ullavik skule (30400) og Ullavik SFO (30401). 157 elevar i skulen og 47 barn i SFO. Leiinga består av rektor i 100 % stilling og inspektør i 35 %, i tillegg til SFO-leiar i 30 % stilling. Undervisningsstillingar og assistentstillingar utgjorde i 2021 til saman 22,2 årsverk. 2,6 årsverk gjekk til assistent i skule.

Utvikling og utfordringar

- Hovudfokus når det gjeld fagleg utviklingsarbeid har vore på vidare implementering av læreplanen fagfornyinga (Kunnskapsløftet 2020) og nye digitale læreverk gjennom Skolestudio.
- Skulen har også hatt lærarar på kurs i programering i regi av Regionrådet
- Skulen har 1-1 dekking av Chromebøker og dei tilsette har god kompetanse. Det er digitale tavler/skjermar på alle klasserom
- Det å innføre ein ny læreplan på same tid som ein innfører heilt nye læreverk og læremiddel, er svært krevjande. Det har også vore krevjande å utveksle erfaring og lære av kvarandre i ei tid der ein skal halde mest mogleg avstand og ha heimekontor etter undervisning. Skolestudio som læreverk skal evaluerast til våren. Der er mykje bra, men det er eit uferdig produkt under utvikling. Vi håper at det blir så bra at vi kan lande på ein kombinasjon av digitale og ordinære lærebøker også til neste skuleår
- Andre utfordringar har vore at kapasiteten på nettet har vore for dårlig i høve til at store delar av skulen har vore pålogga på same tid. Dette har til tider gjort undervisningssituasjonen svært krevjande i dei faga ein berre har digitalt læreverk.

Kommentar til status økonomi

Rekneskapsresultatet for 2021 viser at Ullavik skule og SFO har eit mindreforbruk på kr 276 288.

	2019	2020	2021
Tal elevar	158	160	157
Tal på SFO	46	49	47
Minoritetsspråklege med vedtak på særskilt norskopplæring	9	15	19
Tal på timer spesialundervisning	3235 årstimar	2879 årstimar	2907 årstimar

Status målsettingar

Målsetting		Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Innføre læreplanen Fagfornyinga. Innføre rammeplan i SFO	Systematisk arbeid med opplæring av undervisningspersonale og SFO-personalet, gjennom Udir sine kompetansepakkar. Erfaringsutveksling i nettverk gjennom DEKOMP / leiarsatsinga.
Mål 2	Innføre digitale lærermiddel / Skolestudio	Opplæring, erfaringsutveksling, tett dialog med forlaget, kombinasjon med andre lærermiddel, prøving og feiling.
Mål 3	Innføre Visma Sikker Sak og Visma Min Skole-appen	Opplæring av tilsette i fellestid. Opplæring av føresette.

[**3.12 Vik skule/SFO**](#)

Kort samanfatning av tenesteområdet

Eininga omfattar Vik barneskule og Vik SFO. Ved årsslutt var det totalt 140 elevar på Vik skule og 25 born på Vik SFO. Det er det høgaste elevtalet på Vik skule sidan 2002-03.

Utvikling og utfordringar

Vik skule/SFO jobbar systematisk med å sikre elevane eit trygt og godt skolemiljø. Samtidig har det vore 2 år med pandemi og stadige endringar. Det er og har vore utfordrande å sikre eit trygt skolemiljø når tilgangen på kvalifisert personale er avgrensa. Eit stabilt personale og eit lågt sjukefråvær er hovudforklaringa til at Vik skule/SFO har lykkast.

Kommentar til status økonomi

Rekneskapsresultatet for 2021 viser at Vik skule og Vik SFO har eit mindreforbruk. Vi har ikkje god nok tilgang på vikarar og dette har gitt utslag i lågare lønnsutgifter for 2021.

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

	2019	2020	2021
Tal elevar	135	133	140
Tal på SFO	32	18	25
Minoritetsspråklege		20	26
Tal på timer til spesialundervisning	1939	2335	2145
Norskopplæring	0	0	0

Status målsettingar

Vi har som målsetting å gi elevane ei vanleg skulekvardag til tross for pandemien. Vi har stort fokus på god undervisning i klasserommet og trivsel blant elevane. Vik skule/SFO har ikkje stengt

skulen/SFO sidan den nasjonale nedstenginga i 2020. Vi har strekt oss langt for å sikre at det er ein lærar i kvart klasserom kvar einaste dag.

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar
Vi løyser oppgåvane innanfor vedtekne budsjett.

3.13 Sykkylven ungdomsskule og opplæringssenter

Kort samanfatning av tenesteområdet

Eininga omfatta i 2021 følgande tenester:

- Ungdomsskule 314 elevar
- Opplæringssenteret:
 - 110 elevar inkludert kveldskurs på Ekornes
 - Kurs 2 kveldar i veka på Ekornes
 - 5 grunnskuleelevar – 2 av desse går i Ålesund
 - 2 nivå med nybegynnar med ca. 20 elevar totalt.
 - A1-kurs (nivået over nybegynnar): ca. 20 elevar

Utvikling og utfordringar

Begge avdelingane: Auka investering i digitale verktøy og kompetanse.

Opplæringssenteret:

- Etterutdanningsplan, då vi har lovpålagt kompetansekrav for å undervise minoritetsspråklege deltagarar.
- Implementering av nye fagplanar i norsk og samfunnskunnskap
- Arbeid i forbindelse med den nye Integreringslova som tredde i kraft 1.1.21
- Auka kursverksem og samarbeid med næringslivet.
 - Inkluderings- og mangfaldprisen gjekk til Ekornes og Opplæringssenteret har vore ein bidragsytar i forhold til norskopplæring og inkludering.
 - Fått kompetansepluss midlar på 675 000,- for å auke den grunnleggande kompetansen i lesing, skriving, munnleg og rekning. Målgruppa er arbeidstakrar med lav formell kompetanse.
 - Utfordringar: det hadde vore ønskeleg med større stabilitet i den økonomiske situasjonen frå år til år slik at ein kan planlegge meir langsiktig.

Ungdomsskulen:

Fagforsyninga og digital utvikling

- Implementering av nye fagplanar
- Innføring av digital læringsplattform -Skolestudio frå Gyldendal, har kjøpt inn 3 (fysiske) læreverk i KRLE, samfunnsfag og matematikk.

Styrking av laget rundt eleven:

- Fått innvilga LOS-midlar for 2021-22-23- kr 400 000 pr år – tilskot til inkludering av barn og unge og arbeid med skulefråvær.
- I tillegg til helsesjukepleiarane som er på skulen har vi fått psykiatrisk sjukepleiar 2 dagar pr veke, og fysioterapeut 2 t pr veke.

- Utfordringar: Ungdomsskulen ser auka behov for tilsette med kompetanse innan norsk for framandspråklege og morsmålsassistentar eller tolkar slik at vi får gitt eit godt tilbod til framandspråklege elevar og utvikla dette tilboden.

Koronaen sette sitt preg på 2021 også.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at ungdomsskulen og Opplæringsenteret har eit lite mindreforbruk.

Ungdomsskulen og Opplæringsenteret	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik 2021
Ungdomsskulen	31 931 206	32 242 516	-311 310
Opplæringsenteret	2 455 280	2 544 931	-89 651
Totalt	34 386 486	34 787 447	-400 961

Eininga hadde eit lite mindreforbruk i 2021.

SUSK - i hovudsak skuldast dette auke i inntekter i form av sjukelønsrefusjonar.

Opplæringsenteret - auka inntekter pga. høg kursverksem og utfordringar med bemanninga.

Kvalitet og internkontroll

Personell

Opplæringsenteret	2021
OS Introduksjonsprogrammet	13
OS Grunnskule for vaksne	9 +4
OS Spes.undervisn.	3
OS norsk med samfunnskunnskap	19
OS norskkurs	34
OS Kompetansepluss	81

SUSK Elevar	2019	2020	2021
Tal elevar	289	284	315
Minioritetsspråklege	8	4	8
Tal på timer spes.undervisn.	5757	4134	4248
Norskopplæring	204	114	263

SUSK Bemanning	2019	2020	2021
Tal tilsette	46	46	48
Tal årsverk	3648	3555	3723
OS Bemanning	2019	2020	2021
Tal tilsette	9	9	9 / 10
Tal årsverk	7,2	7,2	6,9

- Medarbeidarsamtalar og medarbeidarundersøkingar er gjennomført, vi har hatt samtalar med alle tilsette.

- Vi har gjennomført 10 faktor og levert handlingsplanar innan fristen. Både OS og ungdomsskulen er opptekne av å ha eit godt arbeidsmiljø.

Organisasjonsutvikling

- Vernerunde juni 21
 - SUSK- utbetring av arbeidsrommet for lærarane på ungdomsskulen er prioritert i økonomiplanen i 2024
 - OS - Små utbetringar som meir lys på arbeidsrom og korrigert ytterdør m.a.

Kompetansehevande tiltak

- SUSK- 3 tilsette på KFK vidareutdanning , to i matematikk og ein lærarspesialist i matematikk
- SUSK: 2 lærarar er med på lektor 2: lektor 2 tilbyr kompetanseutvikling og støtte til ungdomsskular som ynskjer å involvere fagpersonar frå arbeidslivet i realfagsundervisninga.
- SUSK har hatt to kurs saman med vidaregåande om den nye vurderingsforskrifta.
- begge avdelingane har hatt interne kurs i digital kompetanse i løpet av 2021
- OS kurs saman med fylkesnettverket i Geiranger oktober 2021
- OS har ein lærar i etterutdanning gjennom kompetanse Norge – norsk som andrespråk
- SUSK har hatt lærling hausthalvåret 2021.

Samarbeid med tillitsvalde:

Det er fleire tillitsvalde på einingane. SUSK har tillitsvalde i Fagforbundet og Utdanningsforbundet, OS har tillitsvald i Utdanningsforbundet. Dei tillitsvalde og verneombodet er med i mini AMU på eininga. Det er jamleg samarbeid med tillitsvalde.

Rutine og kontroll

- Avvikshandtering - avvik blir jamleg teke opp saman med verneombodet
- Tilsyn- ikkje tilsyn i 2021
- Risikovurdering- ikkje risikovurdering i 2021- (skal risikovurdering på fysisk arbeidsmiljø våren 2022). Mini AMU minimum 4 gongar pr år.

Brukarmedverknad

- Brukarutval: FAU 4 gongar pr år, SU 2 gongar pr år.
- Brukarundersøkingar- SUSK gjennomførte Foreldreundersøkinga hausten 2021, i tillegg til den obligatoriske Elevundersøkinga.

Sjukefråvær

Sjukefråvær på eininga er på 11,3% for 2021. Vi ser ein auke frå 2020. Der har vore ein liten nedgang frå 1. til 2. halvår på 0,1%. Det er ulike årsaker til fråværet, det kan vere samansette årsaker. OS har langtidssjukmeldingar som ikkje er arbeidsrelatert- utover dette er det koronarelatert fråvær. Vi har hatt snart 2 år med pandemi, og sjølv om vi ikkje har hatt større utbrot i Sykkylven til no, så har vi hatt same omstillingane som resten av landet med alt frå heimeskule til ulike nivå. Vikarsituasjonen har vore ekstra utfordrande på begge avdelingane. Mange har måttta ta på seg ekstra for at vi skal klare å halde hjula i gong og ha ein tilnærma normalsituasjon for elevane våra både på OS og SUSK. Vi har vore igjennom ein utfordrande periode.



3.14 Kultureininga

Kort samanfatning av tenesteområdet

- Drift og adm. av Sykkylven bibliotek
- Drift og adm. av Sykkylven kulturskule
- Drift og adm. av Sykkylven Storhall
- Drift og adm. av Sykkylven symjehall og Velledalen symjehall Drift og adm. av Sykkylven regionale kunstgrasbane
- Drift av adm. av Sykkylven kulturhus og kino
- Drift av barne og ungdomstiltak som UKM og Open Storhall Idrett og folkehelsetiltak som f.eks. Stikk Ut
- Adm. av tilskotsordningar til museumsformål som Viti og kulturhus/grendahus.
- Andre kulturforvaltningssaker.

Kulturskulen hadde om lag 200 elever i 2021. Stikk Ut hadde ca. 1100 brukarar i 2021. Sykkylven kino hadde ca. 3500 besøkjande og 195 visninger i 2021. Idrettsanlegga er mykje brukt både dag og kveld. Symjehallane er mykje brukt av skulane på dagtid og organisasjonar på kveldstid. Offentleg bading er mest i Velledalen og mindre på Aure.

Møbelmuseum og Naturmuseum er no knytt til Viti – Sunnmøre Museum, gjennom samarbeidsavtale. Dei rapporterer dit. Kommunen overfører avtalt tilskott.

Biblioteket har hatt ei god og stabil drift i 2021 – med utfordringar knytt til opningstider og reglar i pandemien. Hausten 2021 vart det sett i gong planlegging av nye lokale til Sykkylven bibliotek.

Driftsstatus i eininga er god og vi får stort sett levert tenestene. Merk at symjehallane er i drift berre 8 månader i året. Driftsbudsjetta har vore svært krevjande grunna nedgang i inntekter.

Utvikling og utfordringar

2021 var eit svært krevjande år grunna pandemien. Kulturhus og kino hadde 4 nedstengings-periodar, 3 på våren og 1 før jul. Dette gjekk utover billettsal på arrangement og kino. På våren vart fleire arrangement avlyst eller flytta. Hausten gjekk betre – til den 4. pandemibølgja kom.

Kulturhuset fekk likevel gjennomført mange flotte og gode konserter og arrangement. 12 konsertar vart gjennomført med mykje godt program. I tillegg kjem 9 teater og andre ungkultur-arrangement. Her må nemnast 100 års konsertane til Sykkylven Janitsjarorkester og 150 års konsert til Hundeidvik blandakor. Stor suksess må seiast om konserten til Knut Marius Djupvik i mars og Hanne Boel i oktober. RW klubben sine to konserter i september med Steely Dan program var også ein stor

suksess. Kulturhuset er mykje brukt til møter, foredrag og konferansar. Kulturhuset gjekk med eit lite overskott i 2021.

Storhallen fekk problem med den store delingsveggen i hallen. Det måtte til med reparasjon og seinare skifte av elmotor. Dette vart svært kostbart. Elles har hallen fungert godt med nytt ventilasjonsanlegg og nytt lysanlegg. Nedstenging våren 2021 førte til avlyste arrangement og lågare inntekter til hallen. Kunstgrasbana var mykje brukt i 2021. Vi fekk tekniske problem med undervarmeanlegget på hausten. Det viste seg at frostvæska i røyra i bana held dårlig kvalitet. Den må etter kvart bytast ut.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at kultureininga samla hadde eit meir forbruk på 949.405

Dei største avvika kjem fram slik:

Storhallen	386.000	repr. og utskifting av elmotor delingsvegg
Kunstgrasbane	146.000	repr. undervarmeanlegg/pumper.
Sykkelven kino	132.000	mindreinntekter kinobesøk i høve budsjettmål
Kulturskulen	208.000	mindreinntekter elevtal i høve budsjettmål.

Status målsettingar

Målsetting		Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Auke talet i kulturskulen til 230	Aktiv marknadsføring og rekrutteringskonsertar, Blås i skulen Status: ikkje oppnådd grunna pandemien
Mål 2	Auke talet i besøk ved kinoen til	Aktiv marknadsføring, stabil drift og aktuelle filmar. Status: ikkje oppnådd grunna pandemien
Mål 3	Auke talet på deltakarar i Stikk Ut	God etablering og oppfølging av tiltaket. Status: oppnådd

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar

- Vi har hatt fleire møter med kommuneleiinga om budsjettet og gjennomgang av drifta. Det er tatt ut vesentlege summar på driftsbudsjetta for å kome i balanse. Ca. 400.000 i kulturskulen og ca. 400.000 på andre område. Dette for å dekke tap av inntekter. Kulturskulen har sett på vent tilbodet om Kunst og handverk og litt andre tilpassingar, og har no ca. 0,8 årsverk lågare enn førre skuleår. Grunnlag for budsjett 2022 og talet på elever i kulturskulen er om lag 200 elever. Dette bør vere eit realistisk nivå framover.
- Det er i hovudsak verknaden av pandemien som gjer at ein ikkje kjem i balanse. 4 nedstengingar i 2021 er vanskeleg å handtere. Det tar tid å få elevar og publikum tilbake.

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemanning	2019	2020	2021
Tal tilsette	23	23	23
Tal årsverk	11	10	9.97

Organisasjonsutvikling

- Vernerunde er gjennomført på dei fleste område

- Kompetansehevande tiltak: Nokre fagkurs og møter/konferanse
- Ingen lærlingar
- Samarbeidet med dei tillitsvalde fungerer godt

Rutine og kontroll

- Avvikshandtering blir lite nytta
- Ingen tilsyn i 2021
- Ingen konkrete risikovurderinger er gjennomført i 2021

Sjukefråvær

- Sjukefråværet har vore lågt i mange år. God stabilitet og trivsel
- Covid-19 kan nemnast her: Høg aktivitet og nærvær i Covid 19 perioden. Mykje arbeid med tiltak, reglar, sprit i alle lokalar. Det har vore svært krevjande i periodar. Dei tilsette har gjort ein formidabel jobb. Alt frå lokale tilpassingar, digitale arrangement, sperringar, sprit og vaskerutinar og digital undervisning i kulturskulen. Eit fantastisk engasjement og kreativitet for å halde hjula i gang og tenestene oppe. Imponerande!

4. Helse, omsorg og velferd

Helse, omsorg og velferd omfattar følgande tenester i 2021

- Tenestekontoret/koordinerande eining
- Legetenestene
- Barne- og familietenestene
- Bu- og rehabiliteringstenesta
- Bu- og aktivitet senteret
- NAV (Sykylven og Stranda interkommunale NAV kontor)



Kommunalområdet helse, omsorg og velferd omfatta i 2021 4 einingar, og i tillegg avdelingane tenestekontor/koordinerande eining og legetenestene fra 01.07.21. Helse og omsorgstenestene er i hovudsak lovpålagte oppgåver, og omfattar eit vidt spekter av kommunale tenester.

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen skal tilbys nødvendige helse og omsorgstenester. Kommunens ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har eit særleg ansvar for dei som fell utanfor eller ikkje får tilstrekkeleg hjelp frå andre velferdsordningar. Tenester frå NAV må sjåast på i samanheng med kommunen sine andre velferdsområde.

2021 har vore nok eit særleg år for helse, omsorgs- og velferdstenestene. Covid- 19 pandemien bidrog til eit massivt vaksinasjonsprogram, periodar med inngripande ned stenging, som har hatt store konsekvensar for einingane. Mange tilsette, og særleg leiarar har vore omdisponert til oppgåver knytt til pandemien som smittesporing og vaksinasjonsarbeid. Alternative måtar å oppretthalde drift på, liten grad av fysiske møtestader både for tilsette og for pasientar, har vore mykje av kvarldagen i 2021. Kostnadane knytt til TISK-funksjonane (Test, isolering, smittesporing og karantene) saman med vaksinasjonsarbeidet er i det vesentlege dekka av statlege overføringar gjennom året.

Høgt sjukefråvær og store rekrutteringsutfordringar pregar mange av tenesteområda, og det har vore eit særleg krevjande år, likevel har det vore fokus på å sikre god omsorg i einingane. Auka bruk av velferdsteknologi for å auke fokus på sjølvstendigheit og meistring og aktivitet, er ivaretatt gjennom det nasjonale velferdsteknologiprogrammet.

I åra framover vil talet på eldre i Sykkylven kommune auke, og sannsynlegvis også behovet for tenester på alle nivå i omsorgstrappa. Det er avgjerande at kommunen greier å tilby tenester på rett nivå til rett tid. Det vil vere vesentleg at kommunen sikrar innsats på alle nivå i ei innsatstrapp, nettopp for at innbyggjarane skal kunne bu i eigen heim lengst mogleg, og få helse og omsorgstenester ut frå behovet.

Pandemien har også medverka til ein auke i behov for å styrke tenestene innan psykisk helse særleg for barn og unge.

Viktige hendingar i 2021 for helse, omsorg og velferdstenestene

- Oppretting av kommunalt legesenter med vertskommunesamarbeid med Stranda om felles legevakt med Sykkylven som vertskommune
- Vertskommunesamarbeid med NAV mellom Stranda og Sykkylven med Sykkylven som vertskommune
- Flytting av NAV til nye lokale
- Etablering og gjennomføring av vaksinering og der målet om ein høg del fullvaksinerte for Covid-19 vart nådd
- Helse og omsorgsplanen vart vedteken i juni 2021 og det er igangsett arbeid med å iverksette tiltak for å nå måla

4.1 Tenestekontoret/koordinerande eining

Kort samanfatning av tenesteområdet

Avdelinga omfatta i 2021 koordinerande eining og tenestekontoret:

Ifølge helse- og omsorgstenelova § 7-3 skal kommunane ha ei koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, eininga har eit særleg ansvar for å sikre heilsakplege og koordinerte tenester til pasientar og brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester etter helse- og omsorgstenelova.

Tenestekontoret tek i mot og behandler alle søknader på helse - og omsorgstenester. God sakshandsaming er særskilt viktig for pasientar og brukarar som har behov for helse- og omsorgstenester. Målet med tenestekontoret er blant anna å profesjonalisere sakshandsaming prosessen og skal sikre at innbyggjarane skal ha «ei dør» inn til tenestene. Målet er å til ein kvar tid å finne rett omsorgsnivå for den enkelte pasient. Kvar enkelt sak vert individuelt vurdert, evaluert, og medverknad vert sikra. Rettssikkerheita vert ivaretaken og omsynet til rett bruk av offentlege ressursar, som kan vere ei utfordring.

Kva for oppgåver og ansvar vert ivaretatt:

- I 2021 vart det handsama omlag 665 saker. Dette gjeld helse- og omsorgstenester som heimesjukepleie, praktisk bistand med og utan opplæring, velferdsteknologi,

kvardagsrehabilitering, støttekontakt, pårørandestøtte som avlasting (for born og voksne) og omsorgsstønad, korttids- og langtidsopphald i institusjon og omsorgsbustadar.

- Fleire enn 100 av sakene som har vore sakshandsama har vore pasientar til korttidsopphald
- Ansvar for tverrfaglege møter
- Tildeling av private bustader med kommunal tildeling
- Ansvar for samhandling med spesialisthelsetenesta, saksbehandling av elektroniske meldingar, ansvar for utskrivingsklare pasientar.
- Møter med pasientar, brukarar og pårørande der ein rettleiar og gir informasjon om tenestene for å sikre rett nivå på tenesteutforminga
- Systemansvar for individuell plan og koordinator funksjonen. Det er omlag 50 born og unge som blir følgt opp med ansvarsgruppe, der koordinerande eining har koordinatorfunksjonen i over halvparten av desse.

Utvikling og utfordringar

Ny organisering krev endring av kultur, dette vert det jobba kontinuerleg med, og avdelinga er på veg i rett retning. God samhandling mellom ulike einingar og sektorar er særstakt viktig, og tenestekontoret og koordinerande eining er pådrivarar for godt tverrfagleg samarbeid og god samhandling.

Det har vore arbeidd i tett samarbeid med ulike aktørar/einingar, pårørande og brukarar/pasientar for å sikre god kartlegging og sakshandsaming i kvar enkelt sak og for å sikre innsats på rett nivå. Dette er også i tråd med Sykkylven kommune sin helse- og omsorgsplana.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser eit mindre forbruk på kr. 374 112.

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik rekneskap mot budsjett 2021
40701 Tenestekontor	2 509 960	2 646 931	-136 971
40702 Ferdigbehandla pasientar	62 859	300 000	-237 141
Totalt	2 572 819	2 946 931	-374 112

Mindreforbruket er blant anna knytt til utskrivingsklare pasientar, noko som varierer frå år til år. I 2020 vart eit meirforbruk. Resten av mindreforbruket er blant anna knytt til vakant stilling.

Noko av utfordringa er at tenestekontoret har lisensar som blir fakturert, og som det ikkje er budsjett for. Det er ikkje tatt stilling til kven som skal «eige» desse, for eksempel gjeld Visma samspel IP som utgjer 100.000 pr år.

Status målsettingar

Målsetting		Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Opplæring og informasjon om tenestekontor/koordinerande eining	Delvis gjennomført, forseinka ut frå målet grunna pandemien
Mål 2	Arbeid på systemnivå med individuell plan (IP) og ansvarsgrupper	Delvis gjennomført. Bruker mykje av tida på å vere koordinatorar, då det er

		utfordrande å rekruttere koordinatorar i kommunen
Mål 3	Internkontroll- rutinar, prosedyrar	Delvis gjennomført

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar

Pandemien har også prega tenestekontoret og koordinerande eining i 2021, i tillegg har ei stilling vore vakant delar av året. Dette har gjort til at ein ikkje har lukkast å nå alle mål som avdelinga har sett seg.

Sakshandsaminga er mindre fragmentert med oppstart av tenestekontoret og skal gjere den meir profesjonell i forhold til krav om individuell vurdering, omsyn til brukarmedverknad og det å gi eit likeverdig tenestetilbod. God tverrfagleg samhandling er viktig for å gi innbyggjarane i Sykkylven kommune rett teneste til rett tid og på rett nivå, tenestekontoret har ei sentral rolle for å lykkast i desse måla.

Frå 2022 vert det ei endring i organisering, der fleire funksjonar vert samla i ei ny avdeling. Både fysioterapeutar (kommunale og dei med driftstilskot), ergoterapeutar, konsulent for Velferdsteknologi, hjelphemiddelteknikar, formidling av hjelphemiddel, innsatsteam og frivilligkeitssentralen vert samla, og dette ser tenestene fram til. Særleg med tanke på å levere teneste på lavast mogleg nivå, fokus på førebyggjande tiltak, god samhandling og tverrfagleg samarbeid.

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemannning	2019	2020	2021
Tal tilsette	1 (frå nov)	4	4
Tal årsverk	1	3,5	3,4

Det er ikkje gjennomført medarbeidarsamtalar i 2021, men det har vore ein tett dialog i lita avdeling med eit tett dagleg samarbeid. Avdelinga har ikkje delteke i 10-faktor, grunna at avdelinga var for lita i 2021.

Organisasjonsutvikling

To tilsette har tatt vidareutdanning i sakshandsaming/helserett.

Rutine og kontroll

Ikkje hatt avvik, eller noko form for tilsyn i 2021.

Sjukefråvær


Det har vore eit lavt 1,5% sjukefråvær i 2021 mot 1,1% i 2020, og ikkje vore behov for særskilte tiltak.

4.2 Legetenestene

Kort samanfatning av tenesteområdet

Legetenestene består av legesenteret og Sykkylven og Stranda interkommunale legevakt, med kommunal drift frå 01.07.21. Legesenteret har heimlar til 8 legar (to næringsdrivande og 6 kommunalt tilsette), ein LIS1 lege og 7,1 årsverk hjelpepersonell som består av sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og bioingeniørar og kontorleiar i 50 %. Interkommunal legevakt omfattar 3 kommunalt tilsette legevaktslegar og 3 x 0.55 årsverk hjelpepersonell (sjukepleiarar) i tillegg har ein av sjukepleiarane i tillegg 25 % stilling som leiar dagtid.

Kommuneoverlege er interkommunal med Stranda og har 50/50 fordeling.



Utvikling og utfordringar

Første halvår 2021 var fortsatt legetenestene i privat drift. Kommunen tok over kommunal drift frå 01.07.2021. Det har vore krevjande og utfordrande å starte eit kommunalt drive legesenter med i hovudsak berre nye legar midt i ferieavviklinga. Ein har sett at å behalde dei kommunalt tilsette legane som var med frå starten vart krevjande. Fleire valde utover hausten å slutte. Nokre av innspela som har komne, er for lange lister og dermed høgt arbeidspress og for lange arbeidsdagar saman med eit legesenter under etablering som har vore krevjande. Det har difor vore naudsynt å nytte legar frå vikarbyrå for å dekke opp behovet for legar både ved legesenteret og legevaka gjennom heile hausten.

Hovudfokuset første halve driftsår har vore å etablere gode rutinar og prosedyrar med fokus på å sikre kvalitet og internkontroll. I tillegg har tenesta vore opptatt av å bygge ein ny kultur i eit kommunalt drive legesenter.

Kva fekk ein gjort i 2021:

- Pussa opp og oppgradert legesenteret til kommunal overtaking 01.07.21
- Tatt i bruk kvalitets- og koordineringsverktøyet Trinnvis for betre kvalitets- og internkontroll system
- Innført nytt telefonsystem med nye funksjonar, blant anna «ring tilbakefunksjon» for betre tilgjengeleghet for innbyggjarane
- Styrka innsats på hjelpepersonellsida på blant anna skiftestue oppgåver, for å sikre større avlastning på legane
- auka fokus på å etablere ein heilt ny kultur i eit nytt legesenter med nye tilsette for å sikre eit framtidsretta legesenter

- auke på leiarsida med førebels innleige av konsulent
- starta arbeid med å få på plass rutinar, oversikt, kontroll, og kvalitet, Effektivisering av drifta der både kvalitetsarbeid, rutinar og internkontroll skal bidra til meir saumlaust system
- Redusert listelengd der det har vore mogleg for å redusere det høge arbeidspresset
- Kvalitetssikra tregt journalsystem som gjorde arbeidskvardagen for legane krevjande frå starten
- Meir bevisst haldning til vilkår vikarbyrå legg fram i val av vikar, samtidig som kvalitet og erfaring er viktige kriteria i val av rett vikar

Målet om å vere eit meir tilgjengeleg legesenter for innbyggjarane, sikre god kvalitet og ein god kultur, er eit kontinuerleg forbetningsarbeid som vert arbeidd vidare med framover også i 2022.

Rekrutteringsutfordringane i høve å få tilsett allmennlegar i faste stillingar har vore krevjande, og også Sykkylven merkar den nasjonale fastlegekrisa, og generasjonsskiftet. Ein ser at det vert stilt krav til meir vanlege arbeidsdagar, lita eller ingen vaktbelastning, og som medfører færre pasientar på listene. At listene vert redusert yttarlegare, er moglege tiltak som må vurderast framover for å få rekruttert legar til legesenteret.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at legetenestene i Sykkylven har eit stort meir forbruk på kr. 13 940 804.

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik rekneskap mot budsjett 2021
40502 Medfinansiering somatiske tenester	-	20 000	-20 000
40503 Nødnett helse/legevaktssentral	958 062	750 000	208 062
40711 Testing og massevaksinering	93 491	-	93 491
40720 Legesenter (kommunalt frå 01.07.21)	9 780 703	1 010 235	8 770 468
40721 Kommuneoverlege (felles med Stranda)	469 597	-	469 597
40722 Legevakt (felles med Stranda)	2 638 951	-	2 638 951
Totalt	13 940 804	1 780 235*	12 160 569

*budsjett frå 01.07.21 – Budsjett for perioden 01.01-30.06.21 var på kr. 9 120 895. Forbruk før kommunal overtaking kr. 8 110 660.

Meirforbruket skuldast i hovudsak:

- Litt for lavt budsjett på nødnett som er varslingssystemet for akutt behov for helsehjelp
- ikkje budsjett for kommuneoverlege i kommunen sin andel av interkommunal kommunelege frå oppstart kommunal drift
- ikkje lagt eige budsjett for kommunalt drifta legevakt

- ikkje budsjett for den legesituasjonen det kommunale legesenteret vart råka av ved oppstart frå 01.07.2021
- ein vikarlege frå vikarbyrå er meir kostbar enn ein kommunalt tilsett fastlege og både reisekostnader og husvære vert det då stilt krav om i tillegg og dette var ikkje lagt inn i budsjett
- etablering av noko nytt tar tid, og særleg i ein pandemi og med ei nasjonal fastlegekrisje
- inntekt eigendelar og refusjon Helfo har vore lågare enn budsjettet i 2021, fleire faktorar

Det var gjort gode berekningar for å ta over legesenteret i kommunal drift frå 01.07.2021. Likevel ser ein at det har vore utfordringar knytt til budsjett og rekneskap frå starten. Legesenteret starta i communal drift med vikar på ein ledig heimel, og 4. kvartal 2021 hadde 3 legar ved legesenteret og 2 ved interkommunal legevakt allereie sagt opp. Høgt sjukefråvær har også prega oppstarten av legesenteret, og har også bidratt til høg bruk av innleige av legevikarar frå vikarbyrå. Ein lukkast ikkje å få tilsett nye legar seinhausten 2021.

Status målsettingar

Det er eit mål om å etablere eit framtdsretta og tilgjengeleg legesenter som er godt for innbyggaren å kome til, og ein god arbeidsplass for dei som skal arbeide der.

Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1 Etablere eit kommunalt legesenter	Etablering er gjennomført, men målet om eit nytt legesenter med nye tilsette legar er berre delvis nådd, då det har vist seg svært vanskeleg å behalde og rekruttere nok legar til legesenteret
Mål 2 Etablere ei interkommunal legevakt	Interkommunal legevakt er etablert og målet er nådd.
Mål 3 Etablere betre vilkår for fastlegane i daglegevakt helg enn som særavtalen sfs2305	Avtale er utarbeidd og drøfta med allmennlegeutvalet i Stranda, og med legegruppa i Sykkylven, men ein har ikkje lukkast å få denne på plass.

Oppsummering tiltak og kommentar til drift 2021

Det har vore eit mål heile første halve driftsår av Sykkylven legesenter å oppretthalde nok legar for å kunne sikre rett til helsehjelp til innbyggjarane. Dette har medført dyr innleige av vikarlegar i hovudsak frå vikarbyrå. Utlyste stillingar har ikkje bidrige til rekruttering av nye legar for tilsetting. Det viser seg at høge lønningar og communal tilsetting ikkje er nok. Det har vore viktig å sjå på kva



vilkår legane har utover sjølve avlønninga. Redusert listelengd som medfører mindre arbeidsbelastning, mogleheit for betre oppfølging av pasientane og meir normale arbeidsdagar, er viktig når ein skal rekruttere fastlegar framover. Sykkylven som landet sett under eitt, står overfor ei nasjonal fastlegekrise som rammar Sykkylven særleg hardt i oppstarten av eit kommunalt drive legesenter. Det har vore ein svært krevjande oppstart, men likevel med mål om at det vert eit godt og framtidsretta legesenter i Sykkylven. Fleire innbyggjarar har kontakta både legesenteret men også administrasjonen med ulike problemstillingar. Det har vore fokus på å ta med desse sakene etter avtale til forbettingsarbeid ved legesenteret. Det har vore krevjande å ikkje vere nok tilgjengeleg eller ha nok timer raskt nok til innbyggjarane når dei tek kontakt, men det har vore arbeidd særleg med å finne gode rutinar og gode verktøy for å vere eit meir tilgjengeleg legesenter for innbyggjarane i 2021.

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemanning	2019	2020	H-2021	kommentar
Tal årsverk/tilsette legar ved legesenter	-	-	8+1 (Lis1)	2 næringsdrivande – begge vikarar 5 kommunalt tilsette – 3 i oppseilingstid ved årsslutt 1 vikar frå oppstart 01.07.21
Tal tilsette legar legevakt	-	-	3	1 fast tilsett frå oppstart 2 vakante med vikarar pr 31.12.21
Tal årsverk hjelpepersonell legesenter	-	-	7,1	Inklusiv 0,5 årsverk kontorleiar
Tal tilsette hjelpepersonell legesenter	-	-	9	
Tal årsverk hjelpepersonell legevakt	-	-	1,9	0,25 årsverk leiar og 3 x 0,55 årsverk hjelpepersonell
Tal tilsette hjelpepersonell legevakt	-	-	3	
Tal årsverk kommunelege	0,5	0,5	0,5	Interkommunal med Stranda 50/50

Organisasjonsutvikling

Vernerunde er gjennomført før oppstart og etter 3 månaders drift. Bedriftshelsetenesta har utarbeidd rapport på forbettingsområde, blant anna arbeidsplassvurderinger

Det er gjort arbeidsplassvurderinger og kartlegging viser at særleg hjelpepersonell har mindre tilfredsstilende arbeidstilhøve. Det er ikkje direkte dagslys, trøngt, vanskelege lydforhold med mykje støy og hektisk miljø, og det er lite tilpassa arbeidsplassar i skranke og på kontor for personell i telefon mv. Det er lite å gjere av tiltak grunna allereie altfor små lokale, men det er gjort nokre vurderinger som må sjåast på. Personalfasilitetane er også manglande. Det er ikkje tilgjengeleg gode garderobeforhold, ikkje dusj eller skifterom for legane og berre ei lita trong garderobe for hjelpepersonell.

Leigeavtale av lokala frå privat aktør står til juni 2025. Prosess med å vurdere lokale til eit nytt legesenter er sett i gang og det hastar å kome i gang med prosess fram mot opphør av leigeavtalen

Kompetansehevande tiltak:

- LIS1 (turnuslege) har rettleiing frå ein supervisor

- LIS3 (lege i spesialisering) har rettleiing i spesialisering – 2 av dei tilsette fastlegane har vore under spesialisering hausten 2021
- Kommuneoverlege tek spesialisering i samfunns medisin
- Ein helsefagarbeidar har praksis ved legesenteret
- internundervisning vart hausten 2021 i liten grad gjennomført
- legane har ikkje etablert tillitsvald etter at tillitsvald lege i oktober trakk seg frå vervet
- legane har ikkje etablert allmennlegeutval, og heller då ikkje vald representantar til samarbeidsutval i 2021. Det har frå administrasjonen si side vore tilrettelagt med innkalling til møte hausten 2021 for å legge til rette for at legane skulle sikre desse utvala og tillitsvald
- Tillitsvald for hjelpepersonell er etablert og det har vore nokre saker som har vore tatt tak i

Rutine og kontroll

- Det har vore meldt 6 avvik hausten 2021 gjennom bruk av RM - risk manager, og avvika har vore løyst på lågaste nivå
- BHT – bedriftshelsetenesta gjennomførte hausten ei risikovurdering av fare for vald og trugslar ved legesenteret
- Det har ikkje vore tilsyn med legesenteret i 2021
- Det har vore fleire samtalar med fylkeslege og statsforvaltar for å få råd undervegs

Sjukefråvær

Sjukefråværet har første halve driftsår vore høgt med eit gjennomsnitt på 14.1 % med eit særleg høgt sjukefråvær i november og desember. Både hjelpepersonell og legar har hatt både korttids- og langtidsfråvær, men det var eit særleg høgt langtidsfråvær hjå legane mot slutten av året. Det har vore eit høgt arbeidspress der legesenteret har vore i ein særleg situasjon med høg turnover sidan oppstart. Sidan det var første halve driftsår, er det ikkje noko samanlikningsgrunnlag i sjukefråvær.

Det har vore fokus på å sikre dialog og oppfølging av sjukmelde, og fokus på tilrettelegging for å behalde legar. Det er ikkje utført medarbeidarundersøking og det har ikkje vore gjennomført 10-faktor første halve driftsår.

4.3 Barne- og familietenestene

Kort sammafatning av tenesteområdet

Barne- og familietenestene omfatta i 2021 følgjande tenester:

- Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmor
- Pedagogisk psykologisk tenestene (PPT)
- Spesialpedagogar i barnehage (administrasjon)
- Flyktningtenesta
- Barnevernteneste
- Ergoterapeut
- Kommunefysioterapeut
- PMTO-team (foreldrerettleiing)
- Frivilligsentralen og Føniks aktivitetshus

2021 har i stor grad vore prega av pandemi og tilpassing av tenestetilbod, samtidig med omdisponering av personale. Det vart tidleg i pandemien lagt føringar frå sentralt hold at tenester til

barn og unge skulle oppretthaldast og at tilsette skal vere til stades og fysisk tilgjengelege. Dette er i stor grad gjennomført, takka vere stor vilje til fleksibilitet og innsats blant dei tilsette. Omdisponering av personell til andre oppgåver var likevel utfordrande og medførte stor meirbelastning i periodar.

Tenestetilbodet er utforma i tråd med lov og regelverk, tilpassa til lokale planar, behov og utfordringar.

Utvikling og utfordringar

Sjølv om kartleggingar til no viser at dei fleste barn og unge i Sykkylven gir uttrykk for høg grad av trivsel i skule, heim og fritid, gir stadig fleire unge uttrykk for at dei slit med einsemd og psykiske vanskar. Målet er å nå denne gruppa på eit tidleg tidspunkt og kunne gi god og rett hjelp. Familien er den viktigaste ramma rundt eit barn sitt liv og utvikling. Sosiale ulikheiter er risikofaktorar som påverkar grunnlag for barn og unge sine levekår og livskvalitet. Dette både i høve fysisk og psykisk helse, sosial aktivitet og trivsel generelt, og som vil kunne gi følgjer for helsetilstanden resten av livet. Ein god familiepolitikk legg grunnlaget for ein trygg oppvekst, betre livskvalitet og på sikt auka deltaking og inkludering i samfunnslivet. Samstundes er altfor mange barn og unge er ramma av låginntekt og utanforskap, med færre mogleigheter enn sine jamaldrande til å skape eit godt liv for seg sjølv. Det er på grunnlag av dette viktig med tverrfagleg fokus og samarbeid.

Barn og unge har i 2021 mangla tilbod om psykolog, som er ei lovpålagnad teneste, og behovet for slik kompetanse er stort. Ser ein på den aukande pågangen i skulehelsetenesta og kartlegging i Ungdata, er det ei stor utfordring at Sykkylven kommune ikkje har psykolog til barn og unge (0-18 år). Dette er ei lovpålagnad teneste og må innarbeidast i budsjettet.

Fylkeskommunen set også krav til psykologkompetanse lokalt, dersom dei skal halde fram med å kjøpe tenester frå PPT til vidaregåande skule. Vi har ved hjelp av pandemimidlar til styrking av psykisk helsearbeid for barn og unge, hatt prosjektstilling som psykiatrisk sjukepleiar i skuleåret 2021/22. Dette har vore eit avgjerande supplement til skulehelsetenesta, og ein har her fått synleggjort og dokumentert behovet for spesialkompetanse i psykisk helse.

Helsestasjon, jordmor og skulehelseteneste

Helsestasjonen følgjer anbefalt helsestasjonsprogram i nasjonalfaglege retningslinjer. I tillegg har ein fokus på foreldrerettleiing og tilbyr COS-gruppe både på dagtid og kveldstid. Det vert erfart at mange føresette treng ekstra oppfølging utover rettleiarene, og at helsejukepleiar brukar mykje tid på dette. Skulehelsetenesta har hatt eit utfordrande år, der pandemien har kravd mykje. Ein ser eit aukande behov blant barn og ungdom for nokon å snakke med. Problemstillingane dei står i er varierte, men fleire strevar med si psykiske helse, utfordringar knytt til mat, sjølvskading og auka skulefråvær av ulike årsaker, for å nemne nokre få. Helsejukepleier har prioritert å være til stades ute i skulane, med dei smitteverntiltaka som har vore nødvendig for å gjennomføre dette. Vi opplever ei auke i elevar på drop-in på treffetid, samt ei auke i oppfølgingssamtalar. Dette gjeld både barneskulane, ungdomsskulen og vidaregåande skule.

Helsestasjon for ungdom (HFU), har halde open gjennom heile skuleåret som eit drop-in tilbod, då det er vurdert at det har vore viktig for ungdommiane. Helsestasjonen har tilsett jordmor i 75% stilling. Stort sett alle gravide har nytta seg av tenesta og alle har fått det tilbodet som retningslinjene tilseier gravide skal ha i 2021. I tillegg har det vore gitt individuell oppfølging utover basisprogrammet, der behovet har til sagt dette. I sommarferien har det ikkje vore leigd inn jordmorvikar og gravide har då tatt kontakt med legesenteret.

I 2021 fekk barn og familie tilskot frå helsedirektoratet, og fekk tilsett fysioterapeut i 40% prosjektstilling. Målet med prosjektet har vore bakgrunn i folkehelseprofilen og den auka førekomsten av overvekt og fedme i kommunen. Målet er å bidra til gode livsstilsvaner, kosthald og fremme fysisk aktivitet både på skulen og i fritida. Tilskot til «målretta arbeid opp mot flyktningar og deira familie» er gjennomført ved å ha ein fast helsejukepleiar som følger opp desse familiene saman med Flyktingenesta.

I skuleåret 2021/2022 har barne- og familietenesta fått midlar frå Statsforvaltaren til stilling som psykiatrisk sjukepleier. Ressursen har bidrige til trefftid på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Erfaring frå prosjektet viser at det er heilt tydeleg at kommunen manglar eit lågterskeltilbod til dei som treng det mest i form av psykolog, og som må vente alt for lenge på ein plass på BUP.

PPT

PPT er ei gjennomgåande teneste frå barnehage, gjennom grunnskulen til vidaregåande opplæring i kommunen, som er med på å sikre god heilskap og samanheng i opplæringa for den enkelte elev. Det er faste møtepunkt mellom PPT og spesialpedagogane i førskule og med privatpraktiserande logopedar. Det har stort sett vore eit stabilt tal meldingar til PPT frå dei ulike instansane. Mange av meldingane i førskule er innanfor språkvanskar. Frå skule er det hovudsak innan merksem, skulefaglege utfordringar og åtferd. PPT nyttar førtilemeldingsfase og utprøving av tiltak for å sikre tidleg innsats. Gjennom Stortingsmeldinga som kom blir det ei endring i mandatet til PPT slik at ein no skal vere tettare på barnehage/skule for å vere ein meir aktiv støttespelar for instansane i arbeidet med eleven og barnet.

Det har vore eit godt tverrfagleg samarbeid i 2021, på tross av pandemien. Det har blitt lagt vekt på å utarbeide gode rutinar for god samhandling.

PPT samarbeider med fylket/vidaregåande skule i kommunen, og i dag kjøper fylkeskommunen ei 50% stilling hjå PPT. I den nye kravspesifikasjonen frå fylket er det no tatt inn at PPT må stille med psykologressurs for at denne avtalen skal videreførast frå 2023. Etter at den kommunale psykologen slutta i desember 2020 og kommuneleia tok bort stillinga i samband med rammereduksjon, har dette vore utfordrande. Det er viktig å arbeide for at dette blir eit tilbod kommunen kan gjere seg nytte av, ikkje berre inn mot vidaregåande skule, men også inn mot yngre elevar i kommunen.

Flyktingenesta

I 2021 busette kommunen 13 flyktningar. Desse var frå Afghanistan, Sør Sudan, Syria og Kongo. Fordelinga var 6 born og 7 vaksne. Dei vart alle busette i kommunale bustader. Tre av borna starta ved Aure skule medan dei andre tre byrja ved Krikane barnehage.

Dei vaksne starte på introduksjonsprogrammet ved Sykkylven opplæringssenter.

I 2021 var det 9 personar som avslutta introduksjonsprogrammet. 55% hadde overgang til arbeid, medan 11% hadde over gang til høgare utdanning. Dei resterande 33% er likt fordelt til grunnskule for vaksne og vidare oppfølging av NAV. Flyktingenesta har fått tilskot frå Statsforvaltaren til å gjennomføre symjeundervisning for nybusette flyktningar. To familiarar har vore med som andelsjordbrukarar denne sesongen gjennom Spiren andelsjordbruk, og dette har vore nyttig i forhold til å vere ein ny sosial arena for dei til å lære om norsk kultur og språk.

Barneverntenesta

Barneverntenesta hadde i 2021 fokus på kjerneoppgåvene, som mottak av meldingar, gjennomføring av undersøkingar og tiltaksarbeid. Oppfølging av born og unge i fosterheim og på institusjon er og eit prioritert arbeid. På grunn av koronasituasjonen har det forebyggande arbeidet, som t.d. gjennomføring av rusførebyggande tverrfagleg arbeid, ikkje blitt gjennomført. Barnevernstenesta har delteke på Tenestestøtteprogrammet, eit utviklingsstøttande tiltak i regi av Bufdir og Statsforvaltaren. Fokusområde har mellom anna vore på utvikling av meldingsavklaring, undersøkingsarbeidet samt tiltaks- og tiltaksplanarbeidet vårt.

Det har vore ei auke i tal høgkonfliktsaker mellom foreldre som ikkje bur saman, og det er stort behov for tiltak med familieterapi. Det er ein auke i saker der barn er vitne til vald i nære relasjoner eller sjølv er utsett for vald frå nære relasjoner. Mange unge slit med eiga psykisk helse, og opplev å ha det vanskeleg både heime og på skulen.

Førebuing til barneversreforma 2022, med meir ansvar overført frå Bufetat til kommunane, har prega mykje av planleggingsarbeidet i 2021. Interkommunalt grupperettleiingstilbod til alle nye fosterheimar er etablert 31.12.2021, gjennom interkommunalt samarbeid, med ein årleg kostnad.

Ergo- og fysioterapiteneste

Alle barnehagane i Sykkylven kommune er godt i gang med integrering av Solid Start Sykkylven i sin barnehagekvardag. Frå starten av barnehageåret 2021/2022 byrja alle småbarnsavdelingane i kommunen, både i kommunale og private barnehagar, implementeringa på avdelingane for dei minste barna. Oppfølginga frå ergo- og fysioterapeut i barnehagane hausten -21 førte til vurderingar av 9 enkeltbarn som vart tilvist under hospiteringane. Målet er å komme så raskt som mogleg inn med den rette hjelpa slik at vi kan gi barna den beste forutsetninga for ei normal utvikling.

Fysioterapeut i 10% stilling har i 2021 utført motorisk vurdering av 23 barn på helsestasjonen i alderen 0-3 år, i tillegg kjem nokre konsultasjonar for oppfølging for fleire av barna.

I 2021 jobba ergoterapeut for barn og unge i redusert stilling; 40 % stilling totalt på barn og voksne fram til 01.09.21, og i 80 % stilling på barn og voksne frå 01.09.21 og ut året. Dette førte til aukande ventetid og redusert kapasitet i tenesta.

I 2021 fekk ergoterapeut tilvist totalt 60 saker på 30 barn og unge. Det er jamt aukande grad av etterspurnad frå år til år, og då spesielt i høve utfordringar med åtferd, uro, struktur og sansebearbeidingsvanskar og barn som har livslange behov for oppfølging. Det fører til at ein ikkje kan jobbe proaktivt, og like førebyggande som ein burde. Det er heller ikkje ressursar til å prioritere direkte trening, til dømes trening på praktiske ferdigheiter, dagleg aktivitet og handfunksjon/finmotorikk.

Ergoterapeut gjennomførte kurset «Sensorisk Profil 2» hausten 2021, som gir autorisasjon i å anvende metoden for kartlegging av sensoriske moduleringsvanskar hos barn og unge.

PMTO (foreldrerettleiing)

PMTO teamet har tre sertifiserte terapeutar som alle jobbar i 40 % stilling. I tillegg har kommunen utdanna 5 rådgjevarar og i 2019 fekk dei same opplæring i TIBIR modulen, konsultasjon. Eit gjennomsnittleg PMTO løp går over fleire månadar og har mellom 15 og 30 terapitimar. For å oppretthalde sertifiseringa deltek terapeutane i årleg vedlikehaldsrettleiing. Hausten 2021 vart

elektronisk søknadsskjema utarbeidd, likevel er det i periodar lite søknadar og tilvisingar frå tenestene.

Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har vore stengt det meste av året. Ein kunne opne berre nokre få dagar på hausten, dette etter sentrale smittevernråd. Utstyrssentralen har halde ope i heile koronaperioden og har hatt mykje besøk. Mental Helse Sykkylven har ansvar for drifta her. Oskarbilen har vore i bruk når dagsenter for eldre har vore i drift (jf. smitteverntiltak). Både Seniornett, Røde Kors omsorg, språkkafeen, besøk frå barnehagebarn og liknande aktivitetar har vært satt på vent pga. pandemien. Ein har ut i frå dette hatt veldig få besøkande ved frivilligsentralen. Ca 200 besøk er registrert på utstyrssentralen. Leiarstillinga ved frivilligsentralen har i hovudsak vore omdisponert til koronaarbeid heile året. Det har likevel vore fleire samarbeidsmøte med Redd barna, Røde kors, Mental Helse og Gi Glede. Som eit resultat av desse møta har biblioteket starta opp leksehjelp/leksetid kvar veke. Flyktning tenesta var medarrangør av verdsdagen for psykisk helse 2021.

Brukarperspektiv

PPT	2018	2019	2020	2021
Nye meldingar til PPT i løpet av året	67	86	95	129
Aktive saker ved utgangen av året	220	63	69	71
Venteliste ved utgangen av året	5	4	5	5
Barneverntenesta				
Nye meldingar	76	81	133	132
Barn med hjelpe tiltak	59	66	62	64
Barn i fosterheim	7	5	5	5
Barn/ungdom i institusjon	0	2	2	3
Ungdom over 18 år med ettervernstiltak	1	4	7	8
Helsestasjon				
Tal nygravide møtt til svangerskapskontroll	68	63	52	51
Heimebesøk til nyfødde innan 2 veker etter heimkomst	79	46	42	50
Helseundersøking 6 veker	77	59	55	49
Fullførte 2-3 årskontroller	83	65	65	63
Skulestartundersøking 1.klassingar	101	97	85	90
Psykolog (stilling tatt bort frå 2020)				
Tal pasientar med oppfølging	75	93	0	0
Flyktingtenesta				
Mottak nye flyktningar	10	17	7	13
Flyktningar i introduksjonsprogram	23	17	14	15
Avslutta introduksjonsprogram		5	9	6
Flyktningar totalt i utgangen av året	78	96	80	62
PMTO (foreldrerettleiing)				
Tal familiarar med tilbod/oppfølging	13*	6*	12	8*
Tal timar totalt	137	100	235	88

*Delar av 2019 og 2020 vart nytta til opplæring av PMTO-rådgjevarar. I 2021 har ein i tillegg til individuell oppfølging hatt konsultasjonsløp for tilsette på ein Barneskule.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at barne- og familietenestene har eit mindreforbruk på kr. 3 663 584

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik rekneskap mot budsjett 2021
403 Barne- Og Familienestene	43 823 190	47 486 774	-3 663 584
40300 Adm. Barne- Og Familienestene	3 233 494	3 217 773	15 721
40310 Ppt	3 848 418	3 929 093	-80 675
40320 Flyktningkontoret	1 961 347	2 254 014	-292 667
40322 Etablering Flyktningar/Introduksjonsordninga	4 973 846	6 690 229	-1 716 383
40330 Legetenester*	8 104 694	8 110 660	-5 966
40331 Helsestasjon	5 620 139	5 879 523	-259 384
40333 Fysioterapi	4 135 686	4 101 864	33 822
40340 Frivillegsentralen	-	568 373	-568 373
40341 Barnevern	11 926 656	12 215 310	-288 654
40342 Mot-Aksjonen	36 136	100 935	-64 799
40347 Edruskapsvern	-107 226	-95 000	-12 226
40350 Tilskot Til Utbetring/Etablering Eigen Bustad	90 000	514 000	-424 000
Totalt	43 823 190	47 486 774	-3 663 584

*legesenter for perioden 01.01-30.06.2021

Mindreforbruket skuldast:

- kompensasjon for meirutgifter Covid-19 som ikkje vart bokført/overført til eininga før 31.12.21, og dermed ikkje disponert
- færre busette flyktningar enn føresett og ankomst i perioden oktober – desember, dermed mindreforbruk på introduksjonsstønad (utbetaling vil skje i hovudsak frå 2022).
- unytta tilskot til utbetring av bustader (plassert i budsjett b&f, men disponert av helse- og omsorg).

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022

Budsjettet i 2022 er tilpassa drift i samsvar med endring i organisering/omorganisering til kommunalområde oppvekst, og i samsvar med rammereduksjon i 2021 tilsvarende 2,4 årsverk (psykolog barn og unge, stilling ved Flyktningtenesta og frivilligcentralen). Budsjettramme er delvis kompensert for kommunen si auka eigenfinansiering av barneverntiltak (jf. barnevernsreforma).

Status målsettingar

Hovudmålsetting er å vere fagleg oppdatert, sikre tilstrekkeleg kompetanse og levere fagleg forsvarlege tenester til innbyggjarane.

Målsetting 2021		Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Oppretthalde drift og lovpålagt tenestetilbod i alle tenestene under pandemien i samsvar med sentrale føringar for ivartaking av sårbare barn, unge og familiar	Målet er i stor grad nådd.

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar

Drift og tenester er stort sett oppretthaldt trass pandemi og omdisponering av personell. Dei tilsette har strekt seg langt og vist stor fleksibilitetsevne. Skulehelsetenesta er den tenesta der flest har vore omdisponert, og der oppgåver og undervisning/oppfølging er sett på vent. Overføring av oppgåver frå staten medfører behov og krav om kompetanse, og ein kontinuerleg prosess korleis nytte ressursane på best mogleg måte. Tverrfagleg samarbeid og kjennskap til kvarandre sine tenester er avgjerande for å gi eit godt og forsvarleg tilbod. Pålagd rammeredusjon i byrjinga av budsjettåret var utfordrande, og nedbemannning i Flyktingtenesta var ikkje gjennomført/slutført ved utgangen av året.

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemanning	2019	2020	2021
Tal tilsette	40	40	39
Tal årsverk	31,4	33,05	33,05

*I tillegg kjem 1,8 prosjektstilling ved helsestasjonen.

- medarbeidarsamtalar er berre delvis gjennomført grunna pandemi /omdisponering av personell og prioritering av tenesteyting
- 10-faktor er gjennomført som planlagt og i tråd med handlingsplan så langt som det har vore mogleg med omdisponering av personale.

Organisasjonsutvikling

- Vernerunde er gjennomført i juni. Det blei m.a. meldt behov for gjennomgang av prosedyrar ved brann og andre uføresette hendingar, samt ergonomisk tilpassing av arbeidsplassar. Dette er delvis gjennomført. I tillegg bør hyppigheit på reinhald vurderast for kontora/toaletta med mest klientbesøk, og det er behov for utskifting av persienner/solskjerming ved helsestasjonen (delvis gjennomført).
- Kompetanseheving: Interne fagdagar gjennomført i desember (22 av 30 deltok). Fire tilsette gjennomført COS-P sertifisering Planlagde e-læringskurs er gjennomført Barnevernteneste har deltatt i læringsnettverk, tenestestøtteprogram og opplæring i Trygg base, dette i samband med barnevernsreforma og ny barnevernlov.
- Samarbeid med tillitsvalde:
 - Mini-AMU: Her møter einingsleiar, verneombod og tillitsvalde, med arbeidsmiljø, sjukefråvær, vernetiltak og ev. andre utfordringar som fast agenda.
 - Tilsettingssaker

- Omorganisering til nytt kommunalområde
- Nedbemanning

Rutine og kontroll

- Risk Manager blir nytta i samband med avvikshandtering
- ingen av tenestene har hatt tilsyn i 2021
- det er gjennomført risikovurdering i høve vald og truslar ved barneverntenesta og ved Flyktningtenesta

Brukarmedverknad

Brukarmedverknad er ein lovfesta rett, og brukarar av tenestene har rett til å medverke i eiga sak og tenestetilbod. Barn har rett til å bli høyrte i saker som vedkjem dei, dette uavhengig av alder eller føresetnader.

Det er ikkje gjennomført brukarundersøking i 2021.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i eininga viser 9,3% , som er noko høgare enn i 2020 (6,1%). I hovudsak skuldast dette langtidssjukmeldingar. Noko av fråværet er arbeidsrelatert. Det er vanskeleg å skaffe vikarar i våre tenester, og fråvær over tid medfører auka belasting på resten av personalet. Pandemien har også medført ekstra belastning og krevjande arbeidsoppgåver på resten av personalgruppa. Arbeidsbelastning generelt var frå før vurdert som for høg i nokre av tenestene, og samla gir dette grunn til uro i høve ytterlegare fråvær.

4.4 Bu- og rehabiliteringstenesta

Kort samanfatning av tenesteområdet

Rus- og psykisk helseteam

- 6 årsverk tverrfagleg samansett personell inkludert psykologspesialist. Har overteke mange oppgåver som spesialisthelsetenesta tidlegare ivaretok. Færre vert innlagde og færre får poliklinisk behandling. Ein har sett ei auke i behov som følgje av koronatida.

Butenestene har fleire lokasjonar med totalt 24 brukarar

- Klokkarhaugen omsorgsbustader - Døgnbemanna med felles vaktrom
- Ura omsorgsbustader – Døgnbemanna. I tillegg fyl ein opp brukarar med variert grad av oppfølging etter enkeltvedtak, ambulante tenester.

Avlastande tenester

- Avlastning i institusjon for barn og unge - 2 leilegheiter. I tillegg kjøper kommunen tenester knytt til avlastning frå privat tilbydar
- Avlastningstenester utanfor institusjon. Både time- og døgnavlastning i privat heim

Knutepunktet dagsenter

- 1 x 100 % stilling, ope måndag til fredag
- dagaktivitetstilbod til personar som ikkje har VTA-plass eller tilbod i anna dagaktivitet blant anna før og etter skuletid

17 varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA)

- Byrg kompetanse: Dei resterande plassane med full kommunal finansiert støtte er no alle omgjorte til statleg finansierte plassar

Omsorgsstønad til omsorgspersonar med særleg krevjande omsorgsarbeid

Støttekontakt - for personar som har behov for støtte til ei meiningsfylt fritid
Alle tenester er knytt til enkeltvedtak.

Utvikling og utfordringar

Rus- og psykisk helseteam

Det er ein stor styrke og ha psykolog med i teamet, viktig å behalde. Teamet er tverrfagleg samansett med sjukepleiarar, vernepleiar og sosionomar. I 2021 såg ein ei auke i behov for oppfølging. Fleire med samtidig rus og psykisk sjukdom. I pandemiåret har ein sett ei auke i Tal henvendingar, spesielt unge vaksne med ulike utfordringar. Det er og knytt bekymring til god nok oppfølging av personar med ROP lidingar. Dette inkluderer tilstrekkeleg miljøterapeutisk oppfølging i heimen samt mangel på tilrettelagde bustadar til denne gruppa. Det vart motteke prosjektmidlar knytt til oppfølging av brukarar med ROP lidingar i samband med pandemien. Det vart lyst ut ei 80% stilling 2 gongar der ein til no ikkje har lukkast å tilsetje nokon.

Bueiningane

Grunna aldersrelaterte sjukdommar vil det verte behov for auka tenesteomfang i bueiningane. Fleire av brukarane har kompliserte og samansette behov som krev høg kompetanse. Lovkrav krev høgskuleutdanna helse- og eller sosialfaglegkompetanse på alle vakter. Spesielt ser ein behov for vernepleiarar i tenestene. Lokala er heller ikkje tilpassa brukarar med samansette behov. Det er trone bad og forfytting med store rullestolar og liknande er krevjande og er ei ekstra belastning på hjelpepersonellet. Det er krevjande å dekkje opp vakante stillingar, det er fleire vakante stillingar som krev bachelor utdanning. Store rekrutteringsutfordringar der få eller ingen relevante søkerar til stillingane.

Avlastande tenester

Dagens avlastningsbustad er lite fleksibel og mindre eigna. Det er behov for barnebolig i nær framtid. Det er ynskjeleg med lokale der ein kan sjå på samdriftsfordelar, samtidig som ein må fylge retningsliner for utforming og lokasjon. Det er avgjerande at tenesta er stabil med tanke på personell og kompetanse, per i dag greier ikkje kommunen å ivareta dette og leiger difor tenester frå privat tilbydar. Koronapandemien har sett sitt preg på eininga i 2021, der å ivareta dei grunnleggjande tenestene har stått i fokus.

Status økonomi

Rekneskapsresultatet for 2021 viser at Bu- og rehabiliteringstenesta gjekk i balanse.

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik
406 Bu- Og Rehabiliteringstenestene	44 012 209	43 983 605	28 604
40600 Bu- Og Rehab Adm	1 901 152	1 935 028	-33 876
40601 Ura	22 064 581	21 163 939	900 642
40603 Klokkerhaugen	16 984 317	18 298 042	-1 313 725
40604 Avlastningsbustad	8 264 546	4 989 921	3 274 625
40610 Knutepunktet Dagsenter	673 776	1 891 304	-1 217 528
40611 Avlasting Heimebuande	785 074	619 578	165 496
40612 Støttekontaktar	510 469	516 978	-6 509
40613 Tilskot Byrg	958 879	977 000	-18 121
40614 Omsorgsløn Yngre	646 337	554 526	91 811
40620 Psykisk Helseteam	4 060 078	4 954 289	-894 211
40699 Refusjon Ressurskrevjande Brukarar	-12 837 000	-11 917 000	-920 000
Totalt	44 012 209	43 983 605	28 604

Status målsettingar

Ei god avlastningsteneste, med tanke på utforming, lokasjon og kvalifisert personell, fagleiar for avlastningstenestene. Samlokalisering med rus og psykisk helseteam er enno ikkje avklara.

Kvalitet og internkontroll

Det er kultur for å melde avvik i eininga. Noko som gjer grunnlaget for forbettingsarbeid enklare. Likevel har ein ein veg å gå i å skilje kva som er avvik og ikkje.

For å forbetre tenestene nyttar eininga mellom anna Veiledarar frå Helsedirektoratet:

- Nasjonal veileder for Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming frå 2021 <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/gode-helse-og-omsorgstjenester-til-personer-med-utviklingshemming>
- Veileder for Leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/ledelse-og-kvalitetsforbedring-i-helse-og-omsorgstjenesten>

Personell

Bemannning	2021
Tal årsverk	58,5 + 7,8 knytt til privat tilbydar
Tal tilsette	96

Det vert gjennomført medarbeidersamtalar. For fagleiarar x 1 per år, for andre tilsette kvart 2 år. Det er gjennomført 10-faktor på alle avdelingar. Fokusområda er fast tema på personalmøter.

Organisasjonsutvikling

Kompetansehevande tiltak

- Årshjul: alle tilsette har ein har plan for kursing gjennom e-læring.
- Mitt Livs ABC: Ca. 20 tilsette har fullført grunnleggjande opplæring i viktige tema innan tensteyting til utviklingshemma. Målet er å starte med ny pulje hausten 2022.
- ProAct: Eininga sender tre tilsette på kurs for å bli ProAct instuktørar i mars. Kurset gir kompetanse i å observere brukarar systematisk ved forverra tilstand.
- Førstehjelpskurs: Eininga skal gjennomføre førstehjelpskurs til alle tilsette i mai månad.
- Fagbrev på jobb: To tilsette har mål om å fullføre fagbrev på jobb.
- Vernepleieutdanning: To tilsette går deltid og har mål om å fulføre vernepleieutdanning innan utgangen av 2022.
- Vernerunder vert gjennomført og melding om avvik går hovedsakleg til Sykkylven bustadselskap.
- fagforbundet har plasstillitsvalde i begge bueiningane, og samarbeidet med tillitsvald apparatet er godt
- Lærling: 1 lærling i helsefagarbeiderfaget Studentar: Vi har jamnt sjukepleistudentar både i bueiningane og ved Rus- og psykisk helseteam. I tillegg sosionomstudentar hovedsakleg ved Rus- og psykisk helseteam.

Rutine og kontroll

Avvik vert meldt til einingsleiar som overfører dei fleste til fagleiarane, eller rette vedkomande.

Tilsyn avlastande tenester er ikkje heilt avslutta.

Det har vorte gjennomført risikovurderingar mellom annan innan:

- Vald og truslar opp mot enkeltbrukarar
- Justering av tenesteomfang knytt til enkeltbrukar
- Covid-19

Som bistand har vi brukt BHT. Eininga viste framgang knytt til risikovurdering, men har framleis utviklingspotensiale knytt til dette.

Brukarmedverknad

Det er ikkje gjennomført systematisk brukarundersøking i 2021.

Sjukefråvær

Covid-19 har prega Sjukefråværet 9,7% i 2021 mot noko høgare i 2020 på 10,1%. I tillegg har ein nokre arbeidstakrar med kronisk sjukdom som fører til sjukefråvær. Eininga har fokus på tett oppfølging og høg grad av tilrettelegging så langt drifta tillèt det.

4.5 Bu- og aktivitetssenteret (Bua)

Kort samanfatning av tenesteområdet

Eininga omfatta i 2021 følgande tenester:

Avdeling	Leilegheiter m/ heildøgns tenester	Institusjon – langtid/korttid/avlasting	Institusjon - demens
Sone 1	26	-	-
Sone 2	18	10	-
Stavekollen (demens)	-	-	7
Haugnestunet (demens)	-	-	11

Bu- og aktivitetssenteret har totalt 72 pasientar

Tenester:

- Heimesjukepleie og heimehjelp til den som bor i leilegheit. Desse nyttar fastlegen sin og betaler husleige
- Langtidsopphald i institusjon - somatisk, for den som har behov for tettare medisinsk oppfølging.
- Korttidsopphald i institusjon, for den som har behov for vurdering/rehabilitering
- Avlasting i institusjon, der pårørande har behov for avlasting i tyngande omsorgsoppgåver.
- Institusjon for personar med demens sjukdom. Her er i hovudsak langtidsplassar, men også korttidsplass dersom det er behov for ei vurdering av kva omsorgsnivå det er behov for. Her er 3 bufellesskap. Det eine er forsterka i forhold til behov for skjerming. I demensavdelingane er det høgare pleiefaktor, da mange har behov for 1:1 store delar av dagen. Aktivitetane til pasientane vert tilpassa den enkelte.
- Produksjonskjøkken: produserer lunsj og middag, samt leverer tørrmat til avdelingane som postkjøkkena sjølve lagar til. Mat er laga etter nasjonale retningslinjer for kosthald i helseinstitusjonar. Desse står i Kostholdshandboka som også alle avdelingar har.
- Sjukeheimslege: har tilsyn på institusjonspasientar x 2 veke, på Stavekollen, institusjon sone 2, korttids- og rehabilitering Haugnestunet
- Vaskeriteneste: reinhald av pasienttøy

Utvikling og utfordringar

Utvikling

Pandemien har sett hindringar for utviklingsarbeid, men trass det er det gjennomført ulike kurs for kompetanseheving. Smittevern har ein blitt god på og tilsette har stor bevisstheit rundt dette. Bruk av velferdsteknologi, spesielt digitale tilsyn for å hindre fall, er mykje nytta for å auke pasientsikkerheita.

Utfordringar

- rekruttering av fagkompetanse: fleire vakante sjukepleiarstillingar som er lyst ut, utan søkerar
- bruken av vikarbyrå auka gjennom haust 2021 grunna rekrutteringsutfordringar der det ikkje har vore søkerar på ledige stillingar
- høgt sjukefråvær
- ulike hindringar og meirarbeid i høve covid- 19
- generelt utfording med tilgang vikarar/helgevakter (assistentar)
- ramme til å ha fokus på kvalitetsarbeid og kompetanseheving – lokalitetar, økonomi og tid er knapp
- fagleiarane bruker mykje av tida på løn og personalarbeid og det er lite tid til nærlæring, kompetanse- og utviklingsarbeid. Dei har ei avgjerande rolle for å få til utvikling og ikkje berre ha dagleg drift. Det er behov or støttefunksjonar til leiarar til merkantile oppgåver.
- Dagens modell for drift vil ikkje vere berekraftig for framtida. Det vil vere behov for auke i grunnbemannning slik at ein kan differensiere oppgåver betre og nytte fagkompetanse på rett nivå. Det vil også innebere forskyving av nivå. Spesielt mangelen på sjukepleiarar gjer at vi må organisere dei til sjukepleieoppgåver til pasientar i fleire avdelingar. Då kan dei ikkje vere bundne til stell og pleie i ordinær turnus. Fagarbeidar må ta over oppgåver sjukepleiarar har i dag, og fleire assistenter til praktisk arbeid som fagarbeidarar gjer, samt at kokkar/kjøkkenpersonell gjer det som er relatert til mat og ernæring.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at BUAS har eit mindreforbruk på kr 2 350 000

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik rekneskap mot budsjett 2021
401 Sykkylven Bu- Og Aktivitetssenter	53 048 687	55 400 921	-2 352 234
40100 Buas Fellesadmistrasjon	-2 349 965	-1 357 842	-992 123
40111 Buas Kjøkken	2 773 508	2 186 854	586 654
40120 Buas Institusjon	18 793 277	19 995 698	-1 202 421
40131 Sone 1	15 446 695	16 476 239	-1 029 544
40132 Sone 2	18 417 370	18 099 972	317 398

40133 Sone 3	-25 253	-	-25 253
40134 Buas Natt	-6 945	-	-6 945

Årsak til mindreforbruk:

Helse og omsorg fekk tilført auka midlar i 2021 etter vedtak i kommunestyret. Midlane vart tilført BUAS for å auke grunnbemanninga slik at ein kunne oppretthalde tal plassar. Fordelinga av midlane var ikkje klar før i mars/april, og dei vart tilfeldig fordelt på ansvar, men auken vart ikkje iverksett før i september grunna rekrutteringsutfordringar. Det tek tid å utarbeide nye turnusar for å auke grunnbemanninga. Det var auka inntekter grunna indeksregulering, samt ein feil i budsjett for 2021 med kr. 500 000 mindre budsjetterte inntekter enn det ein forventa. Det var mykje utgifter til medisinsk utstyr som er ført under koronaprosjektet. Mykje av dette er utstyr ein likevel ville hatt behov for, men ikkje i slik mengde. Det er utstyr som ein også vil ha bruk for i 2022, som no ikkje vil bli dekt inn av koronamidlar.

Status målsettingar

Måleindikatorar/styringsindikatorar for kvaliteten i tenesta i 2021.

Tenesteområde: BUAS Mål/indikator	Status Landet	Status Sykkylven	Ønska nivå 2021	Resultat 2021
Objektiv kvalitet:				
1. Alle pasientar skal vere vurdert av lege x 1 år (Data: iplos reg)		0	90 %	95%
2. Alle pasientar skal vere vurdert av tannlege x 1 år (Data: iplos reg *)		80%	90 %	90%
3. Alle pasientar som er i risikosone for underernæring skal ha ernæringsplan (datakilde: Ipos/manuell teljing-tavle)**			>85%	75%
4. Alle pasientar i institusjon skal ha årleg legemiddel-gjennomgang, samt ved innkomst. (data: manuell teljing/iplos data)			100%	65%
5. Alle pasientar i heildøgns omsorg med 4 medikament eller meir skal ha legemiddelgjennomgang x 1 pr. år. ***			90 %	Ca 50%
Opplevd kvalitet:				
6. Pasient/næraste pårørande skal få tilbod om ein årleg samtale. (manuell teljing)****			90%	Ikkje prioritert

*Tannlege er sett til 90 % då tannlegen er på tilsyn 1. halvår eller tidleg 2.halvår, og nye pasientar etter dette kan falle ut det året.

**i høve ernæringsplan er sett til >85% ut frå at det ikkje er hensiktsmessig i siste fase av livet, sjølv om dei er vurdert til underernært.

*** har vore krevjande å få til grunna fastlegesituasjonen i kommunen, og er ikkje prioritert anna enn ved behov.

**** har ikkje vore prioritert anna enn ved behov ut frå covid- og personellsituasjon

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemanning	2019	2020*	2021
Tal tilsette	183	145	145
Tal årsverk	95,42	75,18	79.64

*Det var stor omstilling i april 2020, der sone 3 vart avvikla og korttids/rehab (frå april) og natt (frå september) vart organisert under heimetenestene.

- Medarbeidarsamtalar er for det meste gjennomført på sone 1, 2 og institusjon i 2021
- Medarbeidarundersøking er gjennomført i alle avdelingar.
- Det er utarbeida handlingsplanar etter medarbeidarundersøkinga ut frå 10-faktor modellen.
Det er ikkje utarbeida for kjøkkenet då det var for få som svarte på undersøkinga.

Vernerunde

Etter vernerunde var det sett opp tiltak med pauserom til Stavekollen: dette er midlertidig stetta ved at dei har tatt i bruk ei leilegheit til pauserom. Ombygging sone 1 og 2 a og b, slik at personell får skjerma arbeidsplassar utan støy frå avdelingskjøkken og at det er lytt ut til stue som pasientar set på. Dette er det ikkje planar om, var og lagt som tiltak til budsjett 2022. Ventilar som trekk: Dette har vore korrigert ved teknisk avdeling no i 2022.

Kompetansehevande tiltak

- Ein tilsett (sjukepleiar) held på med vidareutdanning i avansert sjukepleie i primærhelsetenesta med spesialisering i demens.
- Kompetansehevande kurs for både sjukepleiar og fagarbeidar: innan palliasjon, auka pasientsikkerheit gjennom bruk av kompetansedeling og fokus på arbeidsmiljø,
- Kjøkkentilsette: kurs om «Matglede og gode matval heile livet» sikre rett ernæring til pasientar, trivsel og miljø i måltid, kokk ut i avdelingane som gir tettare samarbeid mellom helsepersonell - kjøkkenpersonell der maten er. Frigir tid for helsepersonell. Ernæring er tema i «Leve heile livet»
- ABC demens perm 1: gjennomført av 20 tilsette, i regi av Aldring og Helse.
- Fagbrev på jobb - 3 assistentar som har delteke. Dei har avtale til februar 2023, og etter planen får dei ta fagbrev februar 2023.
- 260 gjennomførte E-læringskurs i Veilederen
- 3 lærlingar i helsefag
- Samarbeid med tillitsvalde, blant anna Mini-AMU, ved tilsettingar, arbeidstidsplanlegging, personalsaker

Det er utarbeida årsplan for kompetansehevande tiltak i alle avdelingar. Det har ikkje vore mogleg å følgje planen grunna stort fråvær, mangel på personell, restriksjonar og kapasitet grunna omallokering av ressursar både hjå leiarane og anna personell i samband med pandemien. Omlag 20 % av stilling for kvar av leiarane har vore brukt til kommunen si organisering av vaksinering og TISK arbeid.

Rutine og kontroll

Avvikshandtering:

Nyttar kommunen sitt avvikssystem Risk Manager og personell har gjennomført opplæring i å føre avvik. Totalt 101 avvik i 2021 er meldte.

	HMS	Fagleg kvalitet	Info-sikkerheit	Vald truslar	Ulykke/nesten ulykke	Andre
2021	4	72	1	18	2	4

Eininga har ikkje hatt tilsyn i 2021.

Det er gjort risikovurdering i høve Covid- 19, i samarbeid med Bedriftshelsetenesta.

Brukarmedverknad

- Brukarutval: har ikkje
- Brukarundersøkingar: er ikkje gjennomført.

Sjukefråvær

- Eininga hadde eit sjukefråvær på 11,7% i 2021 mot 9,7% i 2020. Auke i fråværet skil seg frå avdeling til avdeling. Det er ikkje noko som er direkte arbeidsrelatert, men samansette årsaker og ein del er muskel og skjelett lidingar der belasting over tid kan vere arbeidsrelatert årsak.

4.6 Heimetenestene

Kort samanfatning av tenesteområdet

Heimetenestene har i 2021 hatt ulike tenester opp i mot 352 brukarar. Nokre har fleire tenester over lang tid, andre har få tenester i kortare periodar.

Kortids- og rehabiliteringsavdelinga har 14 institusjonsplassar fordelt på 12 korttidsplassar, 1 KAD-plass (øyelbikkeleg hjelp), der fastlegane som kan legge inn pasientar her til behandling i inntil 3 døgn, og 1 palliativ plass(terminal pleie).

Felles natt gjeld alle brukarar i heimetenestene og alle som bur i omsorgsleilegheiter eller på institusjon i Bu- og aktivitetssenteret

Eininga omfatta i 2021 følgande tenester:

- Heimesjukepleie og heimehjelp (praktisk bistand) fordelt på 2 distrikt, 22,85 årsverk fordelt på 36 personar
- Felles natt Heimetenestene og bu- og aktivitetssenteret, 17 årsverk fordelt på 30 personar
- Kortid/rehabiliterings avdelinga, 15 årsverk fordelt på 29 personar
- Omsorgsstønad til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver
- Støttekontakt til personar over 18 år
- Brukarstyrt personleg assistent BPA
- Hjelphemiddelteknikar, 1 årsverk fordelt på 1 person

- Ergoterapeut, formidling hjelpemiddel, 1 årsverk, fordelt på 1 person
- Velferdskonsulent, 1 årsverk, fordelt på 1 person
- Dagsenter for personar med demens, 1,2 årsverk fordelt på 3 personar
- Dagsenter for eldre, 1,5 årsverk fordelt på 3 personar
- Demensteam, 0,4 årsverk fordelt på 2 personar
- Kreftkoordinator, 0,5 årsverk fordelt på 1 person
- Innsatsteam

Utvikling og utfordringar

Heimetenestene

Teneste	2020	2021
Heimesjukepleie	220 brukarar	238 brukarar
Heimehjelp/praktisk bistand	63 brukarar	82 brukarar
Brukarstyrt pers. assistent (BPA)	3 brukarar	3 brukarar
Omsorgsstønad (personar over 18 år)	8 brukarar	7 brukarar
Støttekontakt (personar over 18 år)	15 brukarar	14 brukarar

Kva oppnådde heimetenestene i 2021

- gjennomført 2 fagdagar med eigne forelesarar, der alle tilsette i heimetenestene fekk delta (juni-2021) Pensjonistar og ferievikarar stilte opp og gjorde dette mogleg.
- Auke tal brukarar i heimetenestene frå 2020 til 2021. Dette er ei ønska og forventa utvikling og i tråd med «Leve hele livet» reforma, som er knytt til at flest mogeleg skal få bu i eigen heim lengst mogleg og at tal eldre vil auke.
- Grunnbemanninga i heimetenestene er på eit minimum, og heimetenestene har ikkje noko «tak» i forhold til kor mange brukarar ein kan yte tenestene til. Spesialisthelsetenesta er heilt bevisst sin politikk i høve samhandlingsreforma, og dette fører til at pasientane blir utskriven frå sjukehuset mykje tidlegare enn før. Dette er krevjande både i forhold til kompleksitet og ressursar, både knytt til tidsaspekt og fagkompetanse.
- Innføring av bruk av velferdsteknologi er godt i gang, men i 2021 har det vore vanskeleg å få tid nok til dette, då leiarar og andre tilsette har brukt mykje tid til arbeid i høve koronapandemien.
- Framskrivning viser at tal på personar med demens vil auke framover. Av heimebuande er det per i dag kartlagt ca. 40 brukarar som har demens i Sykkylven kommune. Dei fleste av desse har ei eller fleire tenester frå heimetenestene, som dagsenter, heimesjukepleie, praktisk bistand, tiltakspakke demens, avlastning, støttekontakt. Ca 10 personar har førebels berre sporadisk kontakt med demensteam, dette er ein sjukdom som utviklar seg forholdsvis raskt og då vil behovet for tenester auke.
- Rekrutteringsutfordringar: For å kunne oppretthalde/vidareutvikle fagkompetansen som ein treng for å kunne gi gode faglege tenester, er ein avhengig av å kunne behalde/rekrutttere fagpersonar(sjukepleiar, helsefagarbeidar), og dette er ei stor utfordring framover.

Innsatsteam

- Innsatsteamet har hatt innsats inn mot 40 brukarar. Fleirtalet av brukarane hadde ein overgang frå sjukehus eller korttid/rehab til heim. Innsatsteamet ønsker å komme tidleg inn ved byrjande funksjonssvikt/problem med å utføre kvardagsaktivitetar, ikkje berre dei som

- har hatt ein skade/brått funksjonsfall. Knappe ressursar gjer at ein ikkje når ut til alle som treng tverrfagleg team.
- Helsefremjande og førebyggande heimebesøk til alle som fyller 80 år. På grunn av Covid-19 vart det ikkje gjennomført fysiske besøk i 2021, men alle fekk tilsendt brev og tilbod om informasjonsperm som er utarbeida av Innsatsteamet.

Ergoterapi/hjelphemiddelteknikar

I 2020 blei stilling for ergoterapeut oppretta ved ei omgjering av stilling som hjelphemiddelansvarleg hadde hatt.

I 2021 har ein gjort grep med mål om å få utnytta ressursane på ein betre måte, og få eit meir heilskapleg system for ergoterapitenesta.

MÅL: kome tidlegare inn med fokus på førebygging, gjere gode kartleggingar og også ha kapasitet til å følgje tettare opp i dei ulike sakene slik at stadig fleire personar kan bo heime lenger.

Dette inneberer mellom anna:

- felles registrering av alle nye tilvisingar i Visma Profil (Journal)
- definerte ansvarsfordelingar mellom terapeut og hjelphemiddelteknikar
- starta prosess med å få fleire til å ta del i søknadsprosessen i høve enkle hjelphemiddel (utnytte ergoterapikompetansen best mogleg, ein sparar både tid og økonomi på dette i organisasjonen)

Arbeidspresset opplevast periodevis stort med stadig fleire som skal bo heime lenger og har behov for meir omfattande tenester og tilretteleggingar. Utfordringa er forventa å auke i takt med eldrebølga. I framtida vil vere behov for ressurspersonar som kan ta del i enkel hjelphemiddelformidling i tenestene.

Hjelphemiddelteknikar

- Hjelphemiddelteknikar har m.a. ansvar for utlevering av alle hjelphemiddel, henting av returar, reparasjonar, bestilling av delar, samt inn/utlevering og vasking av hjelphemiddel tilhøyrande kommunen sitt korttidslager. Vi ser ei stadig auke i tal hjelphemiddel som blir søkt gjennom NAV.
- Hjelphemidla har også begynt å komme flatpakka i større grad enn før, noko som krev meir tid i forhold til montering. Det viser seg å vere behov for innsats inn mot hjelphemiddel også i ferietid, og ved anna fråvær.
- Det har vore auke i stilling frå 60 til 100% i 2021. Grunnen er blant anna at NAV hjelphemiddelsentral legg stadig meir ansvar, arbeid og avanserte reparasjonar over på hjelphemiddelteknikar. Hjelphemiddelteknikar har fått meir sjølvstendigheit i si stilling og er eit viktig ledd for flyten i hjelphemiddelformidlinga. Det er også eit auka behov for kvalitet og kontroll og oppfølging av hjelphemiddel
- Plassmangel på hjelphemiddellager, manglande kontorplass og vanskar med plass til vasking av hjelphemiddel har vore ei særleg utfordring i 2021, samt er det behov for bistand til løft og forflytting av større hjelphemiddel framover. Det er behov for meir flyt i handtering og unødvendig lang ventetid for brukarane. I dag har ein eit samarbeid med teknisk avdeling ved utlevering. Det er fokus på forbetring av tilhøva i 2022
- Tilbakemeldingar i høve hjelphemiddelhandtering er at det vert levert ein svært god service med fagleg dyktigkeit/ høg kompetanse som blant anna NAV beskriv at skil seg ut i Møre og

Romsdal. Brukarar skryt over rask og effektiv hjelp. Svært viktig å ta vare på denne kompetansen.

Demensteam

Tal utgreia brukarar

Periode	2019	2020	2021
Brukbarar	15 personar	22 personar	18 brukarar

- Demensteamet har fått færre som kjem frå legekontoret i 2021, dette grunna utfordringar knytt til fastlegemangel. Svært viktig med eit tett samarbeid knytt til denne pasientgruppa.
- Målet er å arrangere pårørandeskule årleg. Har ikkje gjennomført pårørande skule i 2021, dette grunna korona og stort sjukefråvær. Har planer om å få gjennomført dette hausten 2022. Svært viktig tiltak knytt til arbeidet med pårørandestøtte.

Kreftkoordinator

Periode	2020	2021
Brukbarar	27 personar	30 personar
Pårørande	27 personar	30 personar

- Inneber varierande hyppigheit på besøk/avtaler
- Alle desse pasientane har pårørande som kreftkoordinator har følgt opp etter behov og ønske.
- Hatt samtaler/støttesamtaler/etterlatte samtaler over tid ved alvorleg sjukdom og død.
- Har vore mentor knytt til palliasjonsopplæring for 7 fagarbeidarar på Buas, 4 samlingar.
- Har også gjennomført opplæring knytt til palliasjon til alle avdelingane på Buas.
- Er ein viktig støttespelar for tilsette i heimetenestene opp i mot kreftomsorg, palliasjon og tekniske prosedyrar.

Dagsenter for eldre

	2020	2021
Brukbarar	29 brukarar	34 brukarar
Tal på dagar pr veke	4 dagar pr veke	4 dagar pr veke

Det har vore utfordrande å drifte dagsenter for eldre i 2021 grunna koronasituasjonen. Ein har måtte stenge dagsenter i lengre periodar. Dette har vore utfordrande for dei eldre både knytt til meir isolasjon/einsemd og ein del frykt for smitte. For 2022 er det redusert til 3 dagar i veka grunna reduksjon i budsjett.

Viktige hendingar

- Dagsenteret var på dagstur til Geiranger, ferje frå Hellesylt til Geiranger. Dette var ein flott oppleveling. Turen vart arrangert av mannskapet om bord i ferga som går mellom Hellesylt og Geiranger.
- Dagstur til Orreneset arrangert av Røde Kors omsorg.

Dagsenter for personar med demens

	2020	2021
Brukbarar	8 brukarar	8 brukarar
Tal på dagar pr veke	2 dagar pr veke	2 dagar pr veke

- Har vore stengt i periodar i 2021 grunna korona. Burde vore opent fleire dagar i veka. Personell som skulle vore tilknyttet her har i 2021 jobba opp mot koronahandteringa i kommunen.
- Burde vore opent fleire dagar i veka. For 2022 har ein fått tilført meir ressursar.
- Ein ser at det er utfordrande i gi gode tilbod til menn. Dette er eit arbeid vi har stor fokus på. Ser at ein må lage individuelt tilpassa tilbod til mange i denne brukargruppa.
- Dagsenter er også eit viktig tilbod som avlastning til pårørende.

Viktige hendingar

- Dagsentera var på dagstur til Geiranger, ferje frå Hellesylt til Geiranger. Dette var ein flott opplevelse. Turen vart arrangert av mannskapet om bord i ferga som går mellom Hellesylt og Geiranger.
- Dagstur til Orreneset arrangert Røde omsorg.
- Dagsenter for personar med demens hadde også julebord arrangert av helselaget. Her var også pårørende invitert.

Korttid/rehabiliteringsavdelinga

Korttidsopphald 2021 – 95 pasientar

- Kor mange dagar opphaldet er på er svært varierande utifrå kvar enkelt situasjon. I periodar opplever ein at pasientane er ferdigbehandla på korttid/rehabiliteringsavdelinga, men det er ikkje ledig plass i leilegheit med heildøgns omsorg, på langtidsplass sone 2c, eller skjerma avdeling. Pasienten blir då liggande på korttid/rehab inntil ledig eigna plass.
- Har i 2021 hatt 4 pasientar med langtidsopphald. Nokre pasientar blir verande på korttid/rehab som langtidspasientar av ulike grunnar.
- Då 2021 var første heile driftsåret der korttid/rehab var lagt under Heimetenestene Distrikt har ein ikkje samanliknbare tal for året før.

Ø-hjelp plassar (inkl. KAD)

År	2019	2020	2021
Tal pasientar	26	Ikkje rapportering	24
Tal liggedøgn	48		62

- arrangert 2 fagdagar for alle tilsette på korttid/rehab. Pensjonistar og ferievikarar stilte opp og gjorde dette mogleg. Forelesarar var frå eigne rekkr.
- Korttid/rehab består av 12 institusjonsplassar, 1 øyeblikkeleg hjelp plass (KAD) og 1 palliativ plass.
- Korttid/rehabiliteringsavdeling har fungert i tråd med målsetting i 2021. Tidlegare var det mange langtidspasientar som fylte opp plassane. Rask kartlegging og avklaring og rehabilitering raskast mogleg, slik at pasienten enten kjem heim eller til eit anna eigna omsorgsnivå. Avdelinga har godt tverrfagleg samarbeid med institusjonslege, fysioterapeut, innsatsteam, tenestekontor og heimetenestene.
- Institusjonslege på korttid/rehabiliteringsavdelinga har vore svært avgjeraende for det gode arbeidet som er utført i 2021. Ser at med så mange pasientar inn og ut på avdelinga og kompleksiteten til pasientane er det marginalt med ressursar knytt til institusjonslege.

- Kommunal fysioterapeut har ei 10 % stilling for institusjonspasientar med behov for fysioterapi. Dei som bur i leilegheit med heildøgns omsorg fell utanfor denne ressursen. Det har siste åra vore aukande pågang, både i form av fleire henvisningar og også i form av at pasientar blir skrivne raskare ut frå sjukehuset medan dei framleis er lite mobiliserte og kartlagde. Fysioterapeut hadde totalt 53 pasientar inne på institusjon i 2021. Det vert auke ressurs til fysioterapi på korttid/rehab. med 30 % frå 2022. Dette er viktig for å kunne rehabilitera pasientane så raskt og godt som mogleg.
- Avdelinga har hatt eit utfordrande år med mange ressurskrevjande pasientar og høgt sjukefråvær, vakansar og koronapandemien. Rekrutteringsutfordringar omfattar i særleg grad fagfolk til ledige stillingar, og til å dekke opp helgevakter og vikarar generelt. Koronapandemien har bidratt til at det har vore utfordrande å arbeide med fagutvikling og organisasjonsutvikling.
- For å kunne oppretthalde/vidareutvikle fagkompetansen som ein treng for å kunne gi gode faglege tenester er ein avhengig av å kunne behalde/rekruttere fagpersonar(sjukepleiarar, helsefagarbeidarar). Dette ser eg på som den største utfordringa ein står overfor i åra framover.

Felles natt Bu- og aktivitetssenteret og heimetenestene

- Målet med å samle nattevakts både i heimetenestene og inne på bu- og aktivitetssenteret, var å kunne nytte fagkompetanse på ei god måte. 18 årsverk som omfattar sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, som er fordelt på 9 nattevakter på jobb kvar natt.
- Utfordringane knytt til nattevaktene har vore eit svært høgt sjukefråvær. Vanskar med å få tilsette fagpersonar i ledige stillingar, nesten umogleg å få tilsett i permisjonar og langtidsfråvær. Har hatt 2-3 stk. frå vikarbyrå gjennom heile 2021. Har også ført til mykje bruk av overtid på grunn av behovet for fagpersonar.
- Utviklinga ein ser er at pasientane, brukarane er sjukare, meir komplekse, som medfører krav om meir fagkompetanse og tid enn tidlegare.
- Etter det første driftsåret er ein usikker på om dette er den riktige organisering av nattevaktene, og om ein oppnår ønska målsetting. Må ta dette opp til vurdering i 2022.

Velferdsteknologi

Velferdsteknologi bidreg til større tryggleik, sjølvstende og meistring, det erfarer tenestene. Teknologien kan bidra til auka livskvalitet og fridomskjensle for brukar og pårørande, og gir brukaren moglegheit til å bu lengre i eigen heim.

Digitale tryggleiksalarmer:

- 110 stk. Climax GX8 tryggleiksalarmer i drift (10 på lager)
- Sagt opp avtale med Telemark Alarmsentral og går frå 2022 over til alarmmottak via Sensio Pocket. Erfaring viser at mengda alarmar og varslar ikkje er større enn at heimetenesta og Bu- og rehabiliteringsavdelinga sjølve svarar på alarmar og varsel frå dei digitale tryggleiksalarmane. Dette er same løysing som kommunane i Sjostjerna (7 kommunane i søre Sunnmøre), Stranda og Fjord har valt.

Digitalt tilsyn

- 33 digitale tilsyn av typen Room mate, 28 er i bruk på Bu- og aktivitetssenteret og 5 er i Bu- og rehabiliteringstenesta) Erfaring viser at digitalt tilsyn er eit godt tilbod til personar med kognitiv svikt. Det vert unødig forstyrningar og brukarane får betre søvnkvalitet, og erfaring

viser at det har ført til redusert tidsbruk på utilsikta tilsyn og bidrar til å auke kapasiteten til nattevaktene.

Varsling og lokaliseringsteknologi (GPS/mobil tryggleiksalarm)

- 15-20 i bruk i 2021. Safemate kan nyttast som ein mobil tryggleiksalarm med fokus på lokalisering, der ein kan velje om varslinga skal gå til heimetenesta eller pårørande.

KOMP

- 120 pårørande har nytta seg av kommunikasjonsverktøyet Komp frå oppstart påska 2020 i samband med pandemien Det er innført ved alle 9 avdelingane ved Bu- og aktivitetssenteret i høve pandemien, og har gitt bebuarane på og deira pårørande høve til å kommunisere til tross for besøksforbod.

Personell har opparbeida seg både kunnskap og erfaringar gjennom implementering av digitale tryggleiksalarmer, digitalt tilsyn, varsling og lokaliseringsteknologi, men koronapandemien har bidratt til at både undervisning og kurs har vore utsett eller halde som digitale møter. Kursserien Velferdsteknologiens ABC for personale og leiarar er utsett til våren 2022, det same gjeld implementering av elektroniske medisindispenserer.

Sykylven har gjennom MiSu og det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet fått tilskot til prosjekt om velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødde eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar. Dette er satsingsområde innan velferdsteknologi 2021-2024. Prosjektleiar for Misu er 50% av stillinga til velferdsteknologikonsulent i Sykylven.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at Heimetenestene har eit mindreforbruk på kr 373 229.

	Budsjett 2021	Regnskap 2021	Avvik
Heimetenestene Distrikt	54 014 370	53 641 141	-373 229
Heimetenestene	23 091 637	21 764 300	-1 327 337
Personlege Assistentar	1 747 458	1 250 954	-496 504
Omsorgsløn	220 783	195 568	-25 215
Dagsenter Eldre/Demente	2 118 464	1 162 565	-955 899
Støttekontakter Eldre	481 400	795 071	313 671
Tryggleiksalarmer	-	-79 563	-79 563
Korttids- Og Rehab.Avd.	11 565 380	11 636 315	70 935
Felles Natt	14 732 092	16 892 913	2 160 821
Ø-Hjelp Døgnopphald	57 156	23 018	-34 138
Totalt	54 014 370	53 641 141	-373 229

- Mindreforbruket knytt til dagsenter for eldre og for personar med demens er pga. at dei har vore stengt i periodar grunna koronasituasjonen. Og at ein tilsett har vore knytt opp mot koronaarbeid.
- Mindreforbruket i heimetenestene er knytt til utfordringar med å skaffe fagfolk og vikarar generelt. 2 vakante sjukepleiarstillingar vart ikkje besett før i oktober 2021. Dette førte til at

ein over ein lang periode gjekk med lågare bemanning. Dette fører til meirbelastning på dei fast tilsette. Også utfordrande for dei fast tilsette fagpersonane at ein ikkje greier å skaffe fagpersonar ved permisjonar, sjukefråvær og ledige stillingar. Har brukt pensjonistar i innleige som også gir lågare utgifter.

- Støttekontakt eldre har eit meirforbruk dette er knytt til at ein har gitt ein til ein tilbod til personar med demens for å avlaste pårørande. Og at dagsenteret har vore stengt i periodar.
- Personleg assistent mindreforbruk grunna avslutta teneste, dette er redusert for budsjett 2022.
- Andre ansvar har eit stort meirforbruk som felles natt, dette er spesielt knytt til bruk av vikarbyrå (2-3 stk. heile året) og overtid grunna svært høgt sjukefråvære og vakansar. Har for budsjett 2022 fått tilført meir midlar.

Status målsettingar

Desse ulike måla er berre delvis nådd og må arbeidast vidare med i åra som kjem.

Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål	
Mål 1	Kortid/rehabiliterings avdelinga bli ei kortidsavdeling	Tverrfagleg samarbeid mellom avdelinga, institusjonslege, fysio, innsatsteam, heimetenestene, tenestekontoret
Mål 2	Førebygging og tidleg innsats	«Gode pasientforløp» er den raude tråden i arbeidet med førebygging og tidleg innsats. Ein ser gode resultat i tverrfagleg samarbeid mellom heimetenestene og Korttid/rehab, innsatsteam, ergo/hjelpemiddelteknikar, velferdsteknologi, tenestekontoret, demensteam, dagsenter eldre/demente, kreftkoordinator, spesialisthelsetenesta
Mål 3	Utvikle demensomsorg	Tett samarbeid mellom heimetenestene, demensteam, dagsenter for personar med demens, velferdsteknologi. Pårørandeskule, tiltakspakke demens.
Mål 4	Kompetanseheving	Ulike kurs oppsett i årshjulet, e-læringskurs gjennom Veilederen og NHI. Arrangerer interne kurs, fagdagar. Deler kompetanse internt i eininga og på tvers.

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar

- Har vore eit utfordrande år grunna koronapandemien.
- Store utfordringar knytt til å behalde og rekruttere fagfolk (sjukepleiar, helsefagarbeidar), det gjeld også vikarar utan fagutdanning.
- Utfordringar knytt til korleis ein kan møte auken i tal personar med demens. Har vi gode nok tilbod tilrettelagt for den enkelte? Kva med omsorga for dei pårørande til denne brukargruppa.
- Tidleg innsats og førebygging skal bidra til å arbeide for å møte auke i tal eldre
- Har vore utfordrande å gjennomføre kompetansehevande tiltak for dei tilsette. Det vil det også vere neste år. Skal ein ha kurs og liknande må ein leige inn ekstra personell, vanskeleg å skaffe vikarar og det er ein kostnad med det. Eigna lokale å gjennomføre kursing, e-læring er også mangelvare.

- Fagleiarane brukar store delar av tida si til å skaffe vikarar, lønsarbeid og liknande. Dette kan ikkje fortsette, dei må få meir tid til nærleiing og fagutvikling blant sine tilsette. I 2021 har alle leiarane i heimetenestene brukt mykje tid til smittesporing, testing og vaksinering knytt til korona.

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemanning	2019	2020	2021
Tal tilsette	-	107	107
Tal årsverk	-	64,12	64,12

- Har gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette i 2021. Gjennomfører anna kvart år.
- Vart også gjennomført medarbeidarkartlegging i 2021. Resultatet frå denne undersøkinga var stort sett veldig bra, men framleis områder ein bør arbeide vidare med. Dette har ein lagt ein plan for. Svarprosenten var i snitt på ca. 50% fordelt på alle tilsette i eininga. Dette burde ha vore høgare.
- 10-faktor er også gjennomført og bestemt at vi skal arbeide vidare med faktor 7, relevant kompetanseutvikling og faktor 8, Rolleklårheit.

Organisasjonsutvikling

- Vernerunde er gjennomført i lag med verneombod, leiar og bedriftshelsetenesta. Tiltaka som vart sett opp er i gang eller gjennomført både dei som eininga hadde ansvar for og dei som avdeling bygg/ eigedom skulle utføre.

Kompetansehevande tiltak:

- 1 sjukepleiar vidareutdanning kreftomsorg(oppstart haust 2021)
- 1 sjukepleier master akutt klinisk sjukepleie (ferdig vår 2022)
- Ulike e-lærings kurs, her nyttar vi Veilederen
- Fortløpende e-læringskurs knytt til legemiddelhandtering, gjennom NHI
- Har gjennomført 2 fagdagar til alle tilsette, der eininga sjølv arrangerte og gjennomført opplæringa
- Korttid/rehab avdelinga har lærling i år
- Har eit godt samarbeid med tillitsvalte og verneombod, har Mini-AMU fast kvar 6 veke i planen.

Rutine og kontroll

- Avvikshandtering, vore meldt inn 60 avvik i 2021, dei fleste av desse er knytt til fagleg kvalitet, og blitt vurdert fortløpende. Leiarane har hatt litra tid til å arbeide med og legge til rette for dette arbeidet.
- Har ikkje hatt tilsyn i 2021
- Risikovurdering: har gjennomført ei ROS-analyse i 2021 knytt til tilsette som er uvaksinerte

Brukarmedverknad

- Har ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2021, det har ikkje vore mogleg grunna koronasituasjonen

Sjukefråvær

- Har eit lågare sjukefråvær i 2021 i forhold til 2020. Men framleis eit høgt sjukefråvær samla sett i eininga, 9,3 % i 2021 mot 11,3 % i 2020.
- Svært utfordrande å skaffe vikarar med fagutdanning ved sjukefråvære, dette fører til ei ekstrabelastning på dei fast tilsette. I 2021 har det vore vanskeleg å skaffe vikar generelt. Det har ført til at ein i periodar har gått med for lav bemanning.

4.7 NAV Sykkylven og Stranda

Kort sammanfatning av tenesteområdet

- Det kommunale tenesteperspektivet i NAV Sykkylven-Stranda inneholder minimumsløysing etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette inkluderer: økonomisk sosialhjelp, midlertidig bustad, Kvalifiseringsprogrammet, individuell plan, opplysning, råd og rettleiing.
- NAV jobbar med oppfølging av personar som treng bistand til å behalde jobb, eller til å skaffe seg arbeid. Prioriterte målgrupper er ungdom, langtidsledige og flyktningar.
- NAV Sykkylven og Stranda jobbar heilskapleg og på tvers av kommunale og statlege skilje og oppgåver. Kontoret har 12 veiledarar som følgjer opp sine brukarar heilskapleg, uavhengig av hjelpebehov. I tillegg har kontoret ei 1,5 stilling som gjeldsrådgjevar (Sykkylven kommune har 1 av dei årsverka).

Utvikling og utfordringar

- Frå 01.01.21 blei NAV kontoret slått saman med NAV Stranda og Sykkylven kommune blei frå same dato vertskommune for Stranda. Det blei innført ny organisering, med team «skaffe arbeide», «behalde arbeide» og «økonomisk rådgiving».
- Samanslåinga har gjort tenesta mindre sårbar, meir spesialiserte med tanke på ny organisering, og ikkje minst blei det eit større og sterkare fagmiljø.
- Korona har bidrige til at fleire har nytta våre digitale løysingar.
- 2021 har vore tidenes år med tanke på å få folk i arbeide. kr 19 101 185 kr i statlege tiltaksmidlar har vore brukt for å få folk i arbeide og aktivitet. Dette har gitt resultat i forhold til kraftig reduksjon av den kommunale sosialhjelpa og kvalifiseringsprogrammet. Det har vore ein stor måloppnåing med inkluderande rekruttering. Arbeidsløysa var ved inngangen i desember 2021 på 0,9% av arbeidsstyrken.
- Ein har i 2021 sett ei auke i behov for råd og rettleiing, knytt til økonomiske utfordringar og gjeldsrådgiving. Dette er komplekse og krevjande saker.
- 2021 har i stor grad vore prega av korona og tiltak knytt til dette. Men vi har heile tida hatt fokus på å sikre nødvendig oppfølging av brukarar og arbeidsgivarar. At fleire har tatt i bruk digitale løysingar har gjort det enklare å følgje opp under pandemien. På denne måten har vi kunne drifta tilnærma normalt. Alle tilsette har berbare pc og har kunne vore 100% operative på heimekontor, den hybride kvardagen har ikkje vore ei utfording for NAV.
- NAV ser ei auke i unge brukarar med omfattande og samansette utfordringar. Dei har behov for langvarig og tett oppfølging, for å nå mål om arbeid eller aktivitet. I disse sakene er vi avhengig av nær samhandling med helsetenestene, oppvekstsektoren og arbeidsgivarar.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser at NAV har eit stort mindreforbruk kr 1 676 668.

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Avvik rekneskap mot budsjett 2021
404 NAV kommune	4 020 228	4 696 896	-1 676 668
40400 Adm NAV komm Sykk.	2 079 983	2 318 522	-238 539
40401 Pliktig hjelpe/Bidrag Sykk.	1 610 454	2 318 000	-707 546
40402 Skjønsmessige bidrag	-	70 000	-70 000
40403 Kvalifiseringsprogram	370 917	990 374	-619 457
40410 Pliktig hjelpe/Bidrag Stranda	-41 126	-	-41 126

Årsak til mindreforbruket ved NAV skuldast:

- Fastlønn, store delar av året var eine stillinga vakant grunna sjukdom, kr 238 539,-
- Reduksjon i sosialhjelpsutbetalingar, kr 777 546,-
- Reduksjon i deltakarar på Kvalifiseringsprogrammet, kr 619 457,-

Grunnlag/premisser for budsjettet 2022 (tilpass til di eining)

Bemanning	2019	2020	2021
Sosialhjelpe/pliktig bidrag	2 138 000	2 318 000	2 318 000
Kvalifiseringsprogrammet (KVP)	2 586 000	2 415 000	990 374

Status målsettingar

	Målsetting	Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Berekraftsmål 1: «Utrydde fattigdom»	Gjennomført mål om at ingen barnefamiliar skal ha sosialhjelp som hovudinntektskilde
Mål 2	Berekraftsmål 8: «Anstendig arbeid og økonomisk vekst»	NAV har bistått arbeidsgjevarane med å skaffe arbeidskraft. Dette har også ført til at mange brukarar har gått over i lønna arbeid
Mål 3	Redusere utanforskap for dei under 30 år.	Andel arbeidssøkjarar under 30 år med overgang til arbeide, var for 2021 på 88%.

Oppsummering tiltak og kommentar frå einingsleiar

At NAV har hatt eit mindreforbruk for 2021 skuldast i hovudsak følgjande:

- fått folk ut i arbeid
- statleg side fekk midlar til koronastilling i 2021
- Statlege ytingar som dagpengar og arbeidsavklaringspengar blei forlenga grunna koronasituasjonen.

NAV hadde på statleg side tilført ekstra stillingar knytt til korona samt eit unormalt stort tiltaksbudsjett. NAV Sykkylven-Stranda brukte i 2021 kr 28 848 040 kr på arbeidsretta tiltak for å få folk i arbeide. Tiltaksmiddlar, lav arbeidsløyse og ekstra bemanning ved NAV gjorde fleire med nedsett arbeidsevne gjekk ut i arbeid i 2021.

Kvalitet og internkontroll

Personell

Bemannning	2019	2020	2021
Tal tilsette	2,5	2,5	2,5
Tal årsverk	-2,5	2,5	2,5

Det er gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette. NAV gjennomfører ikkje 10-faktor fordi NAV har eigne medarbeidar undersøkingar på statleg side som femner om alle tilsette. For 2021 vart det gjennomført 2 undersøkingar, grunna situasjonen med korona og stor grad av heimekontor. I etterkant av undersøkingane er det utarbeidd mål og tiltak for å oppretthalde høg skåre.

Organisasjonsutvikling

NAV kontoret flytta inn i nye lokale 01.11.21. Vi gjennomførte difor ikkje vernerunde i 2021.

Kontoret har MBA (medbestemmelsesapparat) som bestå av leiar, 2 tillitsvalte og verneombod. Vi har faste møter gjennom året.

NAV har hatt mål om *påliteleg forvaltning, betre brukarmøter og klart språk*. I den anledning er det gjennomført fleire opplæringstiltak knytt til desse målsettingane. Kontoret er i stor grad opptatt av å nytte grupperettleiing som metode for utvikling av gode tenester.

Rutine og kontroll

Kontoret har i 2021 hatt gjennomgang og evaluering av følgjande planar: Beredskapsplan, branninstruks, lokal sikkerhetsinstruks samt prosedyre for vald og truslar.

Knytt til ovannemnde var det gjort risikovurderingar.

Brukarmedverknad

Lokalkontoret har ikkje eige brukarutval, det er ikkje lokalt gjennomført brukarundersøkingar.

Sjukefråvær

Kommunalt tilsette ved NAV hadde eit Sjukefråvær på 6.5%.

5. Tekniske tenester

5.1 Kort sammafatning av tenesteområdet

Tekniske tenester består av 8 ulike fagområde; plan, byggesak, geodata, miljø/viltstell, landbruk, brann/redning, byggvedlikehald og veg/anlegg/park. Alle desse er under kap. 1.6 i driftsbudsjettet. Eininga har totalt 28 tilsette (brannkorpsset her ikke medrekna) fordelt nokså nær 50/50 på kvinner/menn, men likevel slik at kvinnedelen i all hovudsak er knytt til byggvedlikehald/reinhold. I tillegg til arbeid innan driftsbudsjettet sitt kap. 1.6, nemnast arbeid innan investeringsdelen, eksv. for år 2021: Sentrumsskulen (ansvar 17002), Veg Storgata/SE (ansvar 17004), Veg Meieridalen (ansvar 17015) og Sentrumsutvikling/busstopp (ansvar 19006).

5.2 Plan; arealdelen (ansvar 60200):

I 2021 har det vore ei stor arbeidsmengde knytt til detaljreguleringsplanprosessar i kommunen. I alt 21 planprosessar har vore pågåande dette året. Den eldste var oppstarta i 2017. Dei fleste av planprosessane føregår innanfor kommunedelplan for Nysæterområdet og kommunedelplan for Sentrum-Ikornnes. Av dei 6 reguleringsplanane som vart eigengodkjent i 2021 var 4 av dei fritidsbustadplanar og 2 bustad/næringsplanar i sentrum. Dei tre oppstarta reguleringsplanane i 2021 var alle knytt til utvikling av fritidsbustadområder ved Nysætervatnet. Talet på oppstarta planar var litt lågare enn dei føregåande åra og talet på godkjente planar vesentleg høgare.

Det har i 2021 ikkje vore spesielle utfordringar på reguleringsplanområdet. Det har vore ein stor saksmengd, noko som har resultert i at blant anna Detaljregulering for Grebstadvegen er blitt nedprioritert til fordel for private planforslag. Dette har vore i samråd med einingsleiar teknisk. Det tar tid å gjere grundig gjennomarbeiding og gje gode og konstruktive tilbakemeldingar til planforslag. Saksbehandlar har prioritert dette i staden for å pushe planprosessane gjennom systemet på kortast mogleg tid.

5.3 Plan; samfunnsdelen (ansvar 60200):

Utarbeida eigen berekraftsrapport for kommunen, basert på KPI-kartlegginga.

Samfunnsplan – innhente grunnlagsdokumentasjon/medverknad 1.halvår. Arbeid med planutkast 2.halvår.

Prosessens omkring kaiområdet ført fram til kommunestyrevedtak om samarbeid om utvikling Løypeplan ut på 2.høyring

Prosjektplan for ny park i sentrum.

Starta felles plan for Storfjorden, i samarbeid med Fjord og Stranda.

Laga ny Forvaltningsplanar for dei statleg sikra friluftsområda.

Søkt statsmidlar til ny parkering på Erstad og tilskot til badepllassen på Sætre

Deltaking i omstillingsprosjektet - næringsvennleg kommune

Målsetting etter vedteken planstrategi og medverknad via høyring og innspelsfase.

5.3 Byggesak (ansvar 60201):

Innkomne saker 2021:

Byggesøknadar	98
Dispensasjonssøknadar	23
Søknadar om midlertidig bruksløyve eller ferdigattest	61
Andre registrerte saker	52

I januar og februar hadde ein ei 100% stilling som fagleiar, ei saksbehandlarstilling på om lag 50% og ei rådgjevarstilling på om lag 50%. Rådgjevarstillinga sto vakant frå mars og ut året. Saksbehandling og registrering av bygningar vart prioritert. Vi klarte å overhalde saksbehandlingsfrist for om lag 50% av søknadane. Tilsyn vart nedprioriterte. Det vart ikkje utført tilsyn i løpet av året. Rettleiing vart fylgt opp etter behov/etterspurnad.

Utvikling og utfordringar: Ein hadde utvikling på tenesteområdet, då ein i løpet av året kom i gang med føring av bygg i kart (sentral-FKB). Dette innebere at bygningar teiknast slik dei er søkt og vil visast som komande bygg i kart etter kort tid. Dette gjeld bygg både i tiltaksbasen (planlagde bygg) og bygningsbasen (ferdig oppførte bygg).

Kommentar til status økonomi

Det vart fakturert saksbehandlingsgebyr for totalt kr 616 874. Kommunen mista totalt saksbehandlingsgebyr på grunn av overskriden frist på kr 158 305.

Tilsetting i rådgjevarstillinga kring 1. februar 2022 vil bidra til å få ned delen av tapte gebyr for 2022.

Status målsettingar

Målsetting		Gjennomførte tiltak for å nå mål
Mål 1	Klare lovpålagde saksbehandlingsfristar	Tilsetting i rådgjevarstilling vil bidra til å prioritere dette
Mål 2	Oppretthalde høg kvalitet og tempo i saksbehandling	Det er lagt ned mykje arbeid i å få på plass gode standardtekstar. Desse bidreg i vesentleg grad i vidare arbeid.
Mål 3	Gjennomføre tilsyn etter strategiplan	Tilsetting i rådgjevarstilling vil bidra til å prioritere dette.

- Mål 1: Klare lovpålagde saksbehandlingsfristar. Tilsetting i rådgjevarstilling vil bidra til å prioritere dette.
- Mål 2: Oppretthalde høg kvalitet og tempo i saksbehandling. Det er lagt ned mykje arbeid i å få på plass gode standardtekstar. Desse bidreg i vesentleg grad i vidare arbeid.
- Mål 3: Gjennomføre tilsyn etter strategiplan. Tilsetting i rådgjevarstilling vil bidra til å prioritere dette.

Tenesteområde: Bygesak Mål/indikator		Status landet	Status Syklyven	Ynskt nivå 2020	2021
Objektiv kvalitet					
1	Kor mange prosent av bygesøknadar vert handsama innanfor frist?	90,6% (2017)	86,7% (2017)	>85%	43,9%
2	Kor mange prosent av bygesøknadar vert oppheva eller endra av Statsforvaltaren?		0%	0%	0%
3	Kor mange prosent av bygesøknadar har kommunen tilsyn med?		4,8% (2016)	>5%	0%
	Opplevd kvalitet (Spørjeundersøking med skala frå 1-6)				
1	Kor nøgd er du med kvaliteten i sakshandsaminga?	4,6 (2019)	4,5 (2019)	4,6	

2	Kor nøgd er du med moglegheita for timeavtale?	4,7 (2019)	4,8 (2019)	4,7 (2019)	
3	I kva grad stoler du på at byggesakskontoret held det dei lovar?	4,7 (2019)	4,7 (2019)	4,7 (2019)	

Redusert kapasitet frå mars til og med desember er hovudårsak til at resultata på 2 av 3 delmål var under ynskt nivå.

5.4. Geodata / oppmåling (ansvar 60202):

Det vart i 2021 avholdt 60 oppmålingsforretningar og ut av det oppretta 51 nye eigedomar.

11 saker vart avslutta etter første frist og i desse sakene vart gebyret i fylgje reglane redusert med ein tredel.

Det vart i 2021 innført samtidig oppdatering av matrikkelopplysninga og kartinformasjon ved bruk av direktekoppling til statens kartverk gjennom «Sentral-FKB». Dette gir oss moglegheit til å endre kartbiletet samtidig som vi oppdaterer nye bygg, eigedomsgrenser i matrikkelen (Noregs system for registrering av eigedomsinformasjon). I tillegg kan arealbruksgrenser (landbrukskart) og vegar samt veglenker registrerast og distribuerast til andre nasjonale brukarar i løpet av eit døgn. Veglenker vert sett på som eit viktig datasett da dette vert nytta som bakgrunn for navigasjonssystem for naudatataane så vel som private.

Sentral-FKB vert sett på som eit vesentleg steg i rett retning for landets kommunar og Sykkylven kommune er, på tross av for lav bemanning, i god posisjon.

Adressering for hytteområda kring Nysætervatnet er ynskt, men fram til no ikkje å kunne prioritere.

5.5 Miljø (ansvar 60210):

Utgjer i utgangspunktet ei 50% stilling. For år 2021 45 % stilling (50 % av 90 %; 10 % permisjon), der 90%-delen er delt 50/50 med landbruk.

Området var i år 2021 prega av redusert ressursbruk, noko som t.d. medverka til at Energi og klimaplanen vart/er forsinka. Dette arbeidet er no oppstarta via innleige, tenkt finansiert via reduksjon i dei faste lønnsutgiftene.

Elles er arbeidet med utsleppsaker eit jamt vesentleg arbeidsområde, både større fellesanlegg og private enkeltanlegg.

Som eigen tilleggsdel kjem arbeid knytt til Vilt- og innlandsfiskenenemnda, her inkludert sekretærfunksjonen.

5.6 Landbruk (ansvar 60212):

Landbrukskontoret hadde følgjande bemanning i 2021:

Jordbruksjef	100 %
Rådgjevar	45 % (delt stilling 50/50 med miljø)
Skogbruksjef (felles med Stranda)	30 %

Arbeidsoppgåver:

- Sakshandsaming etter jordlova, konsesjonslova og skogbrukslova.
- Tilstkotsforvalting, derunder produksjonstilstkot og avløysartilstkot ved ferie og fritid (PT), regionalt miljøprogram (RMP), tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), tilskot til organisert beitebruk (OBB), tilskot til tiltak i beiteområde, dreneringstilstkot, avløysartilstkot ved sjukdom, samt tidlegpension for gardbrukarar.

- Medverknad i kommunal plan- og reguleringsarbeid. Utsegner til dispensasjons- og byggesaker i LNFR-område.
- Sakshandsaming etter forureinings-lova, bl.a. gjødselforskrifta, bakkeplanering og nydyrkning.
- Næringsutvikling og rettleiing i IBU-saker (midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket). Førstelinjeteneste for Innovasjon Norge i samarbeid med Sykkylven næringsutvikling.
- Ajourhald av Gardskart og landbruksregisteret.
- Skogbruksforvalting, t.d. skogfondsake, skogplanting og landbruksvegar.
- Vilt- og fiskeforvalting.
- Kontroll av bu- og driveplikt.

Kommunen har ansvar for formidling og sakshandsaming av dei fleste økonomiske verkemidla i landbruket. Dei viktigaste av desse er regelbundne og rettigheitsbaserte, og kommunen sin rolle her er rettleiing, sakshandsaming, kontroll og klagebehandling, mens fastsetjing av reglar og utmåling av tilskot skjer i andre organ (jordbruksoppgjeren, landbruksdirektoratet og statsforvaltaren). I 2021 vart det behandla 131 tilskotssaker i kommunen.

Nærings- og utviklingsutvalet har delegert mynde til å behandle saker som fell innunder landbruket sitt ansvarsområde. Frå starten av 2004 gjeld dette i hovudsak enkeltsaker etter jordlov og konsesjonslov, og føresegner som er knytt til desse. I 2020 vart 13 saker behandla politisk og 67 (225) saker administrativt.

For skog har det vore aktivitet i 2021 på avverking av tømmerskog, og veldig høg aktivitet på skogfondet for vegbygging og skogplanting/skogkultur.

Utfordringar

Sykkylven og Stranda kommune kjem frå hausten av til å danne eige veterinærvaktdistrikt. I innstilling til det nye vaktdistriktet vart det frå veterinærane i både Stranda og Sykkylven kommune, samt Ålesund og Giske kommune, sett krav om at det skulle vere minimum 3-delt vakt for å redusere arbeidsbelastninga. I Sykkylven/Stranda praksisdistrikt er det per i dag kun 2 veterinærer. Utfordringa begge kommunane står ovanfor er at det per i dag ikkje er næringsgrunnlag for ein tredje veterinær slik distriket er organisert i dag. Det manglar per i dag ein veterinær for å få til ein 3- delt vaktordning frå hausten 2022. Det er kommunen sitt ansvar å sørge for tilstrekkeleg tilgang på veterinærtenester og veterinærberedskap. Kommunen bør difor setje i verk tiltak for å sikre tilsetting av ein tredje veterinær.

Det er forventa at tal mjølkprodusentar vil gå ytterlegare ned i løpet av dei neste 10 år då mange produsentar ikkje har etterkommarar som ønskjer å drive produksjonen vidare, samt at kravet om overgang til lausdrift innan 2034 med stor sannsyn vil fremje ein avvikling av drifta på fleire gardar.

På grunn av fråvære og låg bemanning, har det vore lite tid til ajourføring av Gardskart og Landbruksregisteret. På lik linie med andre fagområde er landbrukskontoret sårbar ved fråvær.

Måleindikatorar

- Sakshandsamingstid lovsaker: < 8 veke – status = ca. 66 %. (Skyldast i stor grad at jordlovssaker ofte blir feilarkiverte, samt at mange av desse sakane også krev dispensasjon etter pbl., noko som forlenger sakshandsamingstida).
- Sakshandsamingstid tilskot (SMIL, drenering): < 6 veker – status= 95 %

- Uttaletid i andre saker < 3 veker – status =100 %
- Ajourføring Gardskart – status = 65 % (pga. for lite kapasitet)
- Fråvær av vedtak omgjort av Statsforvaltaren – status = 100 %

5.7 Brann og redning (ansvar 60230 / 60231 / 60232)

Brann-, rednings- og feieavdelinga har 0,3 årsverk som brannsjef/leiar forebyggande, 1,0 årsverk leiar beredskap og 1,0 årsverk som branninspektør/feiar. Utover dette er det 25 deltidstilsette (2,02 % stilling) i brannvernet.

Mål for 2021.

- Brannsyn i utvalde særskilte brannobjekt.
- Feiing av piper etter vedteken plan.
- Utvikle brannvesenet til å kunne fungere godt under utrykking og førebyggande innsats.

Det er valt mål og indikatorar for ønska nivå/oppnådd kvalitet.

- Brannkontroll og tilsyn i bustad for utsette grupper: Ikkje utført grunna korona.
- Opplæring førebyggande brannvern 6.klasse: Ikkje utført grunna korona.
- Feiing utført i samsvar med mål. Utrykkingstid er i samsvar med forskriftskrav.

Tal på uttrykkingar:

2017	2018	2019	2020	2021
65	69	84	95	99

Tal saker	Årsak	Tal saker	Årsak
44	Unødige uttrykkingar	5	Trafikkuhell
5	Brannar i bygning, båt, konteinrar	1	E-call frå bil
3	Branntilløp	14	Bistand helse
3	Bilbrann	1	Vasskade / restverdireddning
1	Akutt forureining	16	Anna assistanse
4	Pipebrannar	2	Personar på is

Økonomi

Rekneskapen viser for brannvern eit meirforbruk på kr 727.000. Av dette utgjer pensjonspremie kr 484.000. Feiing viser eit mindreforbruk på kr 26.000. Netto driftsutgift til brannvern og feiing er samla kr 950 pr innbyggjar.

Brannmannskapet

Brannmannskapet har gjennomført det som har vore mogleg i koronatida av opplæring/øvingar etter oppsett plan. I dette ligg lovpålagte øvingar for røykdykkerar. PLIVO - fellesøving politi, brann og ambulanse.

Opplæring / informasjon / brannførebyggjande arbeid. Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre dei faste årlege forebyggande tiltak grunna korona

Brannsyn

Det er ikkje kjøpt tenester til gjennomføring av brannsyn i 2021 og det har ikkje vore kapasitet til dette i eigen regi. Korona har ført til at førebyggande tiltak ikkje har vore mogleg å gjennomføre.

Ifølgje kommunen si brannordning skal det vere eitt årsverk som varabrannsjef / leiar førebyggande avdeling.

Feiing

Feiing vart utført i 552 bustader av dei 841 som fekk varsel.

Utstyr og materiell

Ny tankbil for sløkkjevatn er bestilt; levering 2022/23.

Det har blitt gjennomført service og kontroll av bilar. Pumpemateriell og røykdykkerutstyr er kontrollert. Personleg verneutstyr som har tidsavgrensa godkjenning er erstatta.

Utfordringar

- Lovverket set krav til gjennomføring av tilsyn i særskilte brannobjekt. Med tilgjengelege ressursar er det ikkje mogleg å oppfylle lovkrav.
- Brann- og eksplosjonsvernlova legg opp til dimensjonering og organisering av brannvernet basert på grunnlag av vurdert risiko og sårbarheit. Det er gjennomført ROS-analyse. Nødvendige ressursar innan førebyggande brannvern er ikkje på plass. Det skal brukast minimum 0,8 årsverk til brannførebyggjande arbeid. I budsjett 2021 vart det ikkje prioritert midlar til å oppfylle forskriftskrav.

5.8 Byggvedlikehald / bygg og eigedom (ansvar 60240 / 60241)

Avdelinga omfattar leiar i delt stilling, driftsleiar/vaktmeister 1,0 årsverk, vaktmeistrar 2,0 årsverk og reinhaldarar 11,7 årsverk. Samla bruksareal er om lag 40.800 m².

Lokale / eigedomar:

4 barneskular	Barne- og familietenestene	Sykylven brannstasjon
Ungdomsskule / opplæringssenter	Kommunehus / servicetorg	Sykylven legesenter
4 barnehagar	Sykylven kulturhus	Psykisk helseteam (leigd)
Sykylven bu- og aktivitetssenter (BUAS)	Sykylven symjehall Aure	Biblioteket (leigd)
	Sparebankbygget (bibliotek)	Haugbukta Dagsenter (leigd)

Økonomi

Rekneskap for forvalting, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar innanfor teknisk etat viser eit meirforbruk kr 100.000 av eit budsjett på kr 20,2 mill eks avkrivingar.

Utgifter til vedlikehald er om lag kr 60 pr m². Statsbygg si anbefaling til vedlikehald er kr 170 pr m²..

På dette samanlikningsgrunnlag brukar kommunen totalt kr 4,5 mill mindre enn annbefalt til vedlikehald. I budsjett var det ikkje kompansert for prisauke; det har vore tilsvarande i budsjett dei ti siste åra. Med kjøp av varer og tenester for 12 mill. er konsekvensen redusert nivå på drift og vedlikehald. Det er ikkje mogleg å effektivisere for slike beløp.

Overordna målsetting

Forvalte, drifte, vedlikehalde og utvikle kommunale bygg og eigedomar til beste for både brukarane og kommunen som eigar. Arbeidsmål.

- Drive forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av kommunale bygg og eigedomar innanfor vedtekne budsjetttrammer.
- Utføre eit planmessig forebyggande vedlikehald.
- Yte tenester i samsvar med serviceerklæringer.

Det er valgt mål og indikatorar for ønska nivå/oppnådd kvalitet.

Responstid på henvendingar og meldte driftstiltak: Oppnådd resultat er vurdert å vere i samsvar med planlagd nivå.

Etablere vedlikehaldsplanar: Det er kjøpt inn system for lettare å utarbeide vedlikehaldsplanar.

Første planar inneverande år.

Reinhaldstenester

Organisering av reinhaldet i ei felles gruppe er med å redusere vikarbruken ved Sjukefråvær. Ved 1/3-del av bygningsarealet er det drift 52 veker i året. Her er det absolutt nødvendig med vikarbruk ved ferieavvikling. Reinhalde er basert på prinsipp om behovsprøvd reinhald ut frå fastlagde kvalitetsmål.

Årleg hovudvask er prioritert for skular og barnehagar. Ved institusjonsrom og leiligheter føretek ein nedvask før nye flyttar inn. Ved administrasjonslokale og fellesareal i institusjonar vert det planlagd med nedvask kvart fjerde år.

Ein opplever i svært varierande grad forståing for at økonomi/ressursar til reinhald er så nedpint at det har konsekvens for frekvens og tidsbruk. Dette medfører frustrasjon blant brukarane og stor belastning for reinhaldarar og driftspersonell.

Vaktmeistertenester og vedlikehald

Ut frå talet på bygg og disponibel ressurs har ein ikkje funne det tenleg å ha faste personar på dei enkelte bygg. Einingane melder inn behov for tenester via epostadressa vedlikehald@sykkylven.kommune.no Denne ordninga har vore i drift i 10 år og fungerer godt. Brukarane er flinke til å skilje mellom hastesaker og andre saker. Innmelding via epost gjer avdelinga i stand til å planlegge arbeidet og koordinere tiltak for å utnytte ressursane best mogleg.

Det vert gjennomført faste periodiske kontrollar av bygning, uteområde med leikeapparat, gjerde, portar m.m. Det føreligg faste avtalar for internkontroll/periodisk tilsyn med tekniske anlegg. Noko vert utført som eigenkontroll. Det er døgnbetjent vakttelefon. Dette er viktig ved akutte hendingar kveld og helg som krev rask handling.

Vaktmeisterressurs pr m² er svært lav samanlikna med anbefalingar frå m.a Statsbygg og fylkeskommune.

Kommunen som eigar og uteigar av bygg skal oppfylle myndigheitskrav. Vår oppgåve vert å halde bygga i ein slik stand at dei oppfyller krav og er tenlege for tiltenkt bruk. At det er samanheng mellom avdelinga sin driftsplan innanfor vedtekne økonomiske rammer og kva tenester ein kan utføre verkar vanskeleg å nå ut med til brukarane. Brukarane har naturleg nok stor fokus på brukartenester. Vår oppgåve er også å halde bygga i slik stand at dei oppfyller krav og er tenlege for brukarane.

Avsette midlar i driftsbudsjett rekk knapt til å halde eksisterande bygg og anlegg i dagleg drift ved å utbetre det som går sundt. Førebyggande vedlikehald og tilpassingar ved endra behov er det ikkje midlar til. Kommunen får det ein betalar for og dagens ressursar til vedlikehald medfører at bygningsmassen forfell og kommunen sine verdiar vert gradvis redusert. Tidspunkt for total rehabilitering eller sanering vert flytta nærrare i tid. Med dagens ressursbruk til drift og vedlikehald maktar ein ikkje å oppfylle myndigheitskrav. Det vert nytta for lite tid og ressursar både til intern drift/HMS/administrasjon av avdelinga og reine vedlikehaldsoppgåver.

Utfordringar i år som føregåande år vert å halde bygga i ein slik stand at dei kan nyttast til tiltenkt bruk og oppfyller krav i lov og forskrift.

5.9 Kommunale vegar og parkar (ansvar 60260 / 60270)

Vegvedlikehaldet omfattar godt 100 km kommunal veg.

Det vart i år 2021 gjennomført ny konkurranse i høve vintervedlikehaldet for åra 2021-2026. Tre firma fekk kontrakter:

Rode	Kvar	Firma
Rode 1	Hundeidvika/Tusvika	Klokkehaug Maskin AS
Rode 2	Straumgjerde/Ytre Jarnes	Klokkehaug Maskin AS
Rode 3	Velledalen	Hole Maskiner AS
Rode 4	Fjellsæter/Fausa	Hole Maskiner AS
Rode 5	Myrebakken/Tynes	Hoku Anlegg AS
Rode 6	Myrebakken//Haugset/Aurdal/Aursnes	Klokkehaug Maskin AS
Rode 7	Ramstaddalen/Søvikdal/Løvold	Sykkylven Maskin AS
Rode 8	Gang/sykkelvegar	Klokkehaug Maskin AS

Det vart gjort ei ekstra utlysing for å auke konkurransen/ mengda av tilbydarar, men det gav ikkje ynskt effekt.

Med elles like tilhøve som sist kontraktsperiode, vil dei nye kontraktane gi høgare årskostnader. Alt likt t.d. med sesongen 2020/2021, så vil sesongen 2021/2022 verte ca. kr 840.000 dyrare enn 2020/2021-sesongen.

For snøbrøytingsavtalane (avtalar med andre firma) vart det i år 2021 nytta kr 2 185 348 (ref. ansvar 60260 – post 12410). Budsjettløyvinga var på kr 1 105 000, dvs. berre for denne posten eit meirforbruk på kr 1 080 348 av det totale meirforbruket for området ca. 1,6 mill.

Avdelinga har i 2021 lagt større vekt på å auke eigen del av vedlikehaldet. Dette er mogleg pga. meir/forbetra utstyr, eks. veghøvel, hjullastar, gravemaskin og lastebil. Kvalitet og gjennomføring på kantklipp har vorte vesentleg forbetra. Eige feieutstyr har også gjort vegane/plassane vesentleg meir ryddige, enn slik det var med utføring via innleige av operatør nokre dagar vår.

I høve budsjett, kan innsparingar kome av redusert standard, ev. og noko ved nedlegging av kommunale vegar. Arbeid med dette er ikkje gjennomført, heller ikkje under gjennomføring.

Kommentar til status økonomi

Regnskapsresultatet for 2021 viser eit samla meirforbruk for kap. 1.6 på kr 2 651 195, som gir ein forbruksprosent på 104,63 %.

Ca 1,6 mill. av meirforbruket er knytt til kommunale vegar (ansvar 1.60260) og ca. 0,8 mill. til brann/redning (ansvar 1.60231, sjå omtale i eige kapittel). Kr 140 156 (ansvar 60271 – Friluftsområde Nysætra) kunne ha vore dekt via bruk av fond; utbyggingsavtalane.

Strukturen/nivået i driftsbudsjett for år 2022 er lik struktur og nivå for driftsbudsjett 2021, slik sjansane for eventuelt meirforbruk også for år 2022 er uendra.

5.10 Status målsettingar

For mål / indikatorar har ein nytta seg av målkorta utarbeidd 2019/2020, ref. prosjekt via KS konsulent. Der har kvart område definert mål og kriterium for sitt arbeid, jamfør meir om dette under omtalen knytt til deler av fagområda.

Oppsummering tiltak/kommentar til drifta frå einingsleiar

Tekniske tenester er utadretta og sårbar m.o.t. værtihøve og kostnader på kjøp av varer og tenester som ikkje er internt styrbare.

Tekniske tenester har fleire fagområde med få (ein) tilsett, og er derfor også utsett ved fråvære, permisjonar, skifte av stilling mv.

Vanskar med kvalifiserte søkerar gjorde t.d. at ei sakshandsamarstilling vart ståande ledig i store deler av året (mars 2021 – januar 2022).

Tekniske tenester har med referanse til tiltak i investeringsbudsjettet, i utgangspunktet ikkje personell til prosjektgjennomføringa. Dette arbeidet vert gjort som tillegg til, og innimellom, dei løpende driftsoppgåvene. Dette gir mindre gjennomføringsevne enn ønskt.

5.11 Kvalitet og internkontroll

10-faktor undersøking er gjennomført og resultata har vore til drøfting i personalgruppa. Ikkje større endringar i høve tidlegare måling, men likevel vurdert «sunt» med jamleg gjennomgang av ulike kvalitetsfaktorar.

Det vart mai 2021 saman med verneombod gjennomført vernerundar for «utestaben» og brannkorpsset. For tilsette på rådhuset, inngår desse i det samla verneområdet for alle rådhustilhøyrande. Covid-midlar har her gjort det mogleg med t.d. nye vindauge og ny, forbetra solskjerming.

Manglar påvist ved vernerunde har elles vore prøvd, og vil verte prøvd, innarbeidd i komande årsbudsjett. Noko kan/kunne forbetraast via endring av rutine.

Covid19 har medført separering av arbeidsgrupper og utstrekkt bruk av heimekontor. Covid19 har også gitt lågare terskel for fråvære pga. mogleg smitte, samt generell auka fråvære pga. konsekvensar/smitte hjå andre, t.d. barnehagar.

Sjukefråvære har for år 2021 vore aukande med eit snitt 2. halvår for tete for år 2021 på 8,4 %, for desember 2021 på 10,1 %. Samla år 2019 på 7,4 % og for år 2020 på 5,8 %.

6. Omstettingsprogram og SNU

6.1 Omstettingsprogrammet

Sykylven kommune fekk i 2021 omstettingsstatus – dette betyr seks år med ekstraordinær innsats for næringsutvikling gjennom det som kallast eit omstettingsprogram. Den ekstraordinære innsatsen er eit spleislag mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune, Sykylven kommune og Sykylven Industri- og Næringslag. Totalt er det satt av 32,4 millionar kroner til omstettingsarbeidet over ein periode på 6 år. Av det bidreg Møre og Romsdal fylkeskommune med omlag 24 millionar og Sykylven kommune og Sykylven Industri- og Næringslag med omlag 8,4 millionar kroner. I tillegg er Innovasjon Norge med å delfinansierer ein del sentrale prosjekt/verktøy som kan tas i bruk i omstettingsprogrammet.

Kommunen har omstettingsstatus frå 2021 til og med 2026, og i denne perioden har vi satt oss eit mål om å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar i Sykylven.

Det er eit ønske om å utvikle ei breidd i næringslivet i Sykylven, for å redusere den sårbarheita som kjem av ein einsidig næringsstruktur. Samtidig er et eit ønske om å bidra til eit meir robust næringsliv som er berekraftig inn i framtida. Difor vil omstettingsprogrammet bidra til å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Omstettingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Det er valt fire prioriterte innsatsområde i omstettingsplanen:

1. Skaparglede i næringslivet
2. Opplevingsnæringer
3. Samarbeid og nettverk
4. Attraktive Sykylven

2021 var oppstartsåret for omstettingsprogrammet i Sykylven, og hovudfokuset har vore å sette i gong aktivitetar som gitt i handlingsplanen for 2021. Oppsummert har omstettingsprogrammet i 2021 støtta 13 utviklingsprosjekt i frå næringslivet, og igangsett 8 større aktivitetar, av dei to store program for næringslivet spesielt og eit for kommunen som tilretteleggjar for næringslivet. Totalt har omstettingsprogrammet bidrege til å sikre 4 arbeidsplassar og skape 7 nye arbeidsplassar i 2021. Vi gler oss over at næringslivet har sikra og skapt totalt 11 arbeidsplassar, det var nære målet på 15, godt jobba!

Omstettingsprogtammet har levert eiga årsmelding for 2021 og denne er vedtatt av kommunestyret den 14.02.22.

6.2 Sykylven Næringsutvikling - SNU

Sykylven Næringsutvikling AS er kommunen sitt næringsselskap, organisert i eit aksjeselskap med kommune og industrilag som hovudeigarar. Formålet er å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemد i Sykylven.

Kommunal næringsstrategi tar utgangspunkt i samfunnsplanen og definerer innsatsområde for næringsavdelinga.

SAMFUNNSPLANEN peiker ut tre sentrale arbeidsområde:

- 1) Entreprenørskap og nyskaping
- 2) Vekst og utvikling i eksisterande næringsliv
- 3) Tilrettelegging for nyetableringar

NÆRINGSSTRATEGIEN har hatt fire satsingsområde:

- 1) Robust næringsstruktur og berekraftig utvikling
- 2) Tilflytting og bulyst
- 3) Infrastruktur og velfungerande kommunikasjonar
- 4) Regionalt samarbeid og omdøme

Styret sin strategiprosess hausten 2021 konkluderte med at selskapet framover skal vere ein katalysator, drivar og koordinator for viktige satsingar for lokalt næringsliv og legge til rette for og dra nytte av samarbeid med regionale miljø spesielt innan teknologi og reiseliv.

Sykylven Næringsutvikling skal ha etablert ei industriklyng for teknologiutvikling i samarbeid med lokalt næringsliv og relevante samarbeidspartnarar regionalt og nasjonalt. Selskapet skal jobbe for å sikre langsiktig og forutsigbare rammevilkår for drift av selskapet.

Omstillingsperioden varer i inntil seks år, med midlar til auka aktivitet og tilrettelegging av bistand til lokalt næringsliv. For å ivareta felles behov i næringa vil Sykylven Næringsutvikling i perioden prioritere å jobbe for etablering av strategiske satsingar som bidreg til betre rammevilkår for bedriftene framover, også etter at omstillingsperioden er over.

2021 blei eit heilt år med pandemi, restriksjonar og nye støtteordningar, og ein god del forandringar. Det blei vedtatt å realisere planane om ny møteplass, cowork og gründeri, som har fått namnet SkaparLINKEN. I kommunen sitt bygg midt i sentrum starta rinvningsarbeidet på forsommaren, og etter flere forseinkinger flytta SNU inn i nesten ferdigstilte lokale på slutten av året.

SkaparLINKEN skal vere ein lokal møteplass for gründarar, bedrifter, kommune, eldsjeler, skule, besökande og dei som treng eit fellesskap for å arbeide ilag med andre. Sykylven Næringsutvikling driftar møteplassen, som skal vere ein arena for nyskaping, kompetanse- og erfaringsutveksling.